# JUL 40 ÅR ETTER

# JULEHEFTE

# FOR VOSSARUSSEN 1950



VOSS OFF.
LANDSGYMNAS
1950

# Verda er vid, men Voss er vidare

## *Nokre minne frå tida på Voss off. landsgymnas 1946 - 1950*

I byrjinga av november 1989 fekk eg eit brev frå vossingen Per Tveit, der dette var noko av innhaldet:

”Kjære alle saman!

Underleg nok er det til våren 40 år sidan me vart russ. Difor skal det haldast ein stor minne- og jubelfest på Voss 8. og 9. seeptember. Når me kjem dit skal me snakka mykje. Likevel kan me ikkje få høyrt eller sagt på langt nær alt me ville. – Difor tykkjer eg me bør gi ut eit julehefte, der me fortel kvarandre om det som har hendt dei siste 40 åra.
Er det ein god idè at alle skriv litt om gymnastida på Voss?” (Bidraga ville han samla i eit julehefte.)

I svaret eg sende han stod det mellom anna:

”Kjære 1950-russ!

Det gav ei rar kjensle å lesa ”skrivet” til Per. Person etter person steig fram frå namnelista og knytte til seg andletsdrag, minne og kjensler. Bilete som ligg langt attende i tida og som likesom høyrer til i ein annan tidsalder.
Med meg har mykje hendt i mellomtida. Skal tid mælast i oppleving heller enn i månader og år har eg alt levd lenge. Det har vore eit stort privilegium. Ikkje slik at alt har vore ”godhende,” langt derifrå, men fordi mykje menneskeleg er blitt meg kjent. Livet har vore ein rik, men hard læreprosess. Eit utgangspunkt var at eg ein augustdag 1946, medan rektor las resultatet av opptaksprøva, sat gøymd attom eit tre i Prestegardsmoen. Det var mykje manglande sjølvtru å lappa på, mange mentale sperrebommar å klatra over, mange ”Jantelovske” haldningar å slåss med, og mykje falsk ”bygdetryggleik” å gi avkall på før ein kunne leggja nokre sprengde grenser bak seg, og leva ut noko av det som bur lengst inne.
Til det har eg hatt god hjelp. Ikkje minst ei utruleg kone som heiter Birgit. Gjennom 35 år har eg freista å tyna henne med argument mot sider ved livet ho har sett, og eg ikkje. Heldigvis har eg vore mykje på vikande front. Dessuta har eg fem born(to jenter, tre gutar) som er dei beste i verda. Eg føler meg ikkje ein gong som myrsnipe når eg seier det. Dei har gitt meg ein skulegong som er slik at dei siste 30 åra har gått med til å bli kvitt mykje av det eg lærde dei første 20. I alle høve følest det slik i tunge stunder. Men så har då generasjonskløfta heller ikkje blitt større enn at det går greitt å skreva over – begge vegar. Og av alt det store eg har opplevd var det å ha fem tenåringar i huset, saman med ei horg venner, det aller største. Øydelagde møbel, skamfarne parkettgolv, knuste ruter, vakenetter og 100 decibel innomhus har vore ein rimeleg pris å betala for å få følgja fem born i rivande vekst og utvikling, for tiltru, for glede og gråt i saman, for stolthet over framgang, og for det å veta seg far til fem vaksne, storveges menneske……”

Det var rart å møtast att denne tidlege haustdagen 1990. Bortsett frå eit par av etnebuane hadde eg hatt liten eller ingen kontakt med dei andre i flokken. Tida sidan sist virka kort, sjølv etter 40 år. Mange var lette å kjenna att, andre trong nærare studium før namnet fall på plass. Av dei 57 eg møtte var det tre eg ikkje kjendest ved i det heile, mellom dei ho som var sex-

bomba i klassen vår, og var forma slik alle gutar drøymde om, ho var nå monaleg større med diverse alderstillegg der dei helst ikkje skulle vera. Likare var det ikkje med meg. Av dei 57 var det tre som kjende meg att. Trøysta var at den indre forandringa hadde falle betre ut enn den ytre, etter som nokre sa.

Den gongen me gjekk saman på skulen nytta me etternamn både på lærarar og medelevar, unntaket var nokre av dei vakraste jentene. Denne gongen var det berre førenamn å høyra, og me kjende oss nærare kvarandre enn den gongen me skildest. Me kjende oss som venner, og praten gjekk om laust og fast. Gamle minne dukka opp på rekkje og rad, dei fleste gode, men også mange med såre undertonar, minne om feilgrep og nederlag, ting ein angra på å ha sagt eller gjort, eller forsmådd kjærleik. Men med åra kastar dei gode minna skugge over dei vonde, og ein set att med kjensla av å ha opplevd ei rik tid, å ha vore privilegert.

Nå er også dette snart 20 år sidan. Kanskje gymnasåra frå 1946 – 50 alt ligg så langt attende i tida at dei fortener ein plass mellom permane på eit sogeskrift? Synet dimmest når ein vert gammal, også når ein ser attende, men med det atterhaldet skal eg freista å leita fram og dela nokre av minna frå denne tida.

**Opptaksprøve**
Ein augustdag 1946, eit stykkje utpå dagen, sat eg under ei gammal furu i Prestegardsmoen på Voss. 15 år gammal var eg, og tykte frykteleg synd på meg sjølv. Kanskje med god grunn?

På vårparten ein gong fekk tremenningen min, Inge Berge, som då var tredje års elev ved Voss off. landsgymnas, eit brev som byrja slik: ”Me er tri gutar frå Etne………” Brevet var ført i pennen av meg på vegne av Magnus Saltnes, Erik Tvedten og meg sjølv. Ærendet var å høyra om han, i lag med sine venner, kunne hysa oss medan me var på opptaksprøve på Gymnaset.

Nå var prøva unnagjort og rektor stod på gymnastrappa og las opp resultatet, medan eg sat i skogen og tok mitt eige nederlag på forskot.

Etter kvart turka eg tårer og tusla opp til skulen. På oppslagstavla stod ei liste med namn over alle som hadde fått plass. Med stor undring fann eg mitt eige. Reglane sa, hadde eg fått vita, at opptaksgrensa var 16 år, og at eg derfor måtte ha dispensasjon, basert på godt resultat. Med om lag 250 som møtte, og 200 som måtte reisa heimatt, var sjansen liten.

Ei god stund etter første timen hadde starta, gjorde eg meg så usynleg eg kunne, og fann ein pult i det rette klasserommet. Første dag hadde starta i ei fire år lang gymnastid.

**Bustader**
Første gjeremål var å finna husvære. Heile Vossevangen vart bomba då Noreg blei invadert av tyskarane i 1940. Heile 80 hus brann ned under bombeåtaka. Nokre monumentalbygg stod att, slik som kyrkja, gymnaset, meieriet, jernbanestasjonen og Fleichers Hotell. Vangen var elles ein brakkeby med nokre nye betonghus innimellom. Hyblar var mangelvare, men Magnus og eg fann eit loftsrom på eit småbruk på Ringheim, tre kilometer frå skulen, kvar veg. Martha og Knut Ringheim heitte vertskapet, begge var i 60-åra. Dei var fosterforeldre for ein resurssvak 10-12 år gammal gut. Han låg på ei halmmadrass i ein sengebenk på kjøkken, og fekk ”juling” av Knut både jamt og samt. Martha var snild og berga han mange gonger frå å bli skamslegen.

Magnus og eg skulle bu i andre høgda. Rommet vårt var utan isolasjon. Det hadde eitt to-fags vindauga, og under listverket kunne me sjå ut. To enkle senger, ei på kvar side, eit bord med to stolar og ein vaskeservant var det som var av utstyr. Oppå servanten var vaskefat med mugge, og inni ei toalettbøtte. Til oppvarming fans ein ubrukande vedomn og ein elektrisk, av dei aller første modellane. Då vinteren kom fekk me ei fjøl til å leggja oppå strålomnen, slik at me kunne sitja der etter tur når me las lekser. Det var med vinterklede og vetter på. I mellomtida låg den andre under dyna i senga. Den vinteren nådde temperaturen minus 36 grader på Vangen. Kulden hadde likevel ein praktisk fordel. Me henta vatn og vaska oss om kvelden. Når me gjekk på skulen om morgonen kunne me berre snu toalettbøtta og ta isklumpen med oss under armen.

Knut hadde vore anleggsslusk i sine yngre dagar, og arbeidde fleire år på Bergensbana. Noko dugande bonde var han ikkje, og hadde nok med å få småbruket til å hangla og gå. Fjøsarbeidet var Martha alleine om. Men å kasta blink med snøball på låveveggen saman med Magnus og meg sette han stor pris på. Han var også flink å fortelja, og delte gjerne med oss ting han hugsa frå ”gamledagar.” Då me reiste etter skuleåret var omme fekk eg eit ”stolpeband” som minne. (Stolpeband er eit måleband laga av snurra messinglekkjer til bruk på husdyr, helst hest.)

Andre skuleåret budde eg hjå frk. Rogne, ei gammal ”jente” som budde i Rongsbakken. Husleiga vart dobla frå kr 15 til kr 30 pr. mnd. Men rommet var fint, godt utstyrt, og med rimeleg kort veg til skulen. Vertinna var det verre med, ho var ei ordentleg hurpe. Nøkkel til døra hadde eg ikkje, og når det passa henne kom ho rett inn, utan å banka på døra. Ein gong hadde eg ein fot på pinnestolen for å knyta skoreima. Då bytte ho stolen med ein der all malinga var flassa av. Ein annan gong låg eg på senga og kvilte, med skorne oppå sengeenden. Etter det blei endefjøla kledd med celluloseplate.

Dette var på den tida Trygve Lie var generalsekretær i FN. Ein gong vitja han Bergen, og skulle då tala i radioen. Slikt apparat hadde ikkje eg. Derfor vart eg både glad og overraska då vertinna spurde om eg ville høyra talen i hennar radio. Mellom hybelen min og hennar stove var ei låst dør. Ho bad meg setja meg inntil døra med øyra til nøkkelholet, så skulle ho skrua lyden opp. Gjestfriheita var på topp! Ein annan gong ho var i godlune, spurde ho om eg ville ha varmt vatn å vaska meg i før eg gjekk på skulen. Svaret var sjølvsagt ja. Då kom ho med ein gammal fiskebolleboks. Eg kunne fyra litt i omnen, sa ho, og varma vatn i boksen!

Kortspel tålte ho ikkje. Når eg hadde venner på rommet lydde ho gjennom nøkkelholet, og hadde me spelt whist eller anna fekk eg trugsmål om oppseiing. Etter dette freista me vera heilt stille, likevel hadde ho høyrt kva me gjorde, og oppsagd vart eg. Heller ikkje tilbod om 10 kr ekstra i husleige stoppa sinnet hennar, og eg gjekk på jakt etter ny hybel for kommande skuleår. Då sommarferien kom, og eg betalte henne sluttoppgjeret og takka for meg, vart ho svært snurt. Det var då ikkje dette som var meininga, og eg hadde då lova å betala henne 40 kr månaden! Men då hadde eg nytt husvære som venta, og var slett ikkje interessert i å ha denne fanatiske ”kjerringa” til å vakta over meg. Ho levde elles godt opp til det biletet Ingvar Moe teikna av sine

**Hybelvertinner**
Hybelvertinner
Hadde stålbridler
Knute i nakkjen
Kross på ryggjen

Sat og hildt pusten
I mørke krokar
Te eg kom deisande
Igjøno lokto
Lordagsnotto
Vagga meg i møte
Så nettet skolv onda meg
Bil.5
På toppen av Rongsbakkane låg ein stor, vakker, tømra villa i sveiserstil. Der budde fru Nybø, enkja etter eigaren og første redaktøren i avisa HORDALAND. I andre høgda budde eine sonen og hans familie. Her fekk eg leiga eit vakkert rom nede. Fru Nybø var i 70-åra, men stelte meg som skulle eg vore hennar eigen son. Eg hadde fritt tilgjenge til både stove og kjøkken, fekk Aftenposten kvar dag, og kvar onsdag, laurdag og søndag kom ho med rundstykke eller kaker og kaffi til meg. Prisen for det heile var 20 kr pr. mnd., oppvarming inkludert. Då russetida var over, og foreldra mine kom for å henta meg, gret me alle fire. At andre minne frå dette huset fekk sjela mi til å fella tårer i mange år hadde andre årsaker.

**"Me er tri gutar frå Etne……….." bil.1**
Men me var ikkje dei einaste. I klassane over oss gjekk desse: Erling Kringlebotten, Inge Berge, Torgny Djupesland, Torkel Fosse, Thor Onstein og Arne Vevatne. På mitt årskull gjekk forutan Erik Tvedten og Magnus Saltnes også Arthur Tømmerbakke. I kullet under var Erik Kallestadbakken(nå Vad) og Viar Tesdal. Inge, Torgny og Torkel hadde hyblar i samme hus, og sidan eg kjende alle tre rimeleg godt frå før var eg ein del i lag med dei første året. Elles vart Magnus Saltnes, Erik Tvedten, Erik Kallestadbakken og eg gode kameratar.

**Livet utanom skulen bil.6**
Det var helst om helgane me kameratane var saman, gjerne med kortspel om kveldane og turgåing på dagtid. Om vinteren var det mykje snø, og skia var ofte i bruk. Me gjekk då gjerne frå Bavallen opp på fjellet, av og til heilt til Middagshola og Lønehorgi. Derfrå kunne me kjøra ned utforløypa eller leggja turen om Hangoren og ned lia til Seim. Dette var god trening, og etter kvart vart me flinke på ski. Skulen arrangerte klasseturar. Ein gong gjekk me på ski frå Skjervet til Bordalen, ein annan gong til fots frå botnen av Fyksesundsfjorden i Hardanger til Dalane fjellstove ved Bulken. Om våren, etter snøen var faren, la me ofte søndagsturen til Hangoren dersom veret var fint. Der låg det lenge att nokre snøfonner. La ein seg på ei slik med solsteiken midt imot, var det ikkje måte på brunfarge i andletet. Tok me så på oss ei kvit skjorte, og sprada i Vangsgatene om kvelden, kunne det jo henda at ei jente festa augo på oss litt lenger enn vanleg.
Bil.7
Mange av gymnasiastane hadde for vane å samlast på jarnvegsstasjonen om kvelden. Nattoget frå Bergen til Oslo kom til Voss i ni- havtitida om kvelden og måtte då skifta lokomotiv, (banen var ikkje elektrifisert lenger den gongen).
Bil.2
På skulen hadde me ymse slag lag. Det var det kristelege laget Solglytt som samla sine, eit anna var fråhaldslaget Hugheil med sin krins, og dessutan det frilynde elevlaget Heimdall. Det lokka med elevkveldar der foredrag, opplesing, dikt og anna stod på programmet. Der kjende eg meg mest heime, men var ikkje så tittgjengd der heller.

Eit populært tiltak var folkeviseleiken i gymnastikksalen på kveldstid. Festar med dans var det sjeldan me fekk innvilga, og då berre med lærarar som vakt, slik at alt gjekk garantert sømmeleg for seg. På leiken derimot, fekk me vera for oss sjølve, og det var eit framifrå høve

til å komma i nærkontakt med jentene. Ein av turane me dansa hadde innlagde valsetrinn, så det blei mest for dans å rekna. Sjølv kunne eg ikkje dansa. På festane stod eg inst i nedste kråa og tykte synd i meg sjølv, det er ikkje berre jenter som kan vera veggpryd. Men folkeviseleiken hjelpte meg på veg. Desse få valsetrinna var det som skulle til for å bryta ein barriere. Etter kvart våga eg å by opp ei jente til vals når me hadde fest, og så kom dei andre dansane etterkvart av seg sjølv.

Etter folkeviseleiken ein søndagskveld bad eg nokre etnebuar og ein god ven frå Sogn med meg heim. Eg hadde fødselsdag, og i pakken heimanfrå var det litt av kvart å by på. Eldste dottera i huset (som dreiv hjarta mitt opp i 150 pulsslag i minuttet berre eg høyrde trinna hennar i trappa), saman med ei venninne, hadde også vore på ”Leiken,” men kom etter oss på vegen heim. Vegen frå porten til inngangsdøra gjekk forbi døra til uthuset. Der gøymde me oss for å venta på dei. Tanken var å skremma. Sjølvsagt hadde dei gutefølgje heim, og det stakk i brøstet då me såg ”godnattscena” i porten. I det dei kom forbi vedskjulet bykste me fram med eit stygt brøl – og redde vart dei, men forsvann etter litt drøs inn i huset. Då me gutane kom inn på hybelen min, var det ikkje måte på korleis me kunne ha ”jekka ut” dei andre gutane om me berre ville. Den eine la ut meir storkjefta enn den andre om eigne fortrinn og ferdigheiter i den edle kunst å sjarmera jenter. Særleg den eine etnebuen meinte seg uslåeleg i så måte.

Brått høyrde me ei fæl knising bak eit forheng framfor kleskapet mitt – og ut kom dei to jentene. Det var ikkje lite dei lo av oss. Djupt skamfulle stod me att då jentene forsvann opp trappa til andre høgda. Den før så bryske etnebuen meinte dette måtte hemnast. Dottera i huset budde på rommet rett over meg, og med vindauga som vende same vegen. Ved uthuset fann me ein gammal, plukk rotten stige som me sette opp langs veggen. Han som hadde vore størst i kjeften, og var mest hemntørstig, tok fatt på klatringa, medan me andre gjorde kva me kunne for å halda stigen på plass. Vel oppe banka han på glaset. Og rett nok, etter ei stund opna det seg på vidt gap. Men den han då stod andlet til andlet med var ikkje dottera i huset, man far hennar, redaktøren i lokalavisa. Då me som stødde stigen såg dette, slapp me taket og sprang det vesle me vann. Kva ord som blei veksla mellom dei to gjennom vindauga høyrde me ikkje, men at han på utsida kom seg heilskinna nedatt var mest som eit under å rekna. Stemninga på hybelen var helst dyster resten av kvelden.

Nokre av oss var med i Røde kors hjelpekors. Opplæringa starta med eit omfattande kurs i førstehjelp, deretter øving i feltarbeid. Det var profesjonelle folk som underviste og det blei lagt stort alvor i arbeidet. Også den gongen var det mykje turistar på Voss , og mange som ferdast i fjellet både sommar og vinter. Snøskred var ikkje uvanleg, også med dødsfall. Meieristyraren heitte Skalstad, og han hadde trena opp schæferhunden Heidi til lavinehund, den første i sitt slag i landet. I tillegg til snøskred vart Heidi også nytta som sporhund, og eg var så heldig å bli ordonans for Skalstad og Heidi. Sidan vart Heidi stammor for ei stor lavinehundgruppe i Norge. Å vera med i Hjelpekorpset gav mykje nyttig lærdom og eit rikt sosialt samvær, sjølv om det var mykje slit og bruk av fritid.

Posten vår var adressert til Gymnaset. Namna blei leste opp, og brev og følgebrev vart delte ut i det store friminuttet. Det slo sjeldan feil at dei gongene Magnus, Erik T. eller eg fekk pakkepost kom Erik K. på vitjing. Serleg Magnus og eg fekk ofte godsaker, og dei ville Erik gjerne vera med å dela.

Desse første åra etter krigen var det elles ikkje så flust med korkje mat eller pengar. Når eg reiste om hausten hadde eg med meg heimanfrå eit to_liters Norgesglas med ljos sirup.

Dessutan hadde eg tinga ein stor geitost frå ein sogning som gjekk i klassen min. Dette rakk som pålegg gjennom heile skuleåret. (Pussa tennene mine gjorde eg ikkje, å gå til tannlekjar hadde eg ikkje råd til. Då eg til slutt søkte hjelp på Tannlegehøgskulen i Oslo fann studenten 70 hol).

Det som  måtte kjøpast var mjølk, brød og margarin. Dette kjøpte eg hjå kjøpmann Honved som hadde butikk midt i Rongsbakkane. Den låg omtrent halvvegs på vegen opp til hybelen min. Når eg kom på butikken sette eg frå meg skuleveska, handla det eg skulle ha, og sette av stad med posen under armen. Kommen halvvegs heim hugsa eg veska som stod att hjå Honved. Då sette eg posen i frå meg og gjekk nedatt for å henta veska med skulebøkene. Først framme på hybelen hugsa eg matposen som stod att nedi bakkane. Det blei mange vender, men god trim, og ei trøyst nå når eg føler at minnet er på veg ut.
Bil.3
Middag åt me på ein av kafèane på Vangen. Ringheim kafe og Indremisjonskafèen var der eg gjekk dei første åra. Der kjøpte me månadskort, og fekk tilmålte porsjonar. Dei kunne vera i snauaste laget. Fisken på denne tida var slik at det gjekk mange år før eg kunne eta den vara igjen. Seinare starta Prestegård kafè i Godtemplarhallen. Der kunne me eta så mykje me ville, og då flytte me sjølvsagt dit. Korleis han kunne tena pengar på oss er ei gåte. Det var også konkurranse om kven som kunne eta mest. Ein gong stod rekorden i 12 store kumler. Ein annan lydde på 18 kjøttboller. Denne siste var eg ein dag godt i gang med å slå, eg var kommen til 16. Men Prestegård hadde nok halde auga med meg, og kom og spurde om eg var forsynt. ”Nei takk” sa eg, ”eg kan få nett ei til.”

Budsjettet mitt lydde på om lag 150 kroner per månad. Det skulle dekka skulebøker, reiser, husleige, mat, klær, sko, kinobilettar og diverse utgifter elles. Det var ikkje mykje å rutta med. Av og til skeie eg ut med ein kinobilett eller eit wienerbrød i det store friminuttet. Men me leid inga naud. Frå dag ein heldt eg rekneskap med utgiftene mine. Boka har eg tatt vare på, og det kan vera interessant å sjå kva pengane gjekk til, og kva ting kosta, den gongen. Her tar eg med kostnadene mine for oktober månad første året, altså hausten 1946.

**Rekneskap**

| **Dato** | **vareslag** | **kostnad** |
|---|---|---|
| 29.sept | reis Etne-Voss | kr 20,00 |
| 30 ” | smør | ” 00,88 |
| ” ” | kakao | ” 00,42 |
| ” ” | mjølk | ” 00,80 |
| 31 ” | ” | ” 00,40 |
| ” | arbeidsbok i fysikk | ” 00,60 |

---

| | | |
|---|---|---|
| 2 okt. | mjølk | ” 00,40 |
| ” | ”Engelandsfarere” | ” 01,50 |
| 3 ” | pærer | ” 00,50 |
| ” ” | lappesaker til sykkel | ” 00,80 |
| 5 ” | brød | ” 00,50 |
| ” ” | mjølk | ” 00,80 |
| ” ” | eple | ” 00,50 |
| 6 ” | ei flaske brus | ” 00,55 |
| ” ” | telegram til Nils Grindheim | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | sin konfirmasjon | ” | 02,00 |
| ” ” | husleiga | ” | 15,00 |
| 7 ” | smør | ” | 00,90 |
| ” ” | brød | ” | 00,47 |
| 8 ” | mjølk | ” | 00,25 |
| 9 ” | småkaker | ” | 00,50 |
| 10 ” | frisør | | 01,50 |
| 11 ” | medlemspenger elevlaget | ” | 01,00 |
| ” ” | foredr. ”Fjell og fjellfolk” | ” | 02,00 |
| ” ” | brød | ” | 00,50 |
| 12 ” | brød | ” | 00,47 |
| ” ” | arbeidsbok i fysikk | ” | 00,47 |
| 12 ” | brød | ” | 00,45 |
| 14 ” | brød | ” | 00,44 |
| ” ” | sjokolade | ” | 02,70 |
| ” ” | arb.bok i botanikk | ” | 00,45 |
| ” ” | bly til fylleblyant | ” | 00,30 |
| ” ” | engelsk attforteljingsbok | ” | 00,60 |
| ” ” | songbok (må ha) | ” | 04,82 |
| 15 ” | pærer | ” | 00,50 |
| ” ” | frakt på pakke | ” | 01,00 |
| 16 ” | smør og ost | ” | 02,30 |
| 17 ” | brød | ” | 00,52 |
| 18 ” | eple | ” | 00,50 |
| 19 ” | brød | ” | 00,56 |
| ” ” | kladdeblokk | ” | 00,60 |
| 20 ” | film | ” | 01,50 |
| 22 ” | brød | ” | 00,47 |
| 23 ” | medisin mot sterk forkjøling | ” | 03,25 |
| 25 ” | frakt på pakke | ” | 03,55 |
| ” ” | brød | ” | 00,47 |
| 27 ” | betalt middag ein månad | ” | 54,50 |
| ” ” | skoreparasjon | ” | 02,00 |
| 29 ” | brød | ” | 00,47 |
| ” ” | skulefilm: R. Nordråk | ” | 00,75 |
| 31 ” | brød | ” | 00,47 |
| ” ” | billett til ”Russarevyen” | ” | 01,00 |
| ” ” | lommelyktbatteri | ” | 00,92 |
| Tilsaman oktober månad | | ” | 140,55 |

Me gutane var også ein del saman i feriane. Første sommaren fekk eg vera med Inge og ein sommargjest(Arnold Tallaksen) på to sykkelturar. Den første gjekk til Sauda, der Inge hadde slekt. Første dagen nådde me Imsland der me låg i telt om natta. Teltet var gammalt og teltplassen bratt, då me vakna var det berre hovudet som var att i teltet. Men fram kom me og gildt hadde me det.

Seinare skulle same trioen på langtur. Me fekk ”haik” med ein lastebil til Åmot i Vinje. I dei bratte bakkane opp derfrå nådde me att tre søte ungjenter frå Sandnes som me heldt lag med ei tid. Dette var midt i blinken for dei to andre, sjarmen og flørten blei skrudd på med ein gong, medan eg, seksten år gamle gutungen, var hjelpelaus og følte meg som femtehjul på vogna.

I det heile var dette med jenter eit vanskeleg kapittel. Sjølvkjensla var nær null, kom ein i nærleiken av ei jente ein likte gjekk pulsen amok og andletsfargen minna mest om kokt hummar.

Turen vidare gjekk via Seljord til Bø, derfrå Sørlandet til nederst i Setesdal, så til Stavanger og Etne. For meg var det storveges å vera med desse ”vaksne” karane på så lang tur.

Ei Jul noko seinare skulle Inge ha selskap i romjula, og eg blei invitert. Men det var med damer. For meg høyrde damene framleis til i utopiens verden, eg fekk hjarteflimmer berre eg kom i nærleiken av dei. Kor lysst eg enn hadde, eg såg inga råd!

Juleferien kom, og dagen då eg skulle reisa heim. Det høvde seg slik at eg tok tog til Bergen, og reiste derfrå med D/S STORD til heimstaden min. Det var mykje folk og trangt om bord, ei jente kom og sette seg ved mitt bord. Aud gjekk i klassen under meg på gymnaset så eg visste kven ho var, og at ho budde
i Vats. Kvar eg tok motet frå veit eg ikkje, men eg kom til å fortelja at eg var
beden i juleselskap, men hadde ingen å gå i lag med. Kunne ho kanskje, muligens tenkja seg å vera med? Til mi store undring svara ho ja. Kunne ho ta bussen inn om kvelden, skulle eg sørgja for skyss heimatt om natta. Bil hadde eg sjølvsagt ikkje, men tok sjansen på at eg fekk låna far min sin lastebil. Han var også lutter velvilje, og saka var i boks. Selskapet var gildt, turen attende til Vats også, og køyra bil kunne eg, sjølv om eg nett hadde fått sertifikat etter berre tre og ein halv køyretime. Verre var det med talentet når det handla om jenter. Turen enda med eit høfleg ”God natt!” og ein lang tur heimatt der mange slags draumar og tankar sveiv om kva som kunne hendt om berre----!

Eller som Ingvar Moe seier i diktet

**Ungdom**

ungdom
va å leggja puslespel
i mørkno

Og det var eit stort og vanskeleg puslespel som skulle leggjast. Mange gonger har eg tenkt at før mi tid var det mykje godt slik at det ungane lærte av foreldra vart rimeleg rett også i deira liv. Med min generasjon endra dette seg. Me fekk ei tid med rivande utvikling, økonomisk, politisk, kulturelt, og på mest alle andre omkverve. Krigstida hadde brote ned mange forestillingar om kva ein kunne tenkja, seia og gjera, fridomsbegrepet fekk eit anna innhald, mellommenneskelege tilhøve var ikkje som før, og landet var økonomisk og materielt utarma. For ein som nett var konfirmert vart dette ein ny ståstad, nett i den tida ein skulle navigera seg gjennom puberteten og finna fram til eigen identitet. ”Vant er at sigla milli skers ok báru” seier eit gammalt islandsk ord. Ein vart rotlaus både i levevis og livssyn. Då er det lett å ta minste motstands veg, og velja surrogat i staden for å rydda plass til noko som bèr lenger. I møte med det nye landskapet var det mange kvite flekkar på det kartet ein hadde med seg heimanfrå.

Ved dette vegskilje skulle ein som 15-åring sommaren 1946 flytta til skulestaden Voss, bort frå det kjende og relativt trygge, til ein smeltedigel av skuleungdom som kom frå Alta i nord til Lyngdal i sør, og frå Sotra i vest til Solør i aust. Frå ein skule der det vesentlege var å

kunna leksa på rams skulle ein ta steget inn i det ukjende. Frå eit miljø der Jantelova var ein del av barnetrua, til ei verd der det å tru ein var noko var ein føresetnad for å lukkast. Det blei mykje grubling over eksistensielle spørsmål, om religion, om likeverd, om haldningar til menneske med anna tru, annan hudfarge, andre politiske ståstader m.a. Meir konkret hugsar eg med skrekk og gru korleis me såg t.d. på born fødde utanfor ekteskap (”lausingungar”), på kvinnelege prestar, på homofili, og på samliv mellom andre enn ektefeller. Fantar, sigøynarar og ”negrar” var folk me vanvørde.

I møte med Sokrates som alltid spurde kvifor, og med Platon, Shakespeare, Goethe og Ibsen vart ein konfrontert med spørsmål på rekkje og rad. Til dømes når Shakespeare synte oss korleis jøden Shylock i ”Kjøpmannen i Venedig” vart plaga, når den same Shakespeare sa at: ”Å vera eller ikkje vera, det er spørsmålet.” Eller Ibsen, når han syner oss at Peer Gynt er seg sjølv nok, og når han fortel om Bøygen som ber oss gå utanom og Den Grønkledte som lokkar oss. Kva tydde desse tinga for oss, for meg? Karin Boye seier at: ”Det gør ondt nær knoppar brister, ondt før det som sprenger, ondt før det som stenger.” Mykje måtte forsakast for å gjera plass til alt det nye. Samstundes var det viktig å halda fast på det opphavelege, det rotekte. Mellom anna sin eigen dialekt. Ikkje alle klarte det. Men slike spørsmål måtte ein ta opp til drøfting med seg sjølv. Dei var ikkje del av pensum. Lærarane og lærebøkene kunne i beste fall gi råd og rettleiing. Ingvar Moe visste nok at det er ikkje alltid lett å leggja puslespel i dagsljoset heller.

**Lærarane**

Første klasse var helst ei vond tid. Eg var den yngste i klassen, var umotivert og lengta heim. Noko av årsaka var nok lektor Ingvald Ryste som eg hadde i matematikk. Kjemien mellom han og meg var skrøpeleg frå dag ein, og resultata vart deretter. Ng var vanlegaste gjesten på karakterlappane. Og det var lite å skriva heim om. Helst ville eg reisa frå heile greia. Einaste faget eg greidde meg bra i var engelsk. Ved starten av andre klasse måtte me velja line. Med min botnkarakter i matematikk var det uråd å velja reallina, dermed rauk draumen om å studera medisin i Oslo. I staden vart det engelsklina. Der fekk eg lektor Gunnstein Langerak i matematikk, og då tok det ikkje lange stunda før det faget vart mellom mine beste. Langerak var setesdøl, trygg og roleg med ein naturleg autoritet eg sjeldan har sett maken til. Når han steig inn i klasserommet la jentene bort strikketøyet, og ein kunne høyra ei knappenål falla på golvet. Alle følgde med, alle lydde etter det han sa, og alle lærte. Samstundes var han ein mann me vart glad i.

Ein me ikkje hadde godhug for var lektor Stordal. Han gjekk til dagleg under namnet ”Me Fisto” – Djevelen. Ironi og sarkasmer var hans verkemiddel. Mest alle var redde, og let seg kua av replikkane hans, og det me lærte var ikkje med trivnad. Min klasse underviste han i geografi. Han spurde oss aldri i leksa, men før skuleåret var slutt fekk me ein prøve som var heilt perifer i forhold til faget, og som få kunne svare på. Derfor gjekk mange i klassen, mellom anna eg, ut av gymnaset med G i det vesle ”fillefaget” geografi, noko som helst var ei skam, og som eg opplevde for første gong. Det beste me kunne seia om Stordal var at han var svært kunnskapsrik.

Ein me berre hadde i første klasse, men som eg likevel hugsar, var Holdhus. Det var ein utruleg snild og godsleg mann frå Fusa. Han var ein av dei få utan embetseksamen, men var utdanna lærar. Han hadde nedsett syn, og hadde det laget at han rett så ofte strauk seg med handa frå haka og opp til panna. Ein gong hadde me fukta svampen med blekk. Med den turka Holdhus tavla og strauk deretter sin vane tru handa over andletet. Blå i huda kom han til

lærarrommet, og der sat "fliren" laust. Noko straff fekk me ikkje. Men samvetet var ikkje heilt bra dagane etter.

Lektor Troland er ein av dei eg aldri gløymer. Han var eit av dei snillaste, gildaste og mest kunnskapsrike menneske eg har møtt. I vår klasse underviste han i fransk. Men det gjekk truleg med meir tid til emne utanom faget. Dette var på den tid jødane fekk seg tildelt land i Israel, og alt då var det mykje strid mellom jødar og palestinarar. Alt dette var spanande, og Troland kunne fortelja levande og innsiktsfullt om det som hende. Då sat me som tende ljos og lydde. Elles gjorde me med han nett som me ville. Var det fint vêr ba me om å få timen ute. Sa han nei, gjekk me berre ut og sette oss i skogen. Om ei stund kom han luntande etter. Hadde me ikkje lyst å ha fransk, ba me han berre fortelja om Midtausten, eller eit anna emne. Alt kunne han. Det vart sagt at han hadde tatt filologisk embetseksamen på fire år, noko som vart rekna som umogleg den gongen. I klasserommet hadde han det med å driva opp og ned mellom pultrekkjene medan han snakka. Jentene sat med strikketøyet sitt, og ein gong spente dei trådane over den pultrekkja Troland stod i. Fram og attende, lenger og lenger ned på rekkja for kvar gong Troland snudde. Då friminuttet kom var han sperre inne nederst i eine kroken. Me gjekk, og sjølv stod han att midt inne i "spindelveven." Betre hadde han det ikkje heime. Han hadde troll til kjerring, og trollete ungar. Ein gong stengde dei han inne på utedo. Det verste me gjorde var å skriva ei smedevise om han. Den blei lest opp på ein juletrefest, etterpå kommanderte me han til å lesa "diktet" høgt i klassen. Alle var me svært glad i Troland, likevel mobba me han til alle tider. Sjølv har eg angra i lange tider på min andel i alt det leie me gjorde mot han.

Frøken Størsrud har eg også lyst å seia nokre ord om. Ho var vel om lag 50 år på den tid eg vart kjent med henne, og ei rektig "gammeljomfru." For at ho var jomfru var me aldri i tvil om. Ho var alt anna enn vakker, dertil keitete og innadvendt. Truleg var ho like snild som Troland, men endå meir sårbar.Det kom klårt fram ein gong einkvan(truleg i tankeløysa) hadde lagt ein levande frosk i kateterskuffa hennar. Me hadde henne i norsk, og når ho fortalte romantiske passasjar frå verdsliteraturen sat ho med eit drøymande vesen og såg ut gjennom vindauga. Ho var tydleg einsam, og me kom aldri nær innpå henne som person. Men ho var "stor" som lærar. Ho gav oss ei innføring i literaturen og i livets både ljose og mørke sider som få kunne gjort henne etter. På slutten av aller siste time heldt ein i klassen ein vakker tale for henne. Då sat ho også og såg ut gjennom vindauga, medan tårene draup. Sjå oss i augene kunne ho ikkje, heller ikkje var ho talefør til å takka for talen og samværet. Løysinga var det den store og trauste raudhåringen frå Tysnes som fann: "Nå stemmer me i ein song folk" sa han. Og det gjorde me, med Andreas som forsangar. Og då den var slutt forlet me klasserommet, slik at vår umåteleg gilde frøken Størsrud kunne samla seg att. Og me set att med minna, og den store rikdommen ho planta i dei unge sinna våre.

Mange andre kunne nemnast, Sigurd Eskeland, Andreas Leiro, Per og Knut Tylden, Ytreeide, store personlegdomar alle saman. Likevel kjem eg ikkje utanom rektor Sjur Bøyum. Han hadde me i hovudfaget engelsk. Det blei sagt at han ein gong fekk tilbod om professorat i gammalengelsk i England. I alle høve kjende han både språket, og dei store, britiske diktarane ut og inn. Betre lærar enn han i dette viktige faget trur eg ikkje fans i landet.

I tillegg til Byron, Shelly, Wordsworth, Shakespeare og alle dei andre kjende diktarane, utgjorde engelsk historie (ikkje minst om den industrielle revolusjon), engelsk kolonihistorie og litt amerikansk literatur det meste av pensum. Språket var gammalt og svært forskjellig frå det ein nyttar i daglegtale. Sjølv med eit så konservativt pensum har eg alltid hatt glede av det eg lærte hos Bøyum. Han hadde også vore med å forma ut eksamensoppgaver i mange år, og

hadde meir enn ei aning om kva årets eksamen ville by på. Det siste me gjorde før slutteksamen var å repetera Shakespeare`s Merchant of Venice. Og rett nok, den fekk me, og mange av oss kan takka Bøyum for god karakter.

Generelt vil eg seia om lærarane at dei var kunnskapsrike, motiverte, flinke pedagogar, og ville vårt beste. Men dei la og vekt på moralnormer. Voss var eit skulesenter med lange tradisjonar (t.d.folkehøgskulen), og låg i kjerneområdet for norskdomskulturen. Dette prega både lærarane og undervisninga. Det var ein grunntanke at elevane skulle finna og kjenna seg sjølve, og ikkje gje avkall på sitt eige opphav. Å vera påliteleg, arbeidsam, pliktoppfyllande, edrueleg og dana var viktige verdiar. Språket var gjennomført nynorsk. Sjølv lektorar frå Oslo-området gjorde sitt beste for å undervise på det målføret. Mange av haldningane me fekk vil nok i dag verka gammelmodige, men ei god plattform å byggja vidare på var det.

Noko som likevel mangla var personleg nærleik mellom lærar og elev. Tiltaleforma var etternamn, jamvel mellom elevane. Men slik trudde me det skulle vera. Eit unntak har ikkje berre festa seg i minnet, men og hatt mykje å seia for mi vidare utvikling. Saman med nokre kameratar rusla eg ein sein kveld oppetter vegen i Rongsbakken. Framfor oss gjekk ein av lektorane. Han var nyss kommen frå Oslo for å ta eit vikariat. Han var halt og gjekk seint slik at me nådde han att. Det var utfor huset der han budde, men han gav seg likevel til å prata med oss. Etter kvart bad han oss inn på hybelen, tok fram ei flaske og baud på ein dram. Dette var uhøyrt, ingen vågde å takka ja, så han vart alleine om drikkevarene. Men det han sa var meir rusande enn noko drikke. Han tok oss med bak alle blånar og bak alle æver. Han fortalde om Einstein og relativitetsteorien, om tid og rom, om ljosår og menneskekryp, om religionar og vondskap, om store filosofar og det mangslungne livet, om kor liten han følte seg sjølv, om sorg og kjærleik, om draumar for framtida. På nokre få timar ei kveldstund sette han døra til ei anna verd på glytt, og vart ein merkestein i mitt liv.

**Russetid bil.4**

På eit vis hadde me både ei lang og ei stutt russetid. Stutt fordi den eigentlege russetida varte berre nokre veker om våren. Lang, fordi me stelte til russerevy om hausten. Målet med den var å underhalda vossingane, og å finansiera turen me planla etter eksamen. For å få stort publikum (og tena mest mogleg pengar) måtte revyen vera aktuell, ta vossingane på kornet, og ha høg kvalitet. Då måtte me gi avkall på både lekselesing og fritid. Samstundes var det god trening i samarbeid, noko som gjorde at me kom nær kvarandre og vart ein samansveisa gjeng. Alle måtte bidra med tekstar, ei nemnd valde ut dei beste, skodespelarar vart plukka ut til dei einskilde stykka, og øvinga kunne ta til. Mellom emna som vart med i framsyninga hugsar eg kunstig inseminasjon på ku, departementalt byggjeløyve for utedo og Fanitullen. Elles var det sketsjar og viser av mange slag, noko av heilt profesjonell kvalitet. Mi oppgåve var å styra med det økonomiske, titulert billettsjef. Og billettane gjekk unna. Så vidt eg hugsar selde me nok til å fylla festsalen på Gymnaset to gonger. Saman med inntektene frå russeavisa blei dette nok til ein busstur gjennom Hallingdal og Valdres til Oslo. Derfrå om Sørlandet til Stavanger, Haugesund og gjennom Sunnhordland og Hardanger attende til Voss. Dei som høyrde heime langs ruta steig av på heimstaden. Mellom attraksjonane me vitja var m.a. Eidsvollbygningen, Kringkastinga, Vigelandsanlegget, Oslo rådhus og musea på Bygdøy. I Stavanger såg me operetta ”Fetteren frå Batavia” på Rogaland teater, og hadde i det heile ein svært vellukka tur. Eksamenskarakterane fekk me opplyst gjennom telefon ein stad i Sør-Rogaland. Han som hadde tatt mot mine hugsa ikkje heilt om det var tre G og ein M eller omvendt. Eg hadde lite fred i sjela før eg fekk melding om at det var ”omvendt.”

Bil.8
Høgdepunktet i heile russetida var sjølvsagt 17. Mai. Då gjennomførte me noko ingen andre har klart, korkje før eller etter. Flyalarmen på Voss var montert i loftshøgda på Gymnaset. Det høvde seg slik at sonen til vaktmeistaren gjekk i klassen vår, og visste kvar faren hadde gøymt nøkkelen til rommet der alarmen var. Ein slik unik situasjon måtte nyttast for alt han var verd. Namnet på revyen var: ”Varsku her, Russen fyrer.” Nå vart det prenta 3000 flygeblad med melding om at Russen ville innta Vossebygda. Desse blei stua inn i eit fly me chartra i Bergen. Om føremiddagen den 17de mai sette flyet kursen mot Voss. Då det passerte Bulken starta me luftvernsirena, og over Vangen dalte det ei sky med flygeblad, alle med Russen si krigserklæring. Etter kvart som Politiet kom til hektene køyrde dei rundt med ulande sirener, men visste lite kva dei skulle gjera. Til slutt kom dei seg likevel inn på gynasloftet og fekk stoppa alarmen. Men dette var ein stor siger for Russen. Vangen var stinn av folk, med ein slik start på dagen ville alle sjå Russetoget og høyra talen til Russeformannen.
Bil.9, 10, 11, og 12
Alt vart vellukka, og eit verdig punktum for gynastida vår. Det var likevel med vemod me sa farvel til medelevar me hadde vanka saman med gjennom tre-fire år. Med oss hadde me vennskap og kunnskap, innsikt og refleksjon. Ei god bør til stor hjelp for tida som kom. Ennå, 60 år etter, kjenner eg takksemd for det store privilegiet det var å få fire ungdomsår på Voss off. landsgymnas.

Om Voss likevel ikkje skulle vera vidare enn verda, har bygda nok fått fått ei vidd  i hugen min som er langt større enn det georafien tilseier.

**Litt om Voss off. landsgymnas si historie**

Voss blei vald som skulestad for det første fireårige, offentlege landsgymnaset i landet, med skulestart 1916. Kommunen hadde sett av ei vakker tomt på Lekve- og Prestegardsmoen, og i tillegg ytt eit tilskot på 50.000 kroner. Kommunen tilbaud også mellombels lokale i den nye folkeskulen på Vangen. I 1919 stod det nye, monumentale skulebygget ferdig, og Voss off. landsgymnas var komme i eige hus.

Frå 1916: Real-, engelsk- og latinline. 1924: greskline, 1930: norrønline.

Rektorar: Peder Blix 1916-31, Conrad Bonsaksen1931-46, Gunstein Langerak 1945-47, Sjur Bøyum 1947-53, Alf H. Helland 1953- 62, Steinar Line 1962-69.
Gymnaset blei vidaregåande skule frå 1966.

Første artiumskull 1920: 36 kandidatar(fire kvinnelege).

Talet på artianarar 1950: 88

Harald Fjøsne

JUL ETTER FØRTI ÅR

JULEHEFTE FOR VOSSARUSSEN 1950

Innhald:


| | | | |
|---|---|---|---|
| Redaksjonelt | 1 | Sverre Aas | 2 |
| Sverre Alsos | 4 | Aaslaug og Bjarne Asheim | 5 |
| Fridtjof Bakkegaard | 7 | Ingebjørg Belsås (Nestås) | 7 |
| Nils Bergo | 8 | Ingerid Berntsen (Molstadkvern) | 9 |
| Mari Framnes Bjørge | 10 | Erling Bratland | 11 |
| Einar Brusletto | 12 | Bjørn Dølven | 13 |
| Gudrun Eiken (Hansen) | 15 | Per Engene | 18 |
| Inger og Edvard Fjærtoft | 20 | Harald Fjøsne | 22 |
| Ole Andreas Hallaråker | 24 | Lidvor Ryste Helthe | 25 |
| Olav Hole | 27 | Gerd Berit Høylo | 28 |
| Marie Johannesen (Tomassen) | 31 | Magne Kaldestad | 35 |
| Kristian T Knutsen | 38 | Jorunn Kristiansen | 41 |
| Ole M Kvalvaag | 44 | Torstein Kvamme | 46 |
| Bjørg Liland | 48 | Aasmund Ljøsne | 51 |
| Bodil Lund | 51 | Bjørn Vidar Mehus | 53 |
| Ivar Mo | 55 | Andreas Myklebust | 57 |
| Nils Neset (Landro) | 59 | Kristian Oaland | 62 |
| Kari Hildegunn Opedal(Svartveit) | 65 | Solrunn Oppheim (Gurvin) | 66 |
| Gunnhild Rime (Bråten) | 69 | Magnus Saltnes | 70 |
| Ingrid Madland Schelderup | 72 | Gunnvor Bøyum Sekse | 74 |
| Trygve Solstad | 75 | Konrad Spilde | 77 |
| Solveig Stein (Grøndahl) | 79 | Olav Norvald Stevik | 80 |
| Johanne (Vesla) Stølen (Breien) | 82 | Elfrid Refsdal Søvold | 83 |
| Erik Tvedten | 85 | Svein Underdal | 87 |
| Helga Utne | 88 | Borghild Viko (Lie) | 90 |
| Erling Øvstedal | 92 | Sverre Hove | 96 |
| Einar Kyvik | 97 | Adresseliste | 98 |

# JULEHEFTE 1989 FOR VOSSARUSS 1950

## REDAKSJONELT

Fyrst ynskjer eg alle lesarar God jul og Godt nytt år! Ei særleg helsing går til dei som har levert innlegg til juleheftet. Med stor glede har eg lese innlegga dykkar. Det store mangfaldet har fylt meg med vørnad.

Med juleheftet fylgjer eit postgirokort som eg vonar at de vil bruka til å betala 100 kroner. I motsett fall vert juleheftet ei dyr moro for meg. - Sidetalet er mindre enn i det fyrste overslaget, men portoen er høgare. Difor er prisen framleis 100 kr.

So litt om nokre russ som ikkje har svara. Olav Aalerust sa i telefonen at han hadde vanskar med å finna tid. Etterpå fekk eg brev om at han ikkje kom til å skriva i juleheftet. Han underviser ved Hamar Lærarhøgskule i matamatikk og metodikk i matematikkundervisninga.

Han er gift og har to døtrer og ein son. Elste dottera, Margit, er bibliotekar. Den andre dottera, Guro, studerar kunsthistorie i Bergen. Endre går på vidaregåande skule.

Olav Helgeland ringde og sa at han ikkje kom til å skriva skrytebrev til juleheftet. Han hadde motførestillingar. Eg gløymde heilt å spørja om han ikkje kunne laga ei kryssordoppgåve. Det har dei fleste julehefte.

I samtalen fekk eg likevel vita at han budde fast i Bergen, men pendla kvar veke til Stavanger. Der er han professor i materialteknologi ved ei toårig tillegsutdaning som gjer sivilingeniørar av ingeniørar.Han hadde kone og tre born og hytte i Myrkdalen.

Etter sivilingeniørutdaning var han 10 år på NTH og SINTEF og fekk seg ein dr. ing. tittel. Deretter var han 4 år på Bergen Materialprøveanstalt og 15 år i Veritas.

Eli Gjerde (Ringheim) skriv ikkje i juleheftet, fordi mannen hennar kom på sjukehuset fyrst i desember. Han er no i betring. Etter råd frå president Bjørg Liland vil eg nemna:

Eli tok fyrst sjukepleiarutdaning og studerte deretter farmasi i tre år. Så var ho husmor i fleire år, for ho hadde gifta seg med ein bankmann som sidan vart banksjef i Voss Veksel- og Landmandsbank. Seinare har ho arbeidd på Vossevangen Apotek. Dei har fire born.

Kristin vart fødd i 1959. Ho er snart ferdig jurist. Ho er gift og har ein son som heiter Eirik. - Anders er fødd i 1962. Han er siviløkonom. Han er gift og arbeider på Rosneberg Verft i Stavanger.

Bård er fødd i 1964. Han arbeider på Voss postkontor.Han er gift og har ei dotter som ikkje har fått namn endå. - Guri er fødd i 1966. Ho studerer ernæringsfysiologi på Blindern i Oslo.

Eg er sikker på at eg har alle med meg i å ynskja Arne Gjerde god betring.

Om meg kjem det ikkje noko biografisk materiale i dette juleheftet. Eg fekk sagt det eg skulle i innkallinga. I staden vil eg seia at eg etter mange år i utlandet er eg vonbroten over det låge nivået i norsk presse og politisk debatt.

Etter at eg hadde nasjonaløkonomi på NTH har faget interessert meg. Det erinteressant at parti i Noreg snakkar om å motverka arbeidsløysa ved å seia opp offentleg tilsette og gjeva skattelette så det private forbruket kan aukast.

Truleg vil ein stor del av lønauken gå til luksusvarer og sydenreiser og anna som ikkje gjev norske arbeidsplassar i fyrste omgang. Slik vulgærøkononi får lite motspel i pressa.

Det finst også parti som vil setja ned skattane og deretter resjonalisera bort offentlege tenester. Er det ikkje betre å rasjonalisera fyrst og deretter setja ned skattane?

Alle er vel einige om kontinuerleg å stilla krav til rasjonalisering av offentleg verksemd. Dersom nokon orkar kan me snakka meir om dette på Voss 8. og 9. september 1990.

Nemnda for minne- og jubelfesten ser no slik ut:
- Bjørg Lilind, president
- Magne Kaldestad, administrerande direktør
- Eli Ringheim, sekretær og ansvarleg for fyrstehjelp
- Nils Bergo, kasserar og æresveteran
- Sigurd Selheim, ambassadør i Bergen og militærpolitisjef
- Trygve Solstad, sleeping partner
- Einar Brusletto, ambassadør i Oslo og veteranpolitisjef
- Per Tveit, ordblidnespesialist

Me får nok ein fest som me sidan kan snakka om i mange vetrar. Som president Bjørg sa til han Olav: "Me sjaoast pao Voss"

Hjarteleg helsing Per

Sverre Aas
Slottsbrugt. 52
3900 Porsgrunn

Tenk at det er blitt 40 år siden!
De tre årene på Voss ligger unektelig et stykke tilbake i tid. Selv om jeg ikke har vært på besøk der mer enn et par ganger siden hine dager, så har jeg vært der utallige ganger i tankene. Episoder, opplevelser, personer og steder gjenoppleves ofte. Jo, årene på Voss var en fin tid.

Om en som tilbrakte gymnasårene på latin-/gresklinja vil en vel tro nå befinner seg som en aldrende og ærverdig sogneprest eller prost et eller annet sted i landet. Du må med en gang begynne å tenke i andre baner. Det gikk nok ikke så lang tida før jeg innså at det ~~nok~~ ikke var veien jeg skulle gå.

En militærtjeneste slapp heller ikke jeg unna. Det var om å gjøre fant jeg ut å benytte fritida til noe meningsfyllt. Studier innen handelsfag og økonomi ble påbegynt og også videreført etter avtjent verneplikt. Relativt raskt kom jeg inn i arbeidslivet, og i Norsk Hydro søkte jeg arbeid og der har jeg tjent til livets opphold fram til nå. Hydro har et større forskningssenter i Porsgrunn, og her har jeg det meste av tiden vært knyttet til den administrative delen av virksomheten. Det kan selvfølgelig diskuteres om det er prisverdig med en så lant og sammenhengende tjeneste i ett og samme firma.

Det kan ikke sies om meg at jeg er gift med jobben.
Det er jeg derimot med Anne-Marie som er her fra byen.
Vårt eneste barn - en datter som heter Gretha - har for lengst flyttet ut av redet og har bosatt seg ikke lenger unna enn Stavern. Men det å være far kan nok ikke måle seg med det å være bestefar. Kanskje er det noe av det største en kan oppleve i livet. Interessant er det i alle fall å ha kontakt med barn som er nyfikne på livet og spør om alt. Åtteårige Stian hører så avgjort til den kategori.

Dette blir mye om meg og mine. Men det var vel det redaktøren ba om? Og når jeg tenker etter, så har jeg ikke tømt meg helt enda:

I mange år har en god del av fritida mi gått med til frivillig forenings- og menighetsarbeid. Etter fire perioder som menighetsrådsmedlem takker jeg nå av ved årsskiftet. I hele syv år måtte de slite med meg som rådets formann. Ellers går jeg vel under navnet av "reserveklokkeren" siden jeg stepper inn når det er bruk for meg.

I politisk sammenheng kan jeg ikke si å ha vært aktiv. Medlemskap i et politisk parti har jeg riktignok hatt i en årrekke, men det lengste jeg har drevet det til er varamann til bystyret i et par perioder.

Miljøet i Porsgrunn kunne det sikkert ha interesse å fortelle om. Det skal jeg ikke gjøre. Etter det negative bildet som har blitt malt for øinene våre gjennom massemedia, skulle en tro at det ikke fantes et levende vesen her! Men det gjør faktisk det, til og med ganske mange.

-----

Så er det bare å ønske hverandre alt godt for det nye året og ønske vel møtt på Voss i september til mimrefest.

Sverre Aas

M.N.T.F.

SVERRE ALSOS
Tannlege
Spes. periodonti
*8300 Svolvær — Tlf. (088) 71 105*

Godt folk, 40 års russ , gamle venner !

Først en takk til Per og festnemda som påtar seg arbeidet med markeringen av 40 års jubileet ! All ære til dere !

Kort fortalt , så lever jeg i beste velgående i min hjemby Svolvær.
Jeg er fortsatt gift med den samme som jeg traff for 32 år siden ( hun holder ut ),
Vi har 4 voksne sønner: Rolf Sverre, med arkeologi og historie somhovedfag, bor i Tromsø. Stein på 27 år er tannlege og arbeider sammen med meg.
Nummer 3, Sigmund, 26 år, studerer odontologi i Bergen.
Og Sindre, 19 år, tar siste året på gymnaset etter 1 års opphold på Malibu, California. Sistnevnte driver med musikk, sang, revy og dikter gjerne også litt.
Min kone Ki ( Else Marie )er sykepleier og har gått ut i arbeidslivet igjen etter at guttan greide seg selv.

Vi har flyttet en del i tiden som har gått. Sessvoldmoen på Østlandet, Tana i Finnmark, Stokmarknes i Vesterålen, Bergen i 7 1/2 år og så hjem igjen til Svolvær, hvor vi har bygd hus og slått oss ned for godt, tror jeg.

Jeg driver da som tannlege, men med spesiale: tannkjøttssykdommer. Det har vært slitsomt, men interessant, har vært alene i Nord-Norge i mange år.

Da ønsker jeg alle kullinger en riktig god jul og et godt nyttår !
Jeg regner med å delta i september så sant ikke noe ekstra skulle inntre.
Vennlig hilsen

Sverre

Aaslaug og Bjarne Asheim
Løkenåsen 13
3500 Hønefoss

*Kjære vener frå Voss - tida!*

Aaslaug og Bjarne vart kjende på Voss.
No skal du høyre koss meir det gjekk oss.
Men fyrst vil me minnast og mimre litt,
og det tek me etter hukommelsen fritt.

På Nyre me budde, der grannar me vart,
i fire år - heilt frå vår skulestart.
Vertsfolk var Gunnhild og Inga og Knut.
Varer var rasjonerte, kaffien kokt oppatt på grut.
Kroner 25 pr. mnd. var leige for hybel og bruk av andre rom -
Rimeleg! - men nok for pungen som ofte var tom.
Middag på Vangen for kroner 2 -
for kjøt og fisk - med dessert som var god!
Til skulen me anten sykla eller gjekk
slik me frisk luft og mosjon fekk.

"Du vene Voss - du vene Voss!"

I Oslo og Trondheim me vår utdanning fekk,
I 1968 turen til Amerika gjekk.
Team-teaching: Bjarne ved College studerte -
Aaslaug sitt yrke i hospital og distrikt praktiserte.
Det vart eit opphald på halvanna år -
ved slike høve ein rike minne får.

Frå Bærum til Nittedal vårt flyttelass gjekk
før me heimen her på Ringerike fekk.
I Haugsbygd me bygde - det vart staden for oss -
snaut 6 kilometer austanfor Hønefoss -
- eller 295 kilometer langs linja frå Voss.

Stilling i utsett yrke me båe fekk
Til oppgåver i skule og helsevesen me gjekk.
Som helsesyster og rektor me ikkje arbeidslause går -
i tillegg også me kveldsarbeid får.

./.

6

Konferansar, møte, kurs og seminar -
det løyser flokar og gir forløysande svar.
Heng med i svinga, vær med - stå på -
då er du sikra framsteg å sjå.

I hagen kring huset me koblar av
frå problem og vanskar og kvardagens krav - og kav.
Me byggjer opp steinmur og plantar eit tre,
slikt arbeid for kroppen kan stresse oss ned.
Og bruket gir dill og persille og salat,
litt skryt må me ha når me pyntar vårt fat.

Me trivst her i bygda og har slått oss til ro.
Naturen er fin, jorda fruktbar og god.
Her talar soga om dronningar og drotter
om åtak av svensker - og om Anna Colbjørnsdotter.
Ved Tyrifjorden, Krokskogen - eller i marka på ski.
- Både vinter og sumar dreg me ut i det fri.
I kyrkja sitt arbeid - i vidt perspektiv
me finn oaser som gir glede, - og lys i vårt liv.

Me fylgjer (- prøver) moteordet:
Riktig kost og god mosjon
- og slik samle krefter til me får pensjon.
Ja, løn for vår fritid ventar oss om litt
- om ikkje Statskassa då aldeles tom er blitt.

Stor takk til komiteen som vil stelle til fest
Me gler oss til jubileum og der vera gjest!

No veit de kvar me to bur,
de sikkert ofte er ute på tur.
**Me seier: Velkomne innom til oss!**
**de våre kjende fra gymnastida på Voss.**

Haugheim, 7/12-1989

Hjarteleg helsing frå
Aaslaug og Bjarne

Lensmann Fridtjof Bakkegaard, Simonstø Tromøy, 4818 Færvik, 041-85770

Etter en god sommerferie begynte jeg som lensmannsbetjent i Odda 15. august 1950. Flyttet til Arendal 8. januar 1951 og begynte som politikonstabel. Politiskole 1953. Forberedende og prøve i økonomi. Studerte jus, men forsto forholdsvis raskt at jeg ikke ville bli noen god advokat. Tjenestegjorde som politimann i Bærum og Oslo og senere lensmannsbetjent/lensmann i Østfold og Hallingdal. Arbeidet så som politimann i FN i 3 perioder, 1956-57, 1960-62 og 1978-80 med opphold i Afrika og Midt-Østen.

Endte så opp som lensmann i Tromøy fra 1971. Har samme kjerring, 5 barn og 6 barnebarn.

Med hilsen og ønske om GOD JUL
Fridtjof B.

Ingebjørg Belsaas
Vådan
7024 Trondheim

Helsing til vossarussen 1950.

Eg satsa på bibliotek frå fyrste dag og tok eksamen ved Statens bibliotekskole våren 1954. Har seinare arbeidd ved sentralbiblioteka i Aust-Agder og Telemark, men lengste tida i Trondheim, frå 1979 ved Trondheim lærerhøgskole. I 1964 var eg i USA et halvt års tid, Der var eg heldig og fekk eit vikariat ved eit bibliotek i Seattle.

I 1962 gifte eg meg med Arne Belsaas. Ola vart fødd i 1966. Han går på Ås og trivst med det.

Har liten kontakt med gamle klassekameratar. Så vidt eg veit er ingen i Trondheim, men Gerd og Elfrid ser av og til innom.

Ingebjørg Vistnes Belsaas

NILS BERGO
Tannlege
5700 Voss — Tlf. (055) 11 916

Voss 26/11-89 8

Dosent Per Tveit
Grimstad.

Nedanfor sender eg nokre ord om kva eg har vore med på dei 40 åra. Eg synest idéen om ein slik prestasjon er god, – men berre dersom folk fylgjer nokolunde mannjamt opp. Dersom berre nokon få skriv, synest eg dette skal gå rett i papirkorga.

Nils Bergo 1950-1990: Hausten 1950 tok eg til med studiene ved Tannlegehögskolen i Oslo. Etter endt utdanning avtente eg verneplikta som marinetannlege. Deretter drog me til Lindås i Norhordland og var der nokre år som kombinert skuletannlækjar og privatpraktiserande.
I 1958 starta eg eigen privatpraksis på Voss. og har sidan vore her. Eg har vore godt tilfreds med yrkesvalget, men det har vore eit veldig arbeids-press, ~ 50-60 timars veke har vore vanleg. Så langt frå yrkeslivet.
Frå privatlivet kan forteljast at eg var/er gift med Bjørg Nybö (russ 1951). Me har sett til verda 4 born som alle har gått Voss Gymnas og utdanna seg vidare til biolog, lege, tannlege og sistemann (eller rettare sagt einaste gjenta) studerer til landskapsarkitekt på Ås. N.L.H.
I vår bygde eg om kontoret for då byrja son min, som er tannlege, saman med meg i min praksis. Meininga er å korta litt inn på arbeidstida dei åra eg har att.
Dette var hovedtrekka gjennom dei 40 åra. Detaljer kan diskuterast og utvekslast 8 og 9 sept.

# Julebrev 1989 til Vossaruss 1950!

"Du Per,du Per..." som det heter hos Sivle, du vil utgi julehefte,du,det var da en god idé. Jeg har litt problemer med å komme i gang med mitt bidrag. Ute er det mørk november og regn,ikke særlig julestemning. Jeg tror jeg får sette på en juleplate,det pleier jeg ellers ikke gjøre før etter andre søndag i advent.Jeg er alene hjemme, så jeg gjør hva jeg vil.Studenten ( min hjemmeboende datter) er på jobben, og pensjonisten, (min spreke husbond) er på besøk hos sønnen vår og tre barnebarn i Telemark.Nå angrer jeg på at jeg ikke ble med, så jeg får ringe til dem før jeg skriver mer.
Telefonsamtalen varte helt til dagsrevyen, den måtte jeg se. Så kom "Norge Rundt",men nå endelig kan jeg sette i gang for alvor. Mannen min påstår at jeg er TV-slave, fordi jeg liker å følge med i høstens serie om Krigens vindar. Det var mer TV sist vinter da jeg bodde i lærerboligen ved veien ut til Grense-Jakobselv. Jeg tok i mot en utfordring om å arbeide på en fådelt skole i Sør-Varanger for et år og angrer ikke på det. Det ble mange fine opplevelser i en vakker natur sammen med mennesker med delvis anderledes språk- og kulturbakgrunn enn meg. På denne tida i fjor høst var det bispevisitas med kveldsgudstjeneste ute i Jarfjorden. Læreren og jeg ble sterkt anmodet av rektor å møte opp. Det ble en uforglemmelig kveld hvor den hvithårede bispen, Arvid Neergård, og den bittelille nittiårige skoltekvinnen Irene Dørmænen,var midtpunktet både inne i klasserommet, som var omdannet til et høytidsrom med alter og prekestol,og i lærerrommet etterpå hvor kirketjener og organist serverte kaffe og kaker. Både bisp,prost og prest sang og talte både på samisk og finsk med stedets eldre befolkning. Bispen hadde vært sogneprest i Sør-Varanger tidligere, han fortalte om mang en strabasiøs reise i fiskebåt ut til Grense-Jakobselv i mørketida. Nå er det bare grensevakter der ute om vinteren, og de kommer seg fram over fjellet med bandvogn.- Organisten er forresten fra Ytre Ålvik i Hardanger, en slektning av Helga Utne. Norge er ikke så stort, overalt treffer en noen som kjenner noen eller er i slekt med noen osv.Det viste seg etter hvert at det var mange forbindelseslinjer mellom Sør-Varanger og Oppegård også.
God gammeldags badstue med vedfyring og stamp med vann hørte med til livets gleder i fjor, jeg savner den og den vakre utsikten over Jarfjorden. Det er rart hvordan landskaper fester seg i hukommelsen og kan manes fram for ens indre øye igjen. Jeg har bodd og arbeidet her i Oppegård helt siden 1953. Her er ikke noen storslått natur akkurat,men det kjente og vante, slik som utsikten over Kolbotntjernet, savner en når det har blitt borte bak det nye centrumsbygget. Kommunen har firedoblet innbyggertallet mens jeg har bodd her,så det er mange forandringer,bl.a. nye skoler. Etter 20 år på Kolbotn skole, var jeg rektor på en av de nye skolene i 9 år. Det var interessant og svært krevende. Jeg overlot roret til en annen kvinne og tok mer utdannelse i 1982/83. Etterpå har jeg vært vanlig lærer ved den nærmeste skolen her, ville gjerne prøve ut nye undervisningsmåter og ny metodikk. Ikke alt har vært like vellykket,men det er morro når en ser at en lykkes med noe som en har trodd på. Ellers har jeg ventet på og talt for fast arbeidstid for lærere de siste 15 årene, det ser ut for at det enda er langt fram,desverre.
I år har jeg permisjon for bare å være bestemor, mor og kone. Men jeg tar noen timer i blant for å tjene litt så ikke kapitalen blir helt oppspist. For å komme tilbake til landskaper litt igjen, utsikten mot Hanguren, Lønehorget og ut over Vangsvatnet, ser jeg for mitt indre øye når jeg tenker på Voss. De fire åra jeg bodde der var ei fin tid for meg. Jeg er innom der år om annet. Jeg synes det er et fint initiativ å arrangere et nytt treff, håper å møte mange av dere til høsten. Til så lenge:

God jul og godt nyttår!

Hilsen Ingerid.

Hei alle saman.

At det alt er 15 år sidan me hadde samling er berre utruleg. Dessuten er det mest ein mannsalder sidan me var russ!

Å få med heile livet sitt på eit par sider er ikkje lett. Men deler så gjerne noko.

Eit omflakkande liv har eg ikkje hatt. Første året 195o/51 var eg på eit skibskontor i Haugesund. Eg gifte meg i 1952. Mannen i mitt liv hadde eg funne 3 år tidligare.Han arbeide i banken på Lofthus, og dit drog eg og. Første tida arbeide er på Trygdekontoret.Seinare tok eg ymse kurs, og gjekk over til å arbeida i skulen i 1958. Det har vore min arbeidsstad i alle desse åra, t il eg hausten 1988 fekk ein sjukdom som eg har og nok vil halda på. Har gått sjukmeld eit år,og har liten tru på at eg kjem ut i arbeidslivet att. Men eg har godteke situasjonen og gjer det beste ut av det.

Får tid til anna som tidligare vart sett til side. Eit stillare liv ja. Det er jo rart for eg har vore aktiv i korsong,foreiningsliv o.a. Brigdeklubben vår i over 2o år, er framleis ei god samkome og hjernetrim.

Har ikkje, som mange andre i dag, vore i syden. Derimot har me vore mange turar i fjell,skog og mark. Det er helsebot.

Me var heldige og fekk 3 born. Dei har vore og er ei god støtte. Me treffest ofte og har god kontakt elles.

Bjørn Sigmund vart fødd i 1953.Han er busett i Asker og arbeider som salgssjef i Monoplast - Norpapp i Drammen. Dei har 2 jenter.

Hallvard vart fødd i 1957. Han har bygd sin heim i Kinsarvik, er utdanna som EDB-økonom og arbeider på Hardanger Sylvplett. Dei har 2 gutar og ein i vente.

Nelly Margunn vart fødd i 1963. Ho har utdanning innan økonomi og språk. Dei bur i Solbermoen ved Drammen og ha har sitt arbeid som "superintendant" i Storebrand,Oslo. Dei har 2 gutar.

Når ein set slik og mimra, er det ting som kjem fram frå skuletida: Då heile klassen strikka labbar til Per Tylden. Dei var av restegarn i alle fargar. Han tok strålande mot dei og gjekk for å syna seg på lærarrommet. Me var og ein gjeng med jenter som fekk koka middag på eit lite rom på toppen av gymnaset. Trur ikkje nokon får løyve til det idag!

Etter 4 år saman vart me ein institusjon. Og det var berre <u>så</u> morro då me var samla i 1975.

Så er det berre å ønskja at rett mange kan koma i laget 199o. Det var ein god ide av deg Per med denne jolehelsinga. Gled meg storleg til å lesa om alle saman.

Med ønskje om ei god jolehelg og alt godt i åra framover.

Hjarteleg helsing

Mari Framnes Bjørge

Mari Framnes Bjørge (adr. 5774 Lofthus.)

ERLING BRATLAND
LONDALEN 25,
5230 ESPELAND

BERGEN,89-12-06

LITT HISTORIKK:
DE "STORE" KARAKTERENE TIL ARTIUM KOM IKKE TIL MEG,MEN ETTER ENDT MILLITÆRTJENESTE TOK JEG "PRAKSIS" FOR I ALLE FALL OG KOMME INN PÅ TEKNISK SKOLE.
JEG HAVNET ETTER HVERT PÅ GTI, GØTEBORG, OG TOK EKSAMEN DER I 1955.
FØRSTE JOBBEN SOM INGENIØR HADDE JEG PÅ L.M.ERICSSON I STOCKHOLM.
DER JOBBET JEG I 2 ÅR FOR SÅ Å VENDE TILBAKE TIL NORGE OG BERGEN HVOR JEG HAR BODD SIDEN.
PÅ EB NERA,BERGEN HAR JEG NÅ JOBBET I OVER 30 ÅR,SÅ AKK TIDEN GÅR.
EB NERA'S HOVEDPRODUKTOMRÅDER ER RADIOLINJEUTETYR, SATTELITT-JORDSTASJONER, SPESIELLE MILLITÆRPRODUKTER SAMT KRAFTLINJE-KOMMUNIKASJON.
JEG TILHØRER RADIOLINJESEKSJONEN.
"KARRIEREN" MIN PÅ EB NERA STARTET PÅ INSTALLASJONS AVDELINGEN.
SIDEN HAR JEG HOVEDSAKLIG JOBBET I ORDRE-KONTRAKTADMINISTRA-SJONSAVDELINGEN,EN DEL ÅR SOM GRUPPELEDER.
ETTER OMORGANISERING FOR EN PAR ÅR SIDEN ER MIN TITEL NÅ PROSJEKTLEDER,MED HOVEDANSVAR FOR LEVERANSER TIL TELEVERKET, NORGE OG PROSJEKTER I EUROPA.
FORØVRIG HAR FIRMAET PROSJEKTER OVER HELE VERDEN,SÅ JEG HAR OGSÅ HATT ANSVAR FOR BL.A. PROSJEKTER I QATAR,KINA OG SØR-AMERIKA.
EB NERA HAR VÆRT EN FANTASTISK FIN OG INTERESSANT ARBEIDSPLASS, SÅ JEG SER IKKE FRAM TIL Å BLI PENSJONIST.
NOEN ORD OM FAMILIEN:
JEG BLE GIFT I STOCKHOLM I 1955 MED AASHILD SOM ER FRA TROMSØ, OG SOM JEG FREMDELES ER GIFT MED.
VI HAR 3 BARN SOM NÅ ER VOKSNE, HAR EGNE FAMILIER OG ER BOSATT BERGEN:
ERIK FØDT I 1956 ER GIFT OG HAR EN DATTER PÅ 11 ÅR.
YRKE: MONTØR (MILLITÆRPRODUKTAVD. EB NERA)
ÅSE FØDT I 1959 ER GIFT OG HAR 2 BARN, EN GUTT PÅ 7 ÅR OG EN JENTE PÅ 0,5 ÅR.
YRKE: SERVICEARBEIDER PÅ OLJEPLATFORM I NORDSJØEN
ALF FØDT I 1966 ER UGIFT MEN HAR EN SØNN PÅ 3 ÅR.
YRKE: SJÅFØR PÅ VOGNTOG
MIN KONE OG JEG BOR DA PÅ ESPELAND UTENFOR BERGEN, MEN VI HAR STERK TILKNYTNING TIL VOSS, DA VI HAR OVERTATT FORELDRE-HUSET DER OPPE.
FORØVRIG HÅPER JEG OGSÅ Å FÅ TREFFE IGJEN SÅ MANGE SOM MULIG AV RUSSEN 1950 PÅ 40-ÅRS FESTEN.

MED HILSEN,

Erling Bratland.

TLF. ARB. 05 225310
PRIV. 05 242057

Einar Brusletto
Hellerudvn 127
0687 Oslo 6

Kjære russefrender.

Da jeg reiste fra Voss i 1950, hadde jeg ingen klare framtidsplaner. Dette hadde vel også preget innsatsen gjennom de fire år - mine interesser lå litt på siden av skolearbeidet.

I likhet med de aller fleste på min alder, måtte jeg gjøre min borgerplikt for Fedrelandet. Verneplikten ble avtjent som okkupasjonssoldat i Tyskland. Jeg gikk inn i armeen som menig høsten 1950 og kom ut igjen vel ett år senere som visekorporal.

Våren 1953 tok jeg eksamen ved Sandefjord Handelsgymnas. Senere samme år begynte jeg i politiet, og der har jeg hatt min arbeidsplass gjennom alle år.

De siste 25 år har jeg gjort tjeneste ved Overvåkingssentralen, hvor jeg etter fattig evne har forsøkt å verne om Rikets Sikkerhet. På hvilken måte jeg har gjort det, kan jeg ikke røpe. Det er underlagt taushetsplikt og jeg har ikke lyst til å tilbringe min pensjonstid på Ullernsmo. Jeg synes imidlertid selv at jeg har hatt et interessant og til tider spennende yrke.

En av fordelene ved å være ansatt i politiet, er at man kan trekke seg tilbake og nyte sitt otium i en lav alder. Dette benyttet jeg meg av og ble pensjonist i september i år. Jeg har tatt på meg en liten konsulentjobb og har ellers en god del arbeid som skal utføres i tiden framover. Faktisk har jeg mer å gjøre nå enn jeg hadde da jeg var i full virksomhet.

Mitt privatliv har vært ganske normalt, men det tok litt tid før jeg slo meg til ro. Tidlig på 60-tallet giftet jeg meg. Hun er husstellærer og har i alle år støttet meg økonomisk og gourmetisk. Vi har to døtre. Den ene har studert fransk og statsvitenskap og den andre går på skole i USA.

Vi har bygd oss et hus i utkanten av Oslo - med Østmarka som nærmeste nabo. Feriene våre har vi for det meste tilbragt ved vår lille hytte ved sjøen eller på fjellet.

Jeg ser med forventning fram til et nytt vellykket "treff" på Voss neste år.

Einar.

BJØRN DØLVEN
Korpelivn. 18

3900 PORSGRUNN

Tlf. 03-51 03 26

Porsgrunn. 22.11.1989

Vossaruss 1950:

Takk for invitten frå Per Tveit og alle andre som skal arbeida med 40 års jubileet. Eg har ofte lurt på kor det er vorte av alle dei glupe jentene og gutane frå Vossarussen 1950.

Fyrst litt polemikk: I vår tid då det fløymer over av papir og uendelege utgreiingar - er bodskapen: "skriv stutt". Eg seier i eigen organisasjon: "sei det du meiner, men gjer det på ei side !" Dette freista eg å fylgja opp, men gav opp denne gongen. ("Gutane frå Voss dei er nett så populære, gutane frå Voss dei kan snakka (pissa) som ein foss.")

Det norske byråkratiet kan leva høgt på å skrive og lesa notat og brev til og frå kvarandre.

Det er fyrste gong på mest 39 år eg skriv nynorsk. Eg tykkjer det er så riv ruskande galt at me skal ha 2 (eller 3 eller 4) offisielle målføre i vårt land. Det vert ikkje noko av noko. Målføre og tale er eit kommunikasjonsmiddel, og det burde vera meir avgjerande at mottakaren skjønar det eg seier enn at eg gjer det sjølv ! (Nå vaknar nokon !) Når eg skriv nynorsk så er det i vørnad for våre "forfedrar" og gode lærarar på Voss Landsgymnas. Og for å visa at det går an å skriva eit nynorsk utan den kaudervelsken me får servert i våre offentlege riksdekkande media. (Eg tek imot kritikk og raudblyant !)

Voss ja - er det minnet som lurer oss ? Eg tykkjer at sjølv med rasjonering, dårleg husvære og lite pengar var det ei god tid. Gode vener. "Kammeratar" tykkjer eg luktar vel mykje av systema i aust. Me lærte mykje. Ja,ofte undrast eg om ikkje mykje av den grunnkunnskapen me fekk i mange fag er avgjerande også for mange haldninger og underlag i dag. Ryste og Eskeland, matematikk og fysikk, gav meg mykje. Troland med fransk og sine utgreiingar om utanrikspolitiske spørsmål. Hugsar de med "lurde" han i gang med dette så me kom unna fransken ? Ellers har eg og glede av det vesle fransk me lærde, fordi me er venskapsbedrift med Electricitè de France. Eg trur det er desse tre lektorane eg hugsar best og som merkte meg for livet - positivt.

Så kronologien:

| | |
|---|---|
| 1950/51 | Praksisår på Gjøvik støperi og mek verksted. |
| 1951-1955 | Elektro sterkstraum, NTH. |
| 1956-1957 | 18 månader militærtjeneste på Jørstadmoen. Var så smått innom Befalsskulen. Lærde masse svakstraumsteknikk. Takk for det. Lærde og mannskapsbehandling. |

1957- Så har eg vore her ved Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK). Her har eg drive med alt frå kraftutbygging i Valdres og Telemark, til nettplanlegging, forskning og utvikling.

Eg har vel drive med det meste innan ein svært spanande bransje. Fått vera med på svært mykje både nasjonalt og internasjonalt. Både som lydar og "lydgjevar". Eg reiser mykje - alt for mykje både innanlands og utanlands.

Ein kan vel seia det er mangel på tiltak når ein vert så lenge på ein plass. Men det har liksom opna seg nye vegar kvar gong det var dags å gjera noko anna.

Til tross for at me bur i sjølve svovelpølen, skal me tru massemedia og "Bellona", er det ein prima plass å bu. Eit av landets beste kystparti aust mot Stavern og sydover mot Kragerø. Skog og fjell i rikt mon.

Her i SKK vart eg administrerande direktør 1.1.1982. Me har 400 tilsette og er ein veldreven verksemd - Trur eg. Tida flyg så altfor fort. Det er reint for mykje å gjera. Strid og kiv over alt. Ein må stå på for å forsvare seg og sitt ! Og så er eg vorte sjøfrelst. Feriane dei siste 15 år har eg vore på sjøen. I år vart det utenom alle helgeturane, 23 døgn i sjøen i ferien.

Innan Porsgrunn har eg flytta 4 gonger. Nå bur eg i eit husvære litt høgt oppe (124 m over havet) me bygde i 1970.

Familielivet har ført til at eg har øksla meg og sutt for etterslekta. Det er vorte 5 born. Den yngste me har att her heime er Anne Sofie som er 18 år og går siste år i gymnaset. Alle dei 4 andre borna er i arbeid og bur i eigne husvære rundt i Grenland. To er gift og eg har 3 borneborn.

Dette med å avla born har eg ikkje klart åleine. Eg vart gift med Liv Hustvedt (Vossaruss 56) i 1953. Me skilde lag for godt i 1975. Sjølv ser eg det som eit av mine livs største nederlag.

Eg har ein god sambuar som heiter Bjørg og er sjukepleiar i aktiv teneste. Me har ikkje råd å gifta oss. Det vil kosta oss millionar i livsinntekt !

Nokre få av dykk har eg hatt kontakt med, det er heller sporadisk. Arbeidet har diverre teke meir enn vanlege årsverk.

Eg vonar å koma til Voss slik det vert lagt opp til, og då vonar eg me kan opna festen med "Vossaruss 1950". "- Høyr no Voss her skal med rydda opp i alt som gale er -" Var det slik ?

Eg får slutta som bestemor mi gjorde kvar gong med avtalte noko: "Om alt går vel".

Helsing Bjørn

Gudrun Eiken
Stølsvegen 8,
p.b. 112,
5200 Os

Os 14. nov. 89

Kjære skulekameratar!

Først hjarteleg takk for sist til dei som var på 25 års-jubileet i 1975. Tenk at det er over 14 år sidan det alt! Ja, det har runne mykje vatn i havet sidan den gong. Og no er eit nytt jubileum i sikte - heile 40 år sidan vi var russ. Det fortel sitt tydelege språk: åra går, fortare og fortare. Mitt store ønske er å få møta att fleire av dei som ikkje fekk møta i -75, dersom eg sjølv skulle få høve.

Eg vil også få retta ei takk til Per Tveit som tek på seg den store oppgåva med å setja hjula i gang. Det er heilt sikkert meir jobbing enn ein kan ana.

Sjølv fann eg ut at det var best å senda denne helsinga til juleheftet i god tid før julestria slår til for fullt.

Så var det litt om kva som har hendt dei siste 39-40 åra. Det er sjølvsagt så mykje at det kunne vore skrive heile bøker av meir eller mindre interesse for andre. Så her får eg ta med nokre små glimt.

Lat meg byrja med personalia: I 1954 (nyårsafta) gifta eg meg med ein sunnmøring (adjunkt). Vi har tre born:

1. Gunn, f. 1956 - sjukepleiar og husmor
2. Hans Geir, f. 1962 - overingeniør ved Medisinsk genetikk (Haukeland Sykehus)
3. Tone, f. 1966, husmor og skuleelev.

Desse våre tre born har gitt oss til saman 5 borneborn - 3 gutar og 2 jenter i alderen 10 - 3 1/2 år (Kristian, John Kåre, Anders, Iselin og Silje). Det er ein fin bukett. Dei to småjentene på 4 og 3 1/2 år er mykje på besøk hos besteforeldra.

Så litt om utdanning og arbeid:

1. Volda Lærarskule i 1953
2. Spesialped. utd. i 1975
3. Bergen Lærarhøgskule - logopedlina i 1977

Frå 1953 - 1956 var eg lærar i Bergen. I 1956 flytta eg og mannen til Os, 3 mil sør for Bergen, og har slått oss ned her - kanhende for alltid.

Frå 1957 - 1964 jobba eg som lærar ved sentrumsbarneskulen i Os. I 1964 gjekk eg over til å væra lærar på skulen ved Osheim behandlingshjem. Vi er fagleg tilknytta barnepsykiatrisk avdeling ved Haukeland Sykehus i Bergen. Tilsetjing her krev spesialped. utdanning. Skulen er spesiell, har berre 8 elevar (internat) og dette er born med ulike åtferdsproblem. I oktober var eg 25-årsjubilant her. Ein kan bli miljøskadd av mindre!! Lat meg med ein gong føya til at eg i mange år har hatt delpost. Eg er nemleg av den typen som har prioritert husmorjobben og heimen som nr. 1. No vert eg vel hakka av alle kvinnesakskvinner!! For meg har det vore vesentleg og inspirerande å byta på aktivitetane heim/skule. Opp i gjennom åra har eg høyrt "medsøstre" klaga over at dei ikkje har kunna fordrege husarbeid. Med meg er det annleis. Eg er så ubesjeden at eg trur eg gjer det triveleg i heimen, eg likar til og med både baking og handarbeid. "My home is my castle".

På skulen har eg hatt ei spesiell interesse for <u>leseopplæringa</u> + dette med språk- og talevanskar. Eg er no gått over til stort sett å ta meg av elevar med slike vanskar.

Det er no på trappene med ny og eigen skule for Osheim innan 2 år. Men kanskje vert med meg som med Moses: Eg får gjerne berre "skoda inn i det Forgjettede land".

Os kommune har ca. 13 tusen inbyggjarar. Her har vi altså slått oss til med hus og hytte. Os er ei naturperle, særleg sumarstida. Vi er så heldig at vi ser sjøen frå begge plassar.

Eg må likevel tilstå at eg saknar mine bardomsfjell på Vaksdal. Når eg ser fjella i klår hausthimmel eller Folgefonna rundt påsketider vert eg nærmast "dårleg" av fjell-lengt.

Sumartida prøver vi å utbetra vårt sakn til fjellet. Då

prøver vi å få med oss flest mogelege naturopplevingar der i frå. Medan mange reiser til Syden, havnar vi på ulike fjellområde her i landet. Tenk a få nyta kaffien ved ein norsk fjellbekk i 1400m høgde på Sognefjellet, eller få oppleva fug:elivet på Dovrefjell, sjå "soli skin på Anaripigg" i Rondane eller lytta til gauken på Venabygdfjellet. "Det er så vent, det kan meg grøta", sa Vinje. For 2 år sidan fekk eg oppfyllt ein ønskedraum: overnatting i telt jonsokafta i Jotunheimen (Gjendesheim). Hardangervidda er praktfull - særleg når eg får gå på molteplukking. No streikar snart mannen! Tru berre ikkje at eg er så veldig sprek. Vi kjem langt med bil i dag. Hittil har eg ikkje fått gjennomslag for å gå på Besseggen. Lyt vel leggja meg i trening då. Når eg er på bærplukking eller prøver slukstanga, er eg helst åleine. Andre har for lite tolmod. No får eg ei fast tid å vera heime på, elles trugsel om alarmering til Os hjelpekorps.

Vinterstida er det lite stabile snøforhold her i Os. Då går gjerne turen til fjellstuer i Hallingdal der vi får prøva skiene. Dette var helsing til alle hallingdøler. Vi har hatt mangt eit koseleg familietreff både på Al og Golsfjell. Eg ønskjer mange år med god helse til å få enno meir ut av livet.

Borna er no starta for seg sjølve, men vi har ofte besøk av dei to som bur nær. Sjølv er eg ei myrsnipe-mor: føler meg vel når det går godt for born og borneborn. Livet går elles litt opp og ned for dei fleste.

Ei ekstrahelsing har eg lyst å senda Ole Kvalvåg som også er min barndoms-skulekamerat. Tenk vi har gått 7 år i lag på same folkeskule og 1 år på same realskule + russ samtidig på Voss. Slå den! Vonar å få sjå deg att 8-9 sept. på 40 årsjubileèt!!

Eit lite minne frå skuletida går til fransktimane hos Troland. Han var den snillaste og mest tolmodige lærar eg har opplevd. Ja, vi fekk til og med ha fransktime ute i naturen om våren. Neste gong ville vi også ut (for å sleppa unna fransken!), men Troland nekta. Då bar to av karane i klassen han galant ut på gullstol og fiksa det heile. Til jul fekk han julegåve: Sokkehaldarar m/innskripsjon: "Når no du er gift og sit trygt i ektestand, syns vi godt du kan bruka sokkeband". Skuleelevar og militære er seg like når dei er i flokk! Eg var så heldig å få møta att vår kjære Troland i Bergen fleire år seinare - like blid og like god.

Så får tida visa om vi får møtast att på jubileèt. Eg gleder meg verkeleg til "juleheftet" som ein kan håpe på til jul. Så vil eg senda dei beste ønskje til alle for jula og året 1990.

Gudrun

Helsing Gudrun

Per Engene,
Valen,
3800 BØ T.
Tlf. 03-951244.

28. nov. 1989.

Kjære medgymnasiastar frå Voss,

Først ein takk til Per Tveit for hyggeleg brev, adresseliste for Vossaruss 1950 og ein fornøyeleg epistel om seg sjølv og sine bedrifter.

Eg kan dessverre ikkje dette med å fortelja så slentrande og elegant om seg sjølv som Per Tveit. Eg har truleg for lite sjølvironi til det. Og kva kan ein lærar ha å fortelja? Å stå bakom kateteret i år etter år kan vel ikkje vera noko å skrive heim om? Likevel har eg ei kjensle av at mange av dykk ventar å få høyre det frå meg, ein del av det eg har opplevd. Eg skal derfor prøve så godt eg kan.

Eg ser av adresselista at om lag ein tredel av kullet tok arbeid som lærarar på eit eller anna nivå. Det vart vegen for meg også, endå eg etter artium hadde hatt mest lyst til å ta ei teknisk utdanning.

Etter 14 mnd. soldatteneste tok eg lærareksamen i 1954, Statens gymnastikkskole i 1955, matematikk og botanikk grunnfag i 1961, og ved sidan av arbeid i skulen tok eg sist i 60-åra førebuande prøver i filosofi, div. emne i biologi og botanikk hovudfag i 1971.

På lærarskulen skreiv eg seminaroppgåve om "Interesser og interesseutvikling", som eg også såg som mi hovudoppgåve i skulearbeidet. Eg arbeidde i 2-delt, 4-delt og 7-delt folkeskule før me gjekk over i 9-årig grunnskule. På grunn av den store evnemessige spreiinga som finst i elevmateriellet, la eg vekt på at skulen måtte vera allsidig. Einsidig gruppearbeid i vår grunnskule er like gale som einsidig pugg var i vår barndoms skule, men båe delar er like nødvendige på sine område.

Eg kom tidleg fram til at i skulearbeidet finst det ingen bestemt saliggjerande metode. Det som trengst, er eit størst muleg batteri av metodar og innfallsvinklar til stoffet for å gjera det interessant og prøve å vinne fram til flest muleg av elevane; for dei er slett ikkje like, og kjem aldri til å bli det, same kva me gjer. Likeverdige er dei likevel, men det er ei heilt anna sak.

For å gjera det reint faglege meir levande trekte eg inn lokalmiljøet og yrkeslivet, allsidige ekskursjonar, fotturar i fjellet om hausten og skiturar om vinteren. Kva kan me vel lære like godt frå ei bok som me kan lære rett ut av naturen og sjølve det pulserande livet?

Eg trivdest framifrå i skulen til ut på syttitalet. Det var interessa til elevane som dreiv verket, så utan for mykje innblanding frå andre hadde eg sikkert vore i skulen enno. Men då 68-generasjonen av SUF à la Pol Pot kynisk innførte kulturrevolusjonen på ein del utsette skular på syttitalet, gjekk eg og mange med meg etter kvart trøytte og trekte oss ut av skulen. (Ialt 30-40000 over ein 15-års periode, slik at lærarsituasjonen mange stader er like prekær i dag som i 50-åra). Eg har personleg sett enkelte av dei flinkaste lærarane bli mobba ut av skulen etter 5, 10 eller 20 år.

Eg ventar ikkje at nokon som ikkje sjølve har sett noko av dette i norsk skule skal tru meg. Me trudde heller ikkje stort av det

me høyrde om slike tilstandar før me var midt oppe i det. Det eg fortel her, er likevel ikkje noko som eg trur eller meiner, men tilstandar som er daglege og fullt påvislege.

Til å begynne med virka det alt for uforståeleg, utruleg, men den bølgja av skuletrøyttleik, flaskeknusing, vindusknusing, herverk og mobbing som slo innover skulen og samfunnet var ikkje noko borna fann på, men vart sett i scene av eit fåtal lærarar og andre utstyrt med "Mao's vesle raude".

Noko av årsaka til at det kunne gå så gale mange stader, var ei rettmessig misnøye med sjølve skulesystemet. Dersom Staten hadde følgt opp planane for grunnskulen frå 60-åra med nødvendige ressursar også til yrkesfaglege liner, så hadde situasjonen vore langt betre i dag. No kan det koma til å gå lenge før trenden blir snudd. Det må truleg myldre med privatskular før politikarane tek rev i seila.

Den skulesituasjonen som eg har skildra her, finst heldigvis ikkje overalt, men er meir utbreidd enn folk flest er merksame på. Det tek dessverre lenger tid å byggje opp eit godt miljø enn det tek å rive det ned.

I næringslivet fekk me eit skikkeleg vendepunkt etter Håkon Høst-saka på Vinmonopolet der Rolf Hansen med Co tok eit skikkeleg oppgjer med SUF'en, men i skulen er det nærmast umuleg å få gjort noko. Noko desillusjonert trekte eg meg ut av skulen etter 30 års arbeid, det meste av tida som ansvarleg eller rektor. Skuffa og vonbroten? Ja. Bitter? Tja? både ja og nei. Eg kjende veldig sterkt ansvaret for at skulen skulle vera ein god plass å vera, så eg er glad for at eg slepp å vera med på mykje av det som skjer i skulen i dag.

Dei siste åra har eg i staden sett til livs om lag 60 vekttal data og øk/adm. fag og yndar å menge meg med datafolk. Data-evolusjonen er så fascinerande at eg reknar med å følgje med på den så lenge det er pust i meg.

Privatlivet mitt har vore svært ordinært og langt mindre turbulent enn yrkeslivet, endå me har flytta eit par gonger meir enn det var lagt opp til. I 1958 gifta eg meg med mi Magnbjørg, sjukepleiar, og ho har vore mi trufaste støtte i gode og vonde dagar. No bur me aleine og opplever vår "Indian Summer".

Me har fått tre døtrer, i 1959, 1962 og 1966. Den eldste har husstelllærarutdanning med biokjemi som tillegg, den andre er siv.ing. elektro frå NTH i 1987, medan den yngste studerer enno - uvisst kva for yrke det kan bli. Me er svært nøgde med at dei hadde evne og vilje til å skaffe seg ei utdanning. Det er trass alt ei lett bør å bera.

Eg gleder meg til å møte dykk på Voss. Til så lenge - gledeleg jul og godt nytt år.

Beste helsing

Per Engene

Bestyrar Inger Fjærtoft, (Askeland), Trøavegen 14, 7700 Steinkjer, 077-61384
Fylkeslækjar Edvard Fjærtoft, Trøavegen 14, 7700 Steinkjer, 077-61384


De fleste husker vel at Inger og Edvard begynte å holde sammen allerede i 2. klassen på gymnaset. Inger gikk ganske offensivt ut i en fransktime, noe som gjorde at lektor Trovik måtte markere med dårlig karakter til Edvard. Det gikk likevel bra med eksamen og valgmulighet videre. Inger startet sykepleierutdanning på Ullevål og Edvard medisinerstudiet i Oslo med påfølgende overføring til Bergen etter 1. avd. Da Inger var ferdig på Ullevål i 1954 og kom til Bergen, giftet vi oss. Vi har ikke funnet grunn til å gjøre noe med den saken senere.
Etter et par lykkelige år som studentektepar med Inger som forsørger, flyttet vi som assistentlegepar til Valen sykehus et halvt år før hverdagen og alvoret begynte for alvor ved sykehuset i Haugesund. Vår eldste sønn ble født der. De stusset da Inger kom vandrende med hunden i bånd en natt og bad om å få en seng til å føde i og vakthavende turnuskandidat til å ta hånd om hunden.
Et år senere havnet vi på Finnås (Bømlo) midt oppe i Asiasyken, som hadde lagt omtrent alle de 8000 innbyggerne (inklusive distriktslegen) til sengs. Der var bruk for både sykepleier og lege. Det ble noen utfordrende, strevsomme og både yrkesmessig og menneskelig givende år, selv om kontakten med venner og kjente og verden forøvrig ble forsømt. Bortsett fra visse avbrekk tok det nærmere 10 år før vi la Bømlo bak oss for godt. Da hadde vi ekspandert til en familie på 6 med tre sønner og en datter. (En hund kommer alltid i tillegg).
Et år som militærlege på Evjemoen var også ganske opplevelsesrikt med distriktslegemangel og en lang dal med sætesdøler som tok til takke med en nybakt militærlege til å ta seg av de merkeligste plager presentert på en frodig og tildels helt uforståelig dialekt.
Halvtannet år i Oslo med arbeid i Helsedirektoratet bragte oss mer i kontakt med større miljø og flere venner igjen.
Et års videreutdanning ved Harvard Universitetet var planlagt som en familieutflukt, men en dårlig "timet" familieforøkelse gjorde at Edvard reiste alene til USA og overlot familien, dens omsorg og forøkelse til Inger alene. Det gikk også bra, selv om det knaket i endel sammenføyninger-.
Askøy ble neste stopp, 2-3 år med Bergen som stor og nær nabo, en befolkning som var preget av dette om vinteren, og om sommeren ble omtrent fordoblet av alle bergenserne som flyttet til hyttene sine.
Etter press fra Helsedirektoratet som hadde sørget for videreutdannelsen reiste vi til Steinkjer og Nord-Trøndelag hvor vi hadde tenkt å være i 3 år. Vi er her fortsatt på tyvende året. Ungene hadde funnet ut at vi hadde flyttet 13 ganger da vi kom til Steinkjer, så de sa

stopp.
Inger fant ut at hun skulle prøve noe nytt og tok lærerskoleeksamen etter 2 års pendling daglig til Levanger. Den rene lærerkarrieren ble kortvarig. Etter et år i grunnskolen ble hun ansatt som bestyrer for en institusjon for psykisk utviklingshemmete, som hun bygget opp fra grunnen. Den er så bra at den er en av grunnene til at fylkeslegen er motstander av avviklingen av hele omsorgen for psykisk utviklingshemmete.

Vi har funnet oss godt til rette og har en stor omgangskrets i Steinkjer. Edvard har stadig en rekke oppdrag for fylkeskommune, Sosialdep. og Helsedirektoratet. Inger har tatt opp en gammel hobby og syslet litt med politikk. (Hun var med å starte Voss Unge Høyre før gymnastida).
Barna våre hindrer oss ikke lenger i å flytte - de har flyttet ut selv. De to eldste er sivilingeniører og bor for tida begge i Tromsø. Jenta vår er fysioterapeut ved Regionsykehuset i Trondheim, og yngstemann er student ved skogbrukslinja på Landbrukshøgskolen på Ås. I Tromsø har vi et barnebarn, en herlig jentunge på to år.
Alle er flinke til å komme heim i feriene, og hver høst drar de tre guttene sammen med sin far på noen dagers fjelltur og rypejakt. Friluftsliv står fortsatt høyt i kurs som fritidsbeskjeftigelse for oss begge. Inger har en tradisjon å ivareta etter at hun i 16årsalderen hadde daglige turer til Skitseth og Hanguren, og har foreløpig holdt stand med sammerens ryggsekk- og telttur i myrtunge og regnvåte trøndelagsfjell.

Vi tar sikte på en gjenforenings- og jubileumsfest på Voss !

Hilsen

Inger Edvard

Inger og Edvard Fjærtoft.

Kjære 1950-russ!

Det gav ei rar kjensle å lesa "skrivet" til Per. Person etter person steig fram frå namnelista og knytte til seg andletsdrag, minne og kjensler. Bilete som ligg langt attende i tida og liksom høyrer heime i ein annan tidsalder.
Med meg har mykje hendt i mellomtida. Skal tid målast i oppleving heller enn i månader og år har eg alt levd lenge. Det har vore eit stort privilegium. Ikkje slik at alt har vore "godhende", langt derifrå, men fordi mykje menneskeleg er blitt meg kjent. Livet har vore ein hard, men rik læreprosess. Eit utgangspunkt var at eg ein augustdag 1946, medan rektor las resultatet av opptaksprøva, sat gøymd bak eit tre i Prestegardsmoen. Det var mykje manglande sjølvtru å lappa på, mange mentale sperrebommar å kliva over, mange "Jantelovske" haldningar å slåss med og mykje falsk "bygdatryggleik" å gi avkall på før ein kunne leggja nokre sprengde grenser bak seg og leva ut noko av det som bur lengst inne.
Til det har eg hatt god hjelp. Ikkje minst ei utruleg kona som heiter Birgit. Gjennom 35 år har eg freista å tyna henne med argument mot sider ved livet ho har sett og eg ikkje. Heldigvis har eg vore mykje på vikande front. Dessutan har eg 5 born (2 gjenter, 3 gutar) som er dei beste i verda, føler meg ikkje ein gong som myrsnipe når eg seier det. Dei har gitt meg ein skulegong som er slik at dei siste 30 åra har gått med til å bli kvitt det eg lærde dei første 20. I alle høve følest detslik i tunge stunder. Men så har då generasjonskløfta heller ikkje blitt større enn at det går greitt å skreva over - begge vegar. Og av alt det store eg har opplevd var det å ha 5 tenåringar i huset, saman med ei horg vener, det aller største. Øydelagde møblar, skamfarne parkettgolv, knuste ruter, vakenetter og 100 decibel har vore ein rimeleg pris for å få følgja 5 born i rivande vekst og utvikling, for tiltru og åpenhet, for glede og gråt isaman, for stolthet over framgang, for samspel i ei seilskute i storm på Nordsjøen og for det å veta seg far til fem vaksne, storveges menneske.
Etter gymnaset enda eg på Norges Veterinærhøgskule. Mor mi hadde tjuvlånt vitnemålet og sendt falsk søknad. Ho var redd einaste barnet skulle fara til Tyskland og studera medisin slik han hadde lyst til. Dyr har eg aldri vore særleg interressert i. Eksamen har eg mest nytta som inngangsport til menneskeleg hopehav. Som dyrlækjar tyktest meg bøndene gjevare enn dyra deira. Og mellom bønder har eg mange av mine beste venner, og mange gilde og store menneske har eg møtt i den krinsen.
Etter 8 år i ein "superpraksis" i Nord-Rogaland, med arbeid omtrent natt og dag, pakka me snippøskja og drog til Asker der eg håpa på finare dagar med stilling i eit farmasøytisk firma. Men det vatt snart på seg. Det vart til at eg gjennom 10-12års tid fekk høve til heilt frå botnen å byggja opp eit av dei største farmasøytiske firma i landet. Der er eg framleis med i styret. Då eg takka for meg hadde me omlag 40 tilsette og heldt hus i ein 100 år gammal patrisierbustad med 10 mål park midt i Drammen by. Dette var eit arbeid som gav meg dei rikaste og mest lærerike åra av mitt liv. Men krava var også store, både i timar og innsats. Då borna tok til å presentera seg når eg kom heim vart det klårt at noko måtte gjerast.
Me pakka sakene, kjøpte Colin Archer seilskøyte og for til Stord der eg tok til som distriktsveterinær jan. 1977. Der bygde me ein heim utan andre hus i sikte, med eiga strandline til fjorden, hamn til båten på eine sida og eit aure-tjern på andre sida av tomta. Dette vart ein fristad for både unge og eldre. Gode minne har me med oss, ein son og gode venner er att.
Stord vart ikkje siste stoppestad slik me trudde. Det kom bod frå Bergen om at dei trong mellombels hjelp på Fylkesveterinærkontoret. I Bergen stortrivdest både Birgit og eg. Det som var meint å vara

1 år vart strekt til 1½. Då hadde me og fått med oss mykje av kulturlivet og det byen elles har å by på. Tanken var å dra attende til Stord der hus og arbeid venta på oss. Men under eit av dei verste regnvera i manns minne (hausten -87) sende eg søknad på ledig distrikt i det fagre og solrike Holmestrand. Loddet kom ut med vinst, men det var med stor tvil me igjen vende nasa austover.
- Først skulle me likevel vestover !!! Bilett var kjøpt for Birgit og meg jorda rundt. Permisjon hadde eg fått og nå skulle me som 50 - 60årige ryggsekkturistar freista å kryssa nokre grenser - i dobbel forstand.
Turen gjekk via Vestkysten av U S A til Hawaii, Fiji, Solomonøyane, Australia, Hong Kong og Perlefloden inn i det lutfattige Syd- og Sydvest- Kina. Der var me snautt 4 veker før me avslutta med 2 veker i Thailand og nokre dagar med tulipanblomstring og samvær med gode venner i Holland.
Heile tida reiste me på billigaste måte, budde på dei billigaste stadene og tinga aldri bilettar eller rom på førehand.
Sjølvsagt var dette ei stor oppleving. Ikkje minst å vera saman med innfødte i øyde jungellandsbyar på stillehavsøyane, bu i sivhytter og delta i urgamle riter - eller å oppleva det Kina som me aldri høyrer om og som få trur på når me fortel. Men ein får nytt perspektiv på eige liv og eige tilvere etter ein slik tur.
Eit Stortingsvedtak sist vår førte til endå eit skifte i min arbeidsdag. Vedtaket sa at me etter 40 år skulle få ei ny veterinærordning i Norge. Men til det krevst mykje førebuing. Ei rekkje ekspertgrupper og eit prosjektsekretariat vart peika ut til å ta seg av førearbeidet. Tidleg i haust vart eg beden om å ta permisjon frå stillinga mi i Holmestrand for å komma til Landbruksdepartementet og leia dette arbeidet.
Eit slikt oppdrag er sjølvsagt eit tillitsvotum som varmer, men og noko av det mest spanande og engasjerande eg noko tid har drive med. Vanskane er mange og store, men det er gildt å vera med å skapa ting - og å gå nye vegar!
Og gildt skal det bli å møta 1950-russen i 1990!

GOD JUL OG GODT ÅR TIL ALLE !

Helsing
Harald Fjøsne

Harald Fjøsne
Sommerro Terrasse 2
3080 HOLMESTRAND

Tlf. 033 - 51137

KJÆRE VOSSA-RUSS FRÅ 1950 !

Ein vil vel helst falla i djup meditasjon når ein ser tilbake på 40 år av eins liv,ei tid som har runne " som elv mot os."

"Kvar vart det av alle dei blomar eg såg ifjor?" kan ein spørja.

Her får eg saksa eit filosofisk svar frå fader Ibsen:

"Best var det kan hende det gikk som det gikk,- og så får du ha takk da,Gud !"

Mitt neste sitat er følgjande :

"Heldigvis for mannen så svarte søster ja , og nå er mannen gift og har det veldig,veldig bra."

Gode slektsrøter frå Egersund og Jæren vart kopla saman med steinalder ætt frå Bømlo ,og dei har kome med friske renningar.

Vi fekk to jenter og to gutar. Dei har skaffa seg høgare utdaning og er i arbeid.

Det gler sjølvsagt foreldra at det lukkast både med utdaning og arbeid. Men det er endå mykje gildare at dei framleies set pris på oss om "Håret gråner,og sangens elv flyter mere stille;" og syner det på ymse vis. --- No om dagane går vi og ventar på vårt tredje barnebarn.

Vi har to barn : Ingrid Louise som ble født i Oslo i 1967 og Kristian som ble født på Madagaskar i 1971. Barna våre gikk på Den Norske Skolen på Antsirabe og bodde på Internatet der. I siste periode var vi bosatt i Tulear, en havneby lengst i sør på Vestkysten. Derfra var det 80 mil til Antsirabe. Vi fikk barna hjem tre ganger i året, og da var det stor fest. I 1983 gikk datter vår ut fra 9. klasse der ute. Samme året reiste vi hjem,da perioden var slutt.

Ingrid Louise går nå tredje året på Diakonhjemmets Sykepleierhøgskole. Kristian går den praktiske vei og er for tiden lærling i Bygg og Anlegg. Både sønn og datter trives godt med arbeidet de har valgt. De bor enda hjemme.

Vi har bodd i NMS' hus i Oslo hver gang vi har vært på hjemmeopphold. I 1985 fikk vi imidlertid kjøpt et vertikalt delt hus med hage til. Det ligger på Ljan i Oslo. Vi er svært glade for å ha fått vårt eget etter en omflakkende tilværelse.

Siden vi kom hjem til Norge i 1983, har jeg for det meste reist som forkynner for Landsstyret i NMS. Jeg besøker ofte misjonsforeninger, har møter og skoletimer, deltar i gudstjenester og forskjellige leirer for barn, ungdom og voksne. Min kone arbeider som sykepleier i eldreomsorgen.

Jeg ser nå fram til å få møte dere på Voss til høsten. Nå nærmer julen seg, og jeg ønsker dere alle gledelig jul og et velsignet nytt år med det kjente verset : "Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom, der samles mine tanker som i sin hovedsum. Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt; jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt ! "

Hjertelig hilsen

Bjørn Vidar Mehus.

Bjørn Vidar Mehus.

Ivar Mo
Sørli terrasse 36
1473 Skårer

Kjære Vossaruss 1950 !

Det ble NTH etter gymnaset, jeg må vel tilstå, som planlagt.

Men først var det vel ett års militærtjeneste, halvparten av tiden i Tysklandsbrigaden. Jeg var så heldig å få arbeide som bilmekaniker sammen med tyskere. Foruten praktisk bruk av skoletysk, lærte jeg en god del om Tyskland og tyskere, slik det fortonet seg bare fem år etter krigen.

I Trondheim begynte det med hardkjør høsten 51, Forsvaret holdt oss i Tyskland en måned etter semesterstart. Gamle kjente fra Voss var gode rådgivere i å ta igjen det forsømte, så det gikk rimelig bra.

Årene ved NTH, det ble syv i alt, har vel mer enn noen annen enkeltperiode hatt betydning for resten av livet til nå. Jeg likte godt det jeg holdt på med. Brukte nok mesteparten av tiden, kanskje litt for mye, på studiene. Noe tid til Studentersamfundet og "Trondjæmspian" ble det allikevel. Jeg traff min kone Eli der, vi giftet oss i begynnelsen av 56 og har det fortsatt godt sammen.

Linjevalget ved NTH ble Elektro svakstrøm.Jeg kom til å interessere meg for telefonteknikk og valgte diplomen på dette område. Samtidig hadde jeg jobb som vitenskapelig assistent. Etter dette fikk jeg Høgskolestipend i vel to år. Tiden ble brukt til dr. ing-studium som blant annet omfattet bygging av en elektronisk telefonsentral.

Etter tre år på NTH utover vanlig siv.ingstudium var tiden inne for valg mellom å bli der eller å begynne med noe annet. Begge deler syntes bra nok, jeg likte undervisnig. Det ble industrijobb allikevel, høsten 58 begynte jeg ved Standard Telefon og Kabelfabrik. Jeg har vært der siden og regner meg som fastgrodd nå.

Over 30 år i samme selskap kan synes ensformig. Det har det ikke vært, jeg har fått prøve meg på mange slags oppgaver. Arbeid i internasjonalt miljø har det vært hele tiden, det har jeg likt godt. Fortsatt er det nye ting å holde på med, spennvidden er fra helsevesen via OL til inkasso, alt telekommunikasjonsrelatert. Eli mener at tiden er inne til trappe ned. Hun har kanskje rett, men jeg liker stadig jobben, derfor har det ikke blitt noe av det.

Litt om privatlivet: Vi bodde et par steder i Grorud-dalen de første fem årene i Oslo, kjøpte så et hus i Lørenskog hvor vi fortsatt holder til. Vi har en sønn som heter Øyvind, han valgte å bli arkitekt. Han gjør det godt og det er selvsagt til stor glede for Eli og meg: Han er en av de tre nordmenn i det internasjonale teamet på fem som fikk førstepremien i arkitektkonkurransen om bibliotek i Alexandria. Nå er de igang med noe som blir et bygg i milliardklassen, hvis Egypt greier å ordne finansieringen.

Noe erfaring i politikken er det blitt. En periode i kommunestyret i Lørenskog var interessant. Det ble med de fire årene fordi jobben ved STK og politikken ikke lot seg forene med normalt familieliv. Jeg måtte velge to av de tre.

Pensjonisttilværelsen har jeg ikke tenkt så mye over, selv om den ikke er så veldig langt unna. Vi liker godt å reise sammen, det blir det derfor sannsynligvis en del av.

Til slutt julehilsen til alle sammen. Jeg gleder meg til å lese bidragene fra dere.

Til julehefteredaktør Per Tveit
Frå Andreas Myklebust

Eg har innimellom tenkt: Kvar blei dei av dei kvinner og menn frå Voss Landsgymnas russ 1950? Eg traff sjeldan på dei på mi ferd gjennom livet. Det må vera rundt 20 år sidan eg sist såg ein eller fleire frå det kullet. Det var derfor med stor spaning eg åpna den gule konvulutten eg mottok her om dagen. I fyrste omgang verka konvulutten lite interessant Og såg slett ikkje ut til å innehalda noko inspirerande stoff.- Men så oppdaga eg navnet Per Tveit i nedre venstre hyrna. - Og då - ja, då hadde eg samanhengen før eg åpna brevet! Det var eit sers sjeldan brev eg hadde framfor meg. Per Tveit si forteljing førde meg ca. 40 år attende i tid. Ideen om julehefte var topp. Kan fleire personer få til noko liknande det han Per presterte, kan det bli eit alle tiders julehefte.
Adresselista for Vossaruss 1950 studerte eg med omhu.Det er så pass lenge sidan 1950 at eg måtte leita fram russebiletet frå det året for retteleg å kjenna igjen dei som var lista opp.
At det allereide er nedsett ei vel kvalifisert festnemd for jubileumsfesten, skulle tyda på at det kan bli ei god og givande samling på Voss til hausten.
Eg tok ingeniøreksamen på kjemilina i Bergen i 1956. Det fyrste året som ingeniør var eg ansatt ved Forsvarets Forskningsinstitutt på Kjeller. Der bestemte eg radioaktivi strontium, barium og cæsium i nedbør, melk og ost og var dessutan innom sporanalyser i nioboksyd. I 1957 flytta eg til Askøy. Der var eg i ein malingfabrikk der det blei produsert forskjellige typer tørrstoff for maling og der hovedproduktet var sinkkromat.I 1961 flytta eg så til Sunndalsøra - ei Amerikareise då mesta. Eg var då ansatt ved Årdal og Sunndal Verk på Sunndalsøra. Her har eg vore ansatt i 26 år. Arbeidet her gjekk ut på analyse av utslipp, arbeidsatmosfæreog kva for forurensinger som gjekk til sjø, luft, skog, gras osv. Kort sagt miljø.
Eg har ikkje hatt så få sjukedager som han Per. I 39-årsalderen blei det kasta på meg ein sjukdom som heiter Trigeminus Nevralgi - til daglig kalla ansiktsmerter.Det var for meg ein hardnakka sjukdom. Eg leita etter hjelp ved Molde sjukehus, Regionsjukehuset i Trondheim og ved Rikshospitalet. - Men opp til fleire gonger blei eg verre etter handsaminga enn før. Eg var innom akupunktur, homøopati, håndpålegging og alle slags kjerringråd. Men ingenting hjalp! I 1975 kom eg over ein artikkel i " Farmand " der ein med liknande plager hadde vore i København og blitt operert for plagene - med godt resultat.

Eg skreiv til Danmark og kom til København og tok operasjonen.
Der åpna dei hovudet mitt, flytta både på vener og årer og eg blei fri smerter etter 11 år med store plager. Ei aldeles hardhendt handsaming i København - men med godt resultat!
I 1982 fekk eg eit hjerteinfarkt Og 2-3 år etter det slutta eg i arbeid. No kan det derfor føyast til h.v. etter tittel i adresselista for Vossaruss 1950.
I 1958 gifta eg meg med Gurid Skaar. Ho er frå same staden som eg. Her på Sunndalsøra var me begge ansatt i same firma. Ho som EDB-operatør i over 20 år.
I 1959 fekk me sonen Geir. Han tok bedriftsøkonomisk line på gymnaset og gjekk rett over i Sunndal Sparebank der han har vore ansatt i over 11 år . Sunndalsøra er omringa av høge fjell. Det har gjort Geir til ein flink skiløper. I sin tid var han kretsmeister i slalåm.
I 1961 fekk me ein son til. Han fekk navnet Thor. Thor har teke hovedfag i fysikk ved universitetet i Trondheim og har no i snart 3 år vore ansatt i Direktoratet for måleteknikk i Oslo. Han er også fjellinteressert - men heller kanskje meir til sommerlige fjell.
I 16-17 årsalderen blei han norgesmeister i styrkeløft. Den 8. november i år var han avbilda i Aftenposten. Han skulle då til Paris med eit viktig 1 kg lodd.
I gode og vonde dager har ho Gurid vore trufast på plass. Me kunne derfor feira eit lykkelig sølvbryllupp i gondol i Venezia for 6 år sidan. Etter at eg hadde vore ut av arbeid i 1-2 år slutta også Gurid på arbeid. Eg har vore heldig! Gjennom eit sunt og til dels aktivt liv har eg retta meg opp igjen. Eg har no så god helsa at me har kunna teke fleire turer i Middelhavsona dei siste åra. Eg melder meg derfor på jubileumsfesten og voner at eg då også kan trø dansen.
Så vidt eg veit er det ikkje noko barnebarn i emning. Det kan sjå ut som sønene er like treg som faren når det gjeld formering. Fortset det slik , kan eg rekna med å bli oldefar på 100-årsdagen.
29 år på Nordmøre har gjort meg til nordmøring. Men eg har laga meg hytta i " gamlelandet " så eg har fare gjennom Voss mange gonger på desse åra.
Eg kunne tenkja meg å sjå Alsos i tønna ein gong til. Eg meiner også at Aaslaug Aarhus Asheim og O. Kvalvaag hadde eit godt innslag i russerevyen.
Med dette ynskjer eg russen frå 1950 god jul!

Helsing Andreas Myklebust
Sunndalsv. 23
6600 Sunndalsøra

Nils Neset
Tonafjellet 18
5355 Knarrevik.

Des. 1989
Tlf. 05 - 331246.

Kjære russekamerater.

Etter fire gode år ved Voss Landsgymnas starta eg opp ved universitetet i Bergen hausten 1950.
Meininga var å studera jus. Då eg var noko skuletrøyt, og lysten til å koma seg ut i verda for "å prøve lykken" vart for sterk, mønstra eg på i utenriks fart rett før jul.
Trøysta mi er at norsk rettsvesen førebels har klart seg nokolunde (bra) utan mi hjelp.

Sterke inntrykk frå "sjømannstida" er nærkontakten med stormen i Biscaya, skipsforlis og sjøfolk som omkom.
Då eg kom heimatt vart det fiske i eit par år. Det eventyrlege vintersildfisket var då på topp, og føregjekk på streknongenStadt-Haugesund. Her fekk eg læra noko om hardt slit og godt kameratskap.
I minnet set også dansen på lokalet anten det var i Florøy, Måløy eller Haugesund og møtet med "Amanda."

Då eg hadde fått nok av saltsmaken reiste eg hausten 1954 til Oslo, der eg tok byggmeistereksamen våren etter.

Dette gav meirsmak slik at eg året etter skreiv meg inn ved Gøteborgs Tekniska Institut og tok ingeniøreksamen våren 1959.
Eg var heldig og fekk jobb hos Ludvigssons Ing.byrå i Gøteborg der eg arbeidde i tre år.
Andre positve ting som hende i denne perioden var at eg gifte meg, og at to av borna våre kom til verda.
Ho eg vart gift med hadde eg møtt første gongen under russetida på Voss. Som eg sjølv, hadde ho vakse opp "mellom bakkar og berg utmed havet". Nærmare bestemt på vestsida av Sotra ved Bergen.
Det norske miljøet som då fannst på sjømannskyrkja og ellers, var slik vi opplevde det, eit godt miljø på mange måtar.
I mimrestunder står denne tida for oss som "dei beste åra av vårt liv."

Men vi ville likevel ikkje bli svenskar, og då eg 1962 fekk jobb i Bergen og vi samstundes greide å skaffa oss husvære vart det flytting.
Arbeidsområdet mitt i eit middels stort entreprenørfirma vart fasadekonstruksjonar i glass og aluminium.
Byggeledelse og pendling til Oslo der flyterminalen på Fornebu, O.B.S.adm.bygg og Index-huset tok det meste av tida.
Det interressante som ellers hende meg i desse ti åra, var auking av familien med ein gut og ei gjente.
Når "lillegutten" Geir-Ove nå er 185 cm høg,har fått med seg artium og studieopphold i U.S.A. seier ikkje dette berre at han ser far sin 12 cm. lenger nede men også noko om at verda er blitt mindre sidan russetida på Voss.
Eg har funne ut at reisetida mi frå Landro på Sotra til Voss i 1946 var like lang som hans reisetid Bergen-Kansas City 40 år seinare.

Av "svenskeborna" er Terje adjunkt og Monica hjelpepleiar.
For Mariann vart det handelsgym og vidare merkantil utdaning.
Ho er nå bankfunksjonær i ein bank i Bergen sentrum.

I 1971 søkte eg og fekk stilling som salgsingeniør ved Å.S.V sitt avdelingskontor i Bergen.
No blei det ein god del reising på Vestlandet der eg vitja byggevareforretningar og tekniske skular der eg fortalde om aluminiumets fortreffelighet og velsignelser.
I denne perioden som kom til å vara i 11 år ble det husbygging og flytting til Sotra.
Eg var no tilbake mellom havstrilar der både eg og kona har våre røter.
Når eg frå vindauga i stova ser båtar på vei til å frå Bergen havn kjemner eg igjen den gode gamle saltsmaken frå barne-og ungdomstida. "Det er godt å koma heimatt."

På nytt havna eg i 1983 i entreprenørbransjen ved at eg vart tilsett som prosjektleiar med ansvar for byggeledelse for skular og idrettshallar i Nord-Norge.
Gjenom reiseverksemd har eg blitt betre kjendt med denne delen av landet vårt og folket som bur der. FOR MIN DEL POSITIVE INTRYKK.

Når eg no ser tilbake på livet i dei 40 åra som har gått sidan russetida, på opp- og nedoverbakkar, på korleis det har gått med born og borneborn som førebels er fem i talet, er konklusjonen denne: " Jag vil takka livet, det har gitt mig så mycke"

Ynskjet mitt for vesle Anna,Øyvind,Morten, Marius og Torbjørn er likevel at dei må få oppleva ei meire menneskevenlig verd enn den vår generasjon har skapt,
Ei verd der dei enorme resursar som også i vårt land nyttast til våpen kan omfordelast til mat for dei som svelt, til eit reinare miljø, til det som byggjer opp, og gjer livet verd å leva.

"I ensomme stunder, når det er tyst" og eg sit med trekkspelet mitt og minnest gamle dagar kjem det for meg mange fine episodar frå skuletida på Voss:
Eg ser for meg sumarnatta i båt på det spegelblanke Vangsvatnet, der romantikken låg så tjukk i lufta at ein fekk pustevanskar,
eg ser dansen i musikkpaviljongen i Prestegardsmoen,
eg opplever på nytt heftige diskusjonar på stamkafeen i Haugamoen der vi løyste dei fleste verdensproblema,
eg ser susande svampar i lektor Troland sine engelsktimar
MEN framfør ~~alt~~ ser eg bygda med dei lange leine lier.

Vi har mykje å snakka om når vi møtest i september neste år.
God Jul til alle og vel møtt.

Beste helsing

Nils.

Litt meir om meg sjølv.

P.S.

Etter som åra har gått har eg blitt
meir og meir „venstrevridd"
Er medlem av „Folkereisning mot krig."
Har vore aktiv styremedlem i
Lokal-laget av „Nei til atomvåpen"
sidan den vart skipa av
Bergfrid Fjose.
Melder meg for eit år sidan inn
i Sosialistisk Venstreparti
der eg er studieleiar.
Årsaka til at det vart S.V.
er dei tankar eg har gjort meg
om norsk forsvars- og utenrikspolitikk.
Deltok i fjor personlig i demonstrasjon
mot atomvåpen på Haakonsvern
der der låg båtar med slike våpen
Striv litt i Lokalavisa av og til om
enne som for ekse.: militariseringa av Nord-Norge,
fråflutning frå utkantstrøk, barnehager,
religion, skulepolitikk o.s.v. o.s.v.
Det var freistande, men eg tykte det vart
for mykje å ta med alt dette i Juleheftet.
Nils D.S.

Kristian Oaland,
Mosvoldvn. 69,
4550 Farsund.

Kjære russekammerater!

"Dinosaurenes tidsalder" heter en bok som kom ut i høst. Så lenge siden er det ikke fra vår russetid, men det synes lenge. Jeg husker at jeg vinket til bussene på kaien i Stavanger en gang i junimåned 1950. Og etter den tid, er det noen få jeg har møtt igjen. Mange tanker meldte seg da jeg fikk "Navnelista" fra Per Tveit.
Well, jeg skal prøve å gi et tilbakeblikk fra 1950 og til idag når det gjelder meg.

På høsten 1950 begynte jeg på pliktåret i militære. Jeg havnet i flyvåpnet og tjenestegjorde på Sola-Forus og der på militærlageret, etter kurs bl.a. på Kjeller. Stort sett bortkastet tid for begge parter.
Ferdig med militærtjenesten høsten 1951, begynte jeg på NBS-verksted ved Stavanger for praksis til NTH. Læretida her var lærerik nok og en fikk innblikk i arbeid og arbeidsmoral som jeg siden har sett tilbake på med blandende følelser.
Høsten 1952 begynte jeg så på elektrolinjen, sterkstrøm ved NTH. En kjekk tid på mange måter var denne studietiden i Trondheim. En blanding av fest og beinhard lesing i fire år. Under diplom-

arbeidet som pågikk september til desember 1956, fikk jeg arbeid ved Allis-Chalmers fabrikk i Cincinnati, Ohio. Dette firmaet ordnet med immigrasjonspapirer til U.S.A og betalte også reisen.
I venting på immigrasjonspapirene, fikk jeg jobb som lærer ved en folkeskole i heimekommunen. En to-delt skole, hadde fra 1. til 3. klasse den ene dagen og 4. til 7. klasse den neste. En artig tid.

Så en vakker dag i mai 1957 gikk flyet og jeg fra Fornebu med kurs USA. Cincinnati var en by med omland på rundt 1 million innbyggere og ligger mot Ohio-elva. Varmt og fuktig var det her om sommeren og kaldt om vinteren. Her var jeg i 4 nærmere 5 år. Fabrikken hadde 2000-3000 ansatte og produksjonen var elektriske motorer, generatorer og diverse styringer for desse. Interessant tid, da en fikk varierende arbeidsoppgaver. Jeg fikk også anledning til å se en del av U.S.A. og Canada og lærte amerikanerne å kjenne. Jeg tror en har godt av noen år utenlands, en utvider sin horisont og oppdager at det ikke alltid er "Norge som er best." -- Det blir også slik at når en er utenlands, drømmer en om Norge.
Well, jeg reiste altså heim igjen, og etter en lengere ferie begynte jeg som elektrosjef på Sandnes Aducerverk på Sandnes. Verket framstilte adusergodt til rørdeler og også deler til biler, bl. annet bremsenavet til Saab. At Aducerverket gikk konkurs

to-tre år etter at jeg sluttet, er neppe mi skyld.

I august 1969 begynte jeg hos Elkem ved hovedkontoret i Oslo. Dette var i forbindelse med planleggingen av aluminiumverket på Lista. Jeg var da i Oslo til september 1970, og flyttet så til Lista eller Farsund hvor jeg har vært siden. Her ved Aluminiumsverket har jeg vært elektrosjef inntil i høst, da jeg gikk over til prosjekterings- og utbedrings-oppgaver.

Dette er blitt mye oppramsing av jobb og arbeid. Til de som har lese så langt; jeg skal bli kort når det gjelder familien. Forelskingene har vært mange, men jeg har ikke vandret kirkegangen til toner fra Mendelssohn's marsj. Med andre ord, blir jeg reknet som ungkar og da skal en ikke skrive noe fra privatlivet. En kan prate om det, men helst ikke skrive -- synes i alle fall jeg.

Summa summarum: Jeg synes verden har behandlet meg meget godt hittil. Helsen og humøret har alltid vært på topp og jeg har lite å klage over.
Jeg vet ikke om jeg har funnet noe av det forfatteren H. Prather skriver: "How to live in the World ... and Still be Happy."
Med beste hilsen og på gjensyn
Kristian.

Kari Hildegunn Opedal
Wildenveybakken 10
0765 Oslo 7
Tlf. 02-141233

Kjære skulevener! Oslo, 2.12.89

Takk til Per Tveit for at du tok initiativet til å gje ut julehefte! Eg ser fram til å lesa om kva som har hendt Vossarussen 1950 i desse 40 åra.

For å gå rett på sak om meg sjølv, så gjekk eg på Oslo Handelsgymnasium, sekretærlinja, skuleåret 1950/51. Eg hadde ein kort, yrkesaktiv periode som sekretær her i Oslo før eg gifte meg i 1954. Mannen min hadde arbeid i firmaet Kampsax sin utanlandsavdeling i København. Der budde me i 2 år. København er ein sjarmerande og triveleg by. Me budde i eit lite hus utanfor byen, i Hvidovre. Der vart den eldste dottera vår, Trude, fødd i 1955. Ho er adjunkt og arbeider i skulen. For tida har ho fødselspermisjon. Me vart besteforeldre til ein stor, fin gut i juli i år, det første barnebarnet. Ho og mannen hennar har bygd hus nokre få minutt å gå frå oss. Så me har god kontakt og gled oss over utviklinga til Erik Alexander.

I 1956 reiste me til Latakia, ein kystby i Syria, der mannen min var med på utbygginga av hamna. Det var interessante og fine år. Me reiste ein god del rundt i Syria og i andre land i Midt-Austen. Syria har vore fransk protektorat. Dei som hadde utdanning, snakka fransk. Me lærde ein del fransk der nede og tenkjer enno tilbake på denne tida som rik og gjevande.

Me kom attende til Norge i 1958 og var busette i Oslo eitt år. Her vart Dag Jakob fødd i 1959. Han er siviløkonom frå Bergen og har studert eit år i Franrike, Fontainebleau, der han tok graden Master of Business. Han arbeider i industrien. Me hadde koseleg bryllup jonsokaftan i år. Han og kona bur i nærleiken av oss, dei og.

I 1959 reiste me til Stjørdal der mannen min sto for utbygginga av Værnes flyplass. Der vart Anne Hege fødd året etter. Ho er utdanna statsvitar med fransk og psykologi i tillegg. Ho har arbeidet sitt i eit departement og bur ikkje så langt undan oss ho heller.

I 1972 fekk me Sigurd, som no går i 2. klasse på gymnaset. Det er fint å ha ungdom i huset!

Då Sigurd nærma seg 7 år, fann eg ut at dersom eg skulle ut i arbeidslivet igjen, byrja det å hasta. På den tid hadde eg vore heimeverande i nesten 25 år. Eg søkte jobb i Rådet for vidaregåande opplæring, og der har eg hatt arbeid 3 dagar kvar veke sidan, no som 1. kontorfullmektig. Miljøet er triveleg og inspirerande. Det er interessant å få fylgja med i det nye som rører seg på skulefronten.

Eg vonar å få høve til å reisa til Voss i september neste år. Festnemnda ser ut til å vera sterk, så opplegget vert sikkert bra. Særlege ynskje har eg ikkje. Dei "bortkomne sauene" kan eg diverre ikkje hjelpa med.

Eg vil ynskja dykk alle gledeleg jol og godt nytt år!

Hjarteleg helsing Kari Hildegunn Opedal
Kari Hildegunn Opedal

Skien, 10/12-89

Kjære alle sammen!

„For i 1950 er vi russ!" – husker dere sangen vår? Som det skulle være i går, og likevel mer enn 40 år siden! Men vi blir ikke gamle likevel ---

Disse 40 årene passerer revy, og jeg skal prøve å dele med dere fra mitt liv. Etter husmorskole og skrivemaskin/stenografi-kurs havnet jeg i et mindre forlag og leste korrektur, skrev vaskesedler etc. Den <u>store</u> kjærligheten satte imidlertid stopper for det (jeg fant en halling da jeg gikk på husmorskole), og i 1956 bar det nordover til Vardø som lærervikar sammen med min nyutdannede lærermann, Hermann. I Vardø ble vår eldste datter, Dyrunn, født. Datter nr. 2, Gry, lot vente på seg til 1963, da hun ankom midt oppi lærerskolen (Sagene i Oslo) til stor glede. Vi klarte også å få en „attpåklatt", Linda, i 1977. Da hadde vi allerede to barnebarn, Helge og Tore, for Dyrunn var tidlig ute. Hermann ble etter hvert rektor ved Ål ungdomsskole, mens jeg for det meste holdt meg til barneskolen. Nå er han bygdebokforfatter, og jeg er i Skien/Porsgrunn for å starte en kristen skole.

Det aller viktigste som har hendt meg

i disse årene, er nemlig at jeg har møtt Jesus og blitt født på ny, eller frelst, om du vil. Jeg fikk et nervesammenbrudd, og i fortvilelse over at psykiaterne ikke kunne hjelpe meg, ville jeg ta livet mitt. Men så ropte jeg av hele mitt hjerte: „Finnes der en Gud til, så må du hjelpe meg nå!" – og straks var Gud der og gjorde på et øyeblikk det psykiateren ikke hadde klart på mange måneder. Gud er så god!

Og for å gjøre en lang historie kort, så havnet jeg i 1986/87 i Tulsa i USA og gikk 9 fantastiske måneder på bibelskole. En snill ektemann lot meg få lov til å reise, sammen med Linda og barnebarnet Tore. Der fikk jeg oppleve en privat kristen barneskole, og i fjor høst bad Gud meg om å starte en lignende skole i Norge. Etter at jeg var med i en høringsnemnd som gikk i dybden på Mønsterplanen av 1985, og også tatt for meg nyere lærebøker, hadde jeg fått norsk offentlig skole fullstendig i halsen.

Gud har gitt meg navnet på skolen: Seierskolen, og hvis noen av dere kjenner trang til å støtte skolen økonomisk, så har den konto nr. 2610.68.55047. Jeg vet at det er mange foreldre og lærere som er fortvilet over den offentlige skolen i Norge.

I går hadde vi en konferanse, etter at vi er gått ut i aviser og nærradio, og

 

et interrimsstyre for skolen ble dannet. Hvis alt går etter planen, er vi i gang høsten 90.

Gud er så god, og det er utrolig spennende og rikt å leve i hans plan og nærhet. Han har også helbredet meg om og omigjen fra forskjellige sykdommer, kan nevne i fleng: rygglidelse etter bilulykke (legene kunne ikke gjøre noe), kreft, leddgikt, foruten „vanlige" sykdommer som influensa, omgangssyke, blærekatarr osv. Hvis du ikke kjenner Jesus, må du bli kjent med han fortest mulig. Begynn å lese i Bibelen, f. eks. profeten Esaias (som skriver om Jesus) og Johannes-evangeliet. Be Gud tale til deg når du leser!

Takk for praten! Jeg gleder meg til å lese juleheftet!

Hilsen
Solrun Opheim
født Gurvin.

Gunhild Rime (Bråthen)
Trondhjemsv. 45 c
28oo Gjøvik.

Go'morn!

Dette var da et overraskende utspill fra Per. Plutselig har jeg dere innenfor våre vegger med bosted, telefon og yrkestitler. Går det som Per ønsker kommer resten av familien etter ved juletider samt dere selv noe mer påkledd - med sjel og det hele.
Vi skal vel også lese andre ting i julen så mitt bidrag blir kort. De fleste av oss var jo også sammen ved 25-års jubileet, der det var en bordsene med presentasjon av oss selv.
Min kontakt med dere har vært minimal etter skoletiden - dog har jeg dere friskt i minne. 25 år etter var ingen av dere noen overraskelse for meg på et par unntak nær. Denne gang, 4o år senere, blir det kanskje annerledes. Livets skole har ganske sikkert preget oss på forskjellig vis.
Gjennom min familie på stedet har jeg hatt god kontakt med Voss. Voss var og er et jordbærsted.
Dere dekker et bredt spekter av verdifulle yrker, og ganske sikkert er dere gode "samfunds-støtter". Min karriere er mer beskjeden, men jeg har da endt opp med å bli et noenlunde balansert og lykkelig menneske. Husmor står det i mine papirer. Etter Vossetiden utdannet jeg meg til sekretær og syslet med det i mange år. Jeg er imponert over de som både skjøtter sitt hus vel og ved siden av har krevende yrker. Husmoryrket behøver ikke bety bare kjøkkentjeneste og salongprat. Som hjemmeværende har man ganske uhemmet anledning til å dyrke sine anlegg og interesser.
"Familien Menneske" har hele tiden opptatt meg. Dette at menneskene angår hverandre utover familie- og landegrenser. Respekt og gjensidighet er nødvendige stikkord her. Jeg har følgelig vært opptatt med humanitært arbeide - nærmere bestemt i Norges Røde Kors Besøkstjeneste på nær sagt alle plan. Visst har det vært arbeidskrevende og det har ført med seg mye reising, men det har fremfor alt vært meningsfylt og givende.
I et kinesisk ordtak heter det:

> Den som forstår andre er virkelig klok,
> men den som forstår seg selv er enda klokere.

Neppe er jeg hverken klok eller klokere, men dog har jeg gjennom årene sammen med en gjeng gode venner hatt mange interessante studieopplegg om disse emner. Historie og fremmede kulturer har vi også hatt glede av å fordype oss i. Min mann og jeg har gjennom vårt 34-årige ekteskap reist mye - også under fjerne himmelstrøk. Nå er våre reisemål nærmere. Min mann fikk for 4 år siden en livsvarig sykdom. Han var en travel forretningsmann og har nå måttet trappe ned og legge om livsstil. Dette var en vanskelig overgang, men sykdommen er stabil og han har lært å leve med den. Så har vi gleden av å følge 7 barnebarn på deres vandring. Spennende! Dette er en fin anledning til å sende dere alle en hjertelig hilsen. Jeg ønsker en god jul. Ligger det til rette for det møtes vi vel på Voss i september 199o.
Ønske: "Sonny Boy" fremført av Trygve Solstad med full styrke. Stemm båndene, Trygve.

Gun

Gun

Magnus Saltnes
Børkjenes
5590 Etne

TIDA ETTER JUNI 1950:

Etter militærteneste i Fredrikstad og Tyskland (bl. a. i lag med Per Engene og Magne Kaldestad), tok eg lærarskulen på Stord 1952-54. Hadde i mellomtida prøvt meg i framhaldsskulen.

Første året lærar i Lavik i Sogn, seinare Stord. Etter 7 år i Skånevik kommune, blei storparten av denne kommunen slått saman med heimekommunen min, så eg har vore 32 år i Etne kommune.

Eg har hatt desse rollene i skuleverket: Lærar i 2-delt skule, 3-delt, 7-delt, framhaldsskule, realskule og 9-årig skule. Eg har vore 20 år ved Enge skule (1-9), dei 10 siste som undervisningsinspektør.

I 1987 blei eg tilsett som pedagogisk konsulent på skulekontoret i Tinghuset, med ansvar for pedagogisk arbeid, utviklingsarbeid i skuleverket og dagleg leiing av barnehagane. Har hatt besøk fleire gonger på kontoret her av Per Engene.

Det store arbeidsområdet mitt dette skuleåret er skulering av rektorane og inspektørane i kommunen. Det er eit omfattande og tidkrevande program dei må gjennom, men alle (kanskje med unnatak av 1?) er entusiastiske og går inn for den nye tid: M 87, ny leiarstil, utviklingsarbeid, prosjektarbeid, etterutdanning, vidareutdanning osv. Eg ser for meg at om nokre år vil me ha ein "ny" skule i Norge. Samfunnet endrar seg i eit aksellererande tempo, og skulen er nøydd å halda fylgje.

Etter lærarskulen har eg teke 1-årig spesialpedagogikk i Haugesund, og det gav meg ny innsikt i pedagogikken. Seinare tok eg forb. og mellomfag i historie under Universitetet i Bergen. (adj. de 1.)

I 1954 vart eg gift med Edel. Me bur på hennar familiebruk, ca 1 mil frå Etne sentrum. Innmarka er bortleigd til naboen, men eg likar å arbeida i skogen, med ved og tømmer for sal og til eige bruk. Gardsbruket ligg til sjøen, så me fiskar litt til eige bruk. Her på Børkjenes hadde me besøk av Per Tveit i slutten av 60-åra.

Edel har vore heimeverande og stelt godt med meg og dei to borna våre, med hundane og sauene. Nå steller ho godt med meg og Donna (rettriver). Berit og Nils Bjarne hadde ein god barndom her, og dei er ofte på heimebesøk. Berit gjekk DU i Stavanger og arbeider der i det franske oljeselskapet Elf som Economic Analyst. Gift med Bjørn (boreing. i Philips) og har dottera Anette (1 år).
Nils Bjarne (driftsingeniør) bur på Bryne på Jæren. Han er sjefsplanleggjar i Underhaug fabrikkar i Kvernelandkonsernet. Gift med Astrid (Rogalandsmeieriet NLH), og har sonen Magnus (2 år).

Til slutt litt om kva som opptek meg på fritida utanom hus og heim, sjø og skog.

Har drive litt med museumsarbeid. Var med og stifta Etne Sogelag i 1983, og har vore formann der sidan. Me skal forresten ha styremøte i dag, der to av sakene er arbeidet for bevaring av Postvegen over

fjellet mellom Skånevik og Etne, og opplegg for eit lokalhistorisk seminar i mars. Seminaret varer fredag kveld og laurdag føremiddag. Det er årvisst og går på omgang mellom 3 nabokommunar.

Sogelaget gjev ut årbok kvart år. Som redaktør har eg for tida strev med å få bøkene ut.

I kveld er det full gjennomkjøring av festprogrammet til ære for ein bygdamann. Eg gjorde opptak til å få gje ut ei diktsamling frå hans hånd. Han har gjeve ut 4 tidlegare. Festen går av stabelen på 80-årsdagen hans i januar. Då vil ungdomslaget bruka hans tekstar i festprogrammet.
Av interesser elles kan nemnast at eg er med i bygdebokarbeidet i Etne.

Når eg truleg om 2-3 år vert pensjonist, blir det betre tid til skogen og dei andre hobbyane. Om det er vemodig å gå frå borde, trur eg nok at tida ikkje skal falla lang. Og eg gleder med til å få meir tid til barnebarna.

Det hender av og til at eg vitjar Voss. Vonar det lagar seg slik at eg kan vera med på russafesten i september.

Med dette helsar eg så mykje, og ynskjer god jul og godt nyttår.
Lukke til med juleheftet.

Helsing

Magnus Saltnes

Magnus Saltnes

Adjunkt Ingrid Madland Schelderup, Nils Abelsgt 7, 4012 Stavanger, 04-527313

Frå dei to åra ved Voss Landsgymnar er det vel hytta vår i Grønlia eg har dei fleste gode minne frå. Eg trur eg kom mindre i kontakt med medelevar på grunn av at eg ofte i helgane drog til fjells. – Denne hytta eig vi diverre ikkje lenger. Mor og far selde ho til Bjølvefossen fabr. då eg gikk på lærarskulen. (Oslo off. 1951-53).

Eg var litt usikker på kva studium eg skulle ta etter artium, og då eg blei spurt om å ta lærarvikariat på ei øy utanfor Bergen, blei det løysinga for året 50-51. 50 menneske med meg på øya. 13 elevar, 2-delt skule med meg, 18 år, som einaste lærar. Fyrste læraren på 4 år som hadde halde ut meir enn eit halvt år.

Etter lærarskulen var eg lærar i Bergen eit år, tok skiinstruktørkurs(!) og fungerte som skiinstruktør i grunnskulen eit par sesongar. Hoppa av i dette yrket og tok snikkar og murarpraksis + reiste til sjøs i 3 mnd før eg tok til på NTH, arkitektlina i 1954. Her møtte eg Bodvar som eg gifte meg med då eg hadde eit år att av studiet. Det året budde vi i Helsingfors, der eg las og drog til Trondheim i mars for å lesa til eksamen og førebu meg til å ta imot vårt fyrste barn i juni. Diplomarbeidet leverte eg 10 dagar før nr. 2 vart fødd

I 1965 flytte vi til Stavanger med dei to gutane + Ståle på 3 veker. Bodvar var tilsett som arkitekt i byplanetaten. Der var han til han reiste frå gutane og meg i 1966. Eg hadde eit fargerikt og herleg liv ilag med Bodvar så lenge det varte, - ingen vonde minne ligg att etter han i den heimen eg framleis bur i i Stavanger. Eit stort gamalt hus, der alle er velkomne. Men Bodvar ~~er~~ kunstnar og mystiker og lever no åleine i Trondheim.
Dei to yngste gutane er gift. Minsten er sivilarbeidar i "For fattig og rik". Han arbeider i media, no "Radio Nettverk". Per går på arkitektskulen i Bergen, etter fyrst å ha utdanning som adjunkt (som mora) (Huff!) Dag Rane er ferdig lege.

Sjølv var eg heimeverande då familien var fulltalig. Eg tok det tungt då Bodvar reiste og dreiv nesten til feilaig inn i ein undervisningsstilling for ps. utv. h. No er eg tilsett i full stilling som lærar for vaksne psutv. hemma. Her blir eg truleg til pensjonstida er inne. Eg har mange gleder i jobben og ikkje stress.

Utanom har eg vore aktiv i SP og har vore i Stortinget som varamann. Er formann for AAN i Stav. (alternativ til abort), og har bygd 50 m² på hytta vår i Strand i fritida.
Eg er eit lukkeleg menneske, og takkar Gud for livet trass i alt.

Ingrid Solly elderig

Mundheim 29 nov. 198

Kjære vener.

Tida går. Det er snart 15 år sidan jubileet på Voss. Den gongen tykte eg at eg møtte for få av mine klassekameratar. Det er hyggeleg no å få greie på kvar dei einskilde er busette, og kva dei har vorte til i livet. Ein god ide å laga julehefte. Honnør til Per T. som tek arbeidet med det.

Mitt vita: Etter artium hadde eg eit prøveår som lærar. Det gjekk brukbart, og eg hamna på Stord Lærarskule. Vart ferdig i 1953 og reiste til Austrheim saman med Hallvard, som hadde gått i same klasse. Me gifte oss og vart verande 4 år i Austrheim. Tida der var slitsam med store klassar og mykje arbeid, Men folket var storarta. Me kunne gjerne slått oss til der ute hadde det ikkje vore for nordavinden.

I 1957 flytte me til Omastrand i Hardanger, og der arbeidde me i 9 år. Det var ei gild tid. Me vart svært godt mottekneog hadde gode arbeidstilhøve. I 1966 flytte me så til Mundheim og har vore her sidan.

Me har 4 ungar, den eldste fødd i 56, den yngste i 66. Dei er alle busette i Bergensområdet. Ingegjerd er lege på Haukeland, utdanna i Bergen. Magnar sjefsingeniør i Bergen kommune, utdNTH. Olav elektroing. ved e.b. offshore avdeling. Bjørnar er student ved handelshøgskulen i Bergen.

Me har førebils 3 barneborn.

Det er gildt å ha born og barneborn så nær. Me har ofte besøk i helgane.

Arbeidet har vore gildt det meste av tida. Men desse siste åra med mykje uro i skulen har vore meir slitsame. Hadde ein vore ung no, hadde nok yrkesvalet vorte eit anna.

No ser me fram til å bli pensjonistar. Me har reist ein del siste åra, og me vonar at helsa held så me kan få sjå endå meir av verda.

Godt jul til alle!

De er hjarteleg helsa frå

Gunnvor Bøgum Sekse

Trygve Solstad
Nedre Mølster 31
5700 VOSS
Tlf.: 05-513463

3. desember 1989

Kjære Per,

Takk for brev og personleg bidrag til juleheftet. Eg ser du har levd eit svært aktivt liv så langt, og det er lite som tyder på at du vil dempa farten heretter heller. Og godt er det.
Du ba oss skrive litt om gymnastida på Voss, og då kjem eg på ein liten episode frå ein norsktime der du og lektor Bråten spela hovudrolla. Om du vil ha han med i juleheftet, får du sjølv avgjera

Det var i første klassen på gymnaset. Vi hadde norsk, og lektor Bråten gjennomgjekk begrepa konkret og abstrakt i grammatikken. Han definerte då konkret som "noko ein kan ta og føla på," og du, P spurde kjapt: "Kva er så jente ?" Bråten svara vel då noko ureflekt og mekanisk: "Jente? Det er konkret. Det er noko ein kan ta og føla på". Det vart mykje moro i friminutta etterpå, og du kunne fortelja både klassekameratar og andre kva lektor Bråten hadde sagt: "Ei jen er noko ein kan ta og føla på". Om vi tok eller følte meir på jente etter dette, fortel ikkje soga -, men vi hadde fått lov liksom - av lektor Bråten.

Det er sikkert mange episodar ein kunne hugsa både om elevar og lær men av plassomsyn går eg over til det personlege bidraget til juleh

Kjære 40-års jubilantar, neste år.

Etter artium vart det Tysklandsbrigaden og tyskstudium ved "Die Brück i Flensburg for meg - eit utanlandsopphald eg ikkje ville ha vore f utan i dag. Det gav så mykje meir enn berre tyskkunnskapar. Ein fekk innblikk i land og folk si historie, og ved sjølvsyn kunne ein sjå oppleve kontrastane i folket med det enorme flyktningeproblemet i e krigstida. Som seinare tysklærar i real-og ungdomsskulen, på vaksen læringskurs innan hotell-og reiseliv, har eg hatt mykje nytte av det opphaldet både språkleg, geografisk og historisk.
Hausten 1952 var eg studentlærar på Mjølfjell - ei herleg tid - med elevar i småskulen og fem i storskulen. Om ettermiddagane var det sk og turisme på fjell og vidder. Så vart det to-årig lærarskule i Oslo
Hausten 1955 fekk eg min første faste lærarjobb ved Leikanger realsk i Hermansverk i Sogn. Der møtte eg også kona mi, Marie. Ho kom frå Marifjøra i Luster. Vi gifte oss i 1957 og fekk etterkvart fem born,

to jenter og tre gutar. Dei er alle vaksne og har det bra - to av dei med eigne familiar. To barneborn er det også blitt, og familien berre aukar og veks, for fleire er i vente.
Med berre enkel lærarløn og stor familie vart det mykje arbeid og mange ekstratimar det første tiåret vi var gifte. Såleis skulte eg også 11"sommarferiar"ved De militære forskolers aspirantkurs på Voss både som lærar og undervisningsleiar. Dette tok på i lengda, og eg følte at eg burde vidareutdanna meg. Eg utvida så fagkrinsen med engelsk og norsk. Det har såleis blitt mykje språk i mi lærargjerning.
Skuleåra 1958/61 var eg styrar på ein liten to-årig realskule med 60 elevar og to klassar i Ålvik i Hardanger. Då ungdomsskulen vart innført i Kvam kommune, vart dei kommunale realskuleklassane avskipa, og eg søkte meg heimatt til Voss. Her vart eg lærar på realskulen i 10 år. Seinare har eg heile tida vore ved Voss ungdomsskule som i periodar hadde over 600 elevar. Det er ein stor overgang frå den to-delte skulen eg byrja med.
Med stor familie melde trongen for hus seg fort. Vi var heldige og fekk tomt på Mølster, der vi bur høgt og fritt med utsikt over Vangsvatnet og Gråsida. Hytte i Marifjøra har det også blitt - og bil, sjølvsagt. Materielt har vi det såleis bra, og betre endå,- vi har god helse. Sidan 1955 har eg hatt tre sjukdomsfråvære på grunn av Asiasjuke i 1957. Kone og born har den same gode helsa, noko vi er glade og takksame for.
Det er vel ikkje mykje meir å seia om meg og mitt. Det einaste måtte då vera at eg har vore glad i å reisa og har sett og opplevd mykje. For eiga rekning har eg vore fleire turar i USA, der eg har besøkt 17 amerikanske delstatar. Med reisedekning har eg hatt fleire studieopphald i England og Skottland. Dei vanlege sydenturane har det vorte mindre av, men vi har vore på Kypros og på Teneriffe.
I sommar var kona og eg til New York og gifte bort eldste sonen vår.
40 år - - . Det har runne mykje vatn i havet sidan skuledagane på gymnaset. Mange av lærarane våre har lagt vandringsstaven ned. Alle lærarane våre har gått av, men Sverre Ytre-Eide, Einar Mørkeseth og Lars Seim er framleis spreke,med god helse. Eg snakkar stundom med dei. Og snart kjem turen til oss, for jamen går tida fort. Hadde vi ikkje nokså nyleg 25-årsjubileum ?

Eg likar lite å skriva om meg sjølv, men no er det gjort og får stå som det står.

Beste helsing til alle vossaruss frå 1950.

Trygve Solstad
Trygve Solstad

Konrad Spilde
5395 Steinsland

Nov 1989

Kjære russevenner!

Per Tveit si påminning om kor fort tida har gått er mest eit sjokk. Det er sikkert fleire enn eg som spör seg om kor ho er vorten av.

Eg tykkjer at initativet til Per er framifrå. Eg har berre hatt kontakt med nokre få av russekullet 1950, og eg gler meg storleg til å sjå korleis det har gått dykk alle.

For eigen del har eg hatt Forsvaret som yrke og hobby. Å vere offiser er ikkje å ha eit men mange yrke: Lærar, byråkrat, sjelesyrgjar og mykje meir. Den som måtte tru at arbeidet for det meste har gått ut på å springe rundt i skogen og huje og skyte er ein smule på villspor, sjölv om også det har höyrt med.

Eg byrja på Befalsskolen for Hærens samband på Jörstadmoen, Lillehammer, rett etter eksamen på Voss. 14 månader etter bar det til Stavern. Der var eg i eit år. Å kome rett frå skulebenken og få ansvaret for ca. 30 jamnaldringar, var ei sterk oppleving. Lukkelegvis overlevde både eg og dei andre. Om nokon tok skade på si sjel veit eg heldigvis ikkje.

Frå 1954 til 1956 vart det utdaning ved Krigsskolen i Oslo. Seinare har det vorte opplæring ved Hærens stabsskole og Forsvarets högskole. Eg var også så heldig å få studere ei tid ved U S A Command and General Staff College i Kansas. Det ser eg attende på med stor glede. Særleg utviklande tykte eg det var å möte folk frå andre nasjonar. Studentane kom frå 42 land. Mange hadde også med kone og born.

Etter Krigsskolen gjekk turen til Harstad.
Sommaren 1954 gifte eg meg med Mari Langerak. Me hadde ei særs fin tid i Nord Norge, både i middnattsol og mörketid. Mari döyde diverre av nyresvikt litt over to år seinare. Me hadde ikkje barn, så etter Mari sin död har eg farta rundt åleine. Og det har etterkvart vorte ymse stader.

Lengst tid har eg budd i Oslo, til saman omlag 18 år, fordelt på fleire periodar. Den mest interesante (og mest slitsame) perioden tykjer eg var tre og eit halvt år som instruktör ved Hærens stabsskole. Dei siste sju år (1980 - 87) som sjef for sambands- og datatenestene i Forsvaret har også vore eit högdepunkt, mest grunna den fantastiske utviklinga ein har sett på elektronikkfeltet i desse åra.
Stillingen gav også gode höve til å vitje andre stader i Norge og i andre NATO-land.

I Lillehammer har eg og budd fleire gonger. Fyrst var eg, som nemt, elev på befalsskulen. Seinare har eg vore nestkommanderande ved same skule, sjef for våpenskulen og endeleg sjef på Jörstadmoen i tre år.

Mellom opphalda i Oslo og Lillehammer var eg eit år på Onsrud ved Jessheim, eit år på Bardufoss og to periodar i Bergen. Opphalda i Bergen har nok hjelpt meg til å halde kontakten med heimemiljöet på Sotra, og er nok ein grunn til at eg flytta attende hit då eg valde å bli pensjonist 1. september 1987.
Å vere pensjonist tykjer eg er alle tiders. Eg har alltid tykt at snekring og annan mekanisk verksemd har vore svært kjekt å halda på med. Dersom eg ikkje hadde kome til Voss i 1946, så hadde eg kanskje vore bygningssnekkar eller noko liknande.
No får eg i alle höve pröve meg på å reparere gamle hus. Eg har nemleg eit lite småbruk. Den dyrka marka er rettnok på god veg attende til villmark, men her er fleire gamle hus som treng völing.
Eg bur saman med mi gamle mor (88 år) som treng noko hjelp. Når eg så skal fiske og delta i litt foreiningsarbeid så er dagane fulle, og eg tykkjer livet er godt.

Eg ynskjer dykk alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år med eit vellukka jubileum!

Hjarteleg helsing

Konrad Spildo

Nov 22.1989

Hi everybody,

Well. it is hard to believe that almost 40 years has passed since we all saw each other. Some of you may have have had contact over the years, but since I live so far away, it has been very little for me.

The reason I am writing in English is because the å,ö,ä is missing from our typewriters, and it is also much easier for me than Norwegian.

After college I spent one year in North-Norway as a teacher. Then I went to London for a few months. Lived in Oslo from the fall of 1952 to 1954 and worked as a secretary. Emigrated to California in 1954, where I continued to work as a secretary. Stayed one year and then returned to Oslo for one year. Left Norway for good in the fall of 1956, and have stayed here ever since except for about 15 - 20 trips back to visit my family.

Got married in 1957 and stayed home and raised two children. Took up painting ( mostly land-scapes). Found out that I had some talent in that direction, and I sold quite a few over the years. Went back to work selling furniture about 13 years ago, and I am still in that business. My husband retired about 5 years ago (at the age of 57), so I will probably do the same in a couple of years. Want to do some travelling and spend part of the year in Hawaii, which is one of my favorite places.

Went to Norway last summer, so I had not planned to go this coming year. Expect three of my sisters to come over and spend some time this summer. Also going on a two week cruise in the spring, but if I can get the time off, I will try to make it to the Sept. 8 & 9 celebration at Voss. It sure would be exciting to see everybody again after all these years.

Best regards to all of you.

Solveig (Kris) Stein

Olav Stenvik
Solhaugv. 4
7700 Steinkjer.

Kjære russ - 50

Litt uvanleg var det at mandalingar kom til Voss for å gå på landsgymnaset der. Men jeg troppa no opp - i eplekrikkens bær Bodil - til opptaksprøve og kom inn. Meninga var å være på Voss ett år, men jeg likte meg som blant vestlendinger og striler etter som det ble fire år. Det vil føre for langt å komme inn på minner og opplevelser fra gymnastida, men min F. sans fra da forteller ett og annet. Noen lærere huskes dog bedre enn andre: Lurås med skråa hadde vi i bl. a. historie, Langeraak og Rysste var de solide, flinke. Så var det Tronstad som i stedet for å lære oss fransk brukte timer til interessante betraktninger omkring verdenskonflikter. Eskeland argumenterte mot TVB-vaksine i sine fysikktimer, og Almås fikk ro i klassen med et strengt blikk.

Etter gym. kom det militære og sju mndr. i Tysklandsbrigaden. Og så gikk ferden til Trondheim og N.T.H., Bygningsingeniøravdelingen. Der var også Per T. og Ole K.

Staten ble min arbeidsgiver fra første dag, og der har jeg vel funnet ut at det er godt å sitte, for etter 34 år i yrkeslivet sitter jeg der enno.

Statens vegvesen bygget mellomriksveg over til Sverige fra Stjørdal, og jeg var med på dette anlegget fra 1955 og med Stjørdal som stasjon. Ellers har jeg vel ingen store bravader å vise til, men i løpet av en mannsalder kan en ikke unngå å gjøre noe bra og noe mindre bra.

Steinkjer har vært min kommune fra 1964. Jeg har eget hus i utkanten av byen.

Sjøl om jeg var seint ute, har jeg vært gift i 20 år, med en vestlending sjølsagt. Barn ble det ikke - var for sein der og.

Vi har et lite „gods" oppi Namdalen. Restaurering av hus har de siste åra lagt beslag på mye av ferie og fritid. Turer i skog og fjell og litt rypejakt om høsten er ikke å forakte. Kona er glad i syden og drar meg med til de varme kyster både og vann.

Filosof er jeg ikke, Per.

Med disse ord ønsker jeg oss av russ 1950 ei god jul.

Olav I.

Vesla Stölen (Breien),
Holbergsvei 9, 1412 Sofiemyr.

3. des. 1989.(i siste liten som för)
Tlf. o2- 8o 92 75.

Kjære dere!

Da jeg fikk brevet fra Per, syntes jeg skoletiden virket så uendelig fjern. Jeg måtte ta fram en haug med gamle bilder og sette meg til å mimre ------------.

Min beundring for dere alle er enorm. Alle har jo blitt til noe stort, jo, unntatt lille meg.Men her er likevel min lille "selvbiografi":

Da jeg var ferdig med eksamen på Voss, hadde jeg hverken lyst eller energi til å gå lös på videre skolegang, så det ble å få seg en jobb. Först jobbet jeg i 2 år som apotektekniker på Grorud Apotek, litt artig, men ikke så mye å bli "feit av",så jeg fikk meg en kontorjobb i Norske Folk (nå UNI) livs- og pensjonsforsikring. Der var jeg i ca. 5 år.

I 1956 giftet jeg meg med en kar fra Hallingdal, Arne Stölen, som gikk ut fra Voss Lg. i 1949. Året etter gjorde eldste datteren Björg sin entré i denne verden og gjorde dermed slutt på min(meget imponerende) yrkeskarriere. Hun fikk siden en söster, Torun, og en bror, Erland.

Et voldsomt slag for oss ble det i 1973, da Arne (som da var disponent og bare 44 år gammel) plutselig döde av hjerneblödning mens han holdt på å lage vinduer ikjellerstua i huset vårt som vi hadde bygget her på Kolbotn lo år tidligere.

Men vi måtte jo leve videre vi som var igjen, og det har i grunnen gått mye bedre enn jeg fryktet. Dötrene mine (utdannet kokk og barnepleier) har giftet seg og fått tilsammen 3 herlige unger: Ida 6år, Kristine 4 år og Vegar 1½ år. Denne "banden" er mormors store stolthet og glede. Hva mer kan en vel önske seg på sine gamle dager?
Sönnen min(23 år) bor fortsatt her hjemme hos meg, disponerer kjellerstua og går f. t. på E+D.B.-skolen.

Helsa er heldigvis fremdeles upåklagelig, og i det siste har jeg jobbet litt med å hjelpe gamle mennesker i Oslo, noe jeg trives godt med.Med det får jeg den rette kombinasjon av fysisk og mental utfordring og finner alltid mennesker som virkelig trenger meg - en deilig fölelse.

Jeg vil også gjerne benytte anledningen til å önske dere alle en riktig god jul og alt godt i året som kommer!

Vennlighilsen fra Vesla

Skedsmokorset 30/11 - 89.

Kjære Per!

Tusen takk for brev og for at du tok og tek initiativ både til jubileum og joleheftе! Det var eit artig brev!

Jaså, det er så lenge sidan me tok artium, og eg som ikkje er komen lenger enn til Blindern! Eg held på med grunnfag i pedagogikk. Kva har eg gjort i all dei andre åra? No har eg permisjon frå Åsenhagen/Korshagen skule som eg har vore på i 17-18 år.

For 6 år sidan flytte me inn i nytt hus som ligg i ei diger steinrøys med 10 m. frå topp til botnar. Leif prøver å festa huset til fjellknausen bak, og eg prøver å få blomstrane til å gro mellom steinane, med meir og mindre hell. Det er i alle fall masse arbeid. Kanskje me kunne ha nytta brukonstruksjonane dine, Per Ei røyrbru ned til skiløypa? Eller sklie?

I 66/67 var me i Amerika eit år (Washington D.C) Knut vart fødd i -64. Han er ferdig på N.T.H og arbeider som konsulent i Scandpower på Kjeller, men bur på Ekeberg og har kjærast frå Vinje i Telemark. Ivar fødd i 1962 har også gått på N.T.H. og han bur i Trondheim, der han har skraphandlarbevilgning + dataselskapet Numerica som han driv saman med 3 andre. I sumar segla han saman med Stein Helge Solstad (frå Voss og son til Trygve) frå Bodø til Trondheim, så då snakka eg opp til fleire gonger med Stein Helge i telefonen. Han er like kjekk å snakka med som faren!

Vidare så gifte Leif og eg oss i London i 1959.

—

Leif var i Sheffield og så drog eg dit også frå Trondheim etter 4 år der. Leif arbeider på Forsvarets Forskningsinstitutt og der har han vore sidan me gifte oss. Han er realist frå Blindern. For den tid gjekk eg på Moldegård, Os og var der i to år etter to år på Oslo off. lærerskole.

Men første året etter gymnaset var eg vikar på Dale saman med Gudrun Eiken (Hansen). Hugsar du den deilige sjokoladepuddingen som gjekk i golvet, og den salte isen?

Eg har arbeidt trutt i skulen, får eg vel seia, men nett no nyt eg „studentens lyckliga dar." Me hadde siste forelesning før jól tysdag 28. november og startar ikkje på nytt før langt ut i januar. Det er vidunderleg å sleppa jólemaset på skulen med klassefestar, konferansetimar etc. Det er eit veldig fint miljø på Blindern. Eg føler meg gamal der, men det er det mange andre og som er. Me har flinke forelesarar så det er ein fornøyelse og fornyelse å høyra på dei.

Me bur altså i Skedsmo like utanfor Oslo og der har me butt i snart 30 år, først på Lillestrøm, så Kjeller, Strømmen 5 år, Skogfaret 17 år og no Eikekroken.

Eg ser fram til september neste år og til jóleheftet! EIN GOD IDE! Eg vil ynskja alle ei riktig god jól og eit godt nyttår!

Beste helsing Elfrid.

Elfrid REFSDAL SØVOLD
Eikekroken 7, tlf. 06.87 67 90
2020 Skedsmokorset

som reknar med å koma på festen.

Kjære Russekameratar

Eg hadde ikkje tenkt å skriva noko som helst,
men Per truga med lensmann!
Altså – etter russeturen blei det på
hausten tur til Tyskland med Brigaden
Eg hadde hatt utsetjing tidlegare.
Det var ei spanande tid med mykje
reising og det var mykje å sjå dengang.
Elles er eg vel kjend med både Bømoen-
Tvildemoen og Skålestad moen gjennom rep.

Eg ville gjerne tilbake til Tyskland (Karlsruhe),
men mang ting avgjorde, og det blei Bergen
med maskin og produksjonslinje.
Ein tur til England blei det tid til (bl.a. Ford)

På Stord fekk eg jobb som ing. på A/S STORD.
Ein sildoljefabrikk som i nokre år hadde drive
båtbygging mellom sesongane.
Det var kvalbåtar – fjordkussar og ferjer for det
meste.
Før den tid var eg eit par år ved Rosenberg
Mek. Verk., men det var på Stord eg slo meg
ned og blei verande. Her var ein gild arbeids-
plass og fin natur og gode arbeidskameratar.
Mange av dei var uteseilarar og Englandsfararar
Eg starta på teiknekontor, så arbeidsstudie ing
og deretter driftsingeniør med ansvar for
byggedokken.

Eg blei gift med Astrid som er sjukepleiar frå Haukeland. I 1957 flytta me inn i eige hus på Skottaberg og der bur me framleis.

Vi har fire barn, 3 jenter og ein gut. Dei to eldste jentene er ferdig utdanna som sjukepleiarar, den tredje kavar med diplomen på BI, mens guten går sitt første år på BIH.

Til sommaren er det 34 år sidan eg begynte, nå heiter det Aker Stord A/S - båtane blei til ship (VLCC) og olje plattformer (Gullfax).

Eg har vore heldig og fått vore med på ei eventyrleg utvikling som eg ikkje drøymde om. Det var ofte stritt når det kneip som verst med å halda terminane og det har kanskje sett sine merker.

Eg er også så heldig at eg eig heimen min i Etne. Det er eit lite småbruk der det er mykje å gjera og der er me ofte.

Frå 1990 blir eg pensjonist og då...

Helsing Knut Tveiten

Svein Underdal,
Lars Tønsagers veg 3
2080 Eidsvoll.

Det kan verta mykje spanande julelesnad
dersom dei fleste i russekullet 1950 skriv like mykje og detalj-
rikt som den initiativrike "ordblindspesialisten",Per, har gjort.
Eg ser av adresselista at "kullet" er spreidd over mesteparten av
landet.Etter denne"åpenberring"vonar eg at ein og annan finn vege
innom Eidsvoll og ringjer på hjå oss.Ingen ting er sikkert, men
kanskje eidsvollingen i nær framtid ringjer på nettopp hjå deg.

Etter endt militærteneste i oktober 51 fekk
eg lærarpost på Halsnøy i Sunnhordland, og i 52 byrja eg på Sagen
lærarhøgskule. I 2 år var eg lærar i Oslo, men i 1956 sleit me os
lause frå Oslogryta.Me flytta til sagnomsuste Eidsvoll.Same sumar
gifta eg meg med Kari Sjo frå Halsnøy.
I Oslo nytta eg noko av fritida mi til studiar ved Musikkonserva-
toriet.Då eg kom hit til Vilberg skule, starta eg Vilberg skoles
jentekor.Etter 27 år som dirigent, overlet eg dirigentstokken til
dottera vår,Guri.Sjølv heldt eg fram med Minikoret som eg hadde
dreve sidan 1970.Minikoret er eit utval av spesielt interesserte
og dyktige song-gjenter utgått frå jentekoret. I tillegg til kon-
sertar i Norderlanda, har koret hatt 2 konsertturnear i U.S.A.
Fleire av desse dyktige gjentene har no fått høgare musikkutdaning
Mona Julsrud og Hilde Mehlum er namn ein skal merkja seg.Vår eiga
dotter,Guri,er utdana adjunkt og musikklærar.Ho er no tilsett i
Skedsmo kommune.Ved sida av full lærarpost er ho dirigent for 3 ko
barnekor,ungdomskor og eit vaksent bl.kor på vel 60 medlemar.
Sjølv fekk eg i 1981 Eidsvoll kommunes kulturpris for kulturelt
arbeid.

I tillegg til lærareksamen har eg teke
eksamen i grunnfag biologi ved universitetet i Bergen, og i 69/70
hadde eg eit studieår ved Kristiansand lærarhøgskule der eg tok
eksamen i småskulepedagogikk. Elles har eg brukt 2 av mine sumar-
feriar ved Askov Sløjdlærerskole i Dk.
Sidan 1977 har eg vore rektor ved Aas skule - ein barneskule med
ca 150 elevar og 18 tilsette.Eg har halde meg borte frå politisk
arbeid,men som så mange andre,har eg vore aktivt med i lærarlags-
arbeid - ei tid også som formann, og i soknerådet har eg hatt sete
i 2 bolkar. Før dei bortrasjonaliserte klokkarane i norske kyrkjer
var eg klokkar i Eidsvoll kyrkje nokre år.Eg sit no som formann i
Romerike Oratoriekor.
Kona mi,Kari, er tilsett som kontorfullmektig ved Vilberg skule.
I tillegg til Guri, har me ein son,John Kaare. Han er elektrikar
og har busett seg i Eidsvoll.

Eg ser med glede fram til eit møte på Voss
neste haust.Til denne tid har eg hatt utsøkt god helse,men ingen
veit, det kan brott koma på eitt eller anna. Men inntil då: Beste
helsing, god jul og elles berre gode ynskje til alle frå

Svein

Eidsvoll,den 19.november 1989.

Gransnaret 3
3340 Åmot

Kjære vener frå Voss Landsgymnas,avgangskull 1950.

Det er visst fyrste gongen eg skriv noko som skal vera i eit julehefte.- I retningslinjene for denne epistelen står nemnt born,barneborn,hus og hage pluss politiske,moralske og filosofiske spørsmål som høvelege tema.Eg må velja noko anna. Born og barneborn har eg ikkje.Temaet hus og hage hadde eg kanskje kasta meg uti i 1982,for då var det nytt for meg å halda til i eige hus og trø på eitt mål eigen grunn. Politikk freistar ikkje.Filosofiske spørsmål har aldri lege for meg.Sist vinter gjekk eg gjennom eit kurs i idehistorie og fekk stadfesta det.Moralske spørsmål -tja -moralen har med livet å gjera,og vil vel på ein eller annan måte skina gjennom.

Kva har eg så att å skriva om? Elimineringsmetoden er ofte nyttig. Dersom du har fylgt nøye med,vil du alt ha oppdaga at ingenting står att- Kartet stemmer likevel ikkje alltid med terrenget. Livet er mangfaldig.For meg står det viktigaste temaet att: BHUTAN.Nei eg tenkjer ikkje på gassen butan.Visste du forresten at den til visse tider er tilgjengeleg i naturen i Ottadalen. Eg har sjølv koka kaffi ein vinterkveld på sandbankane langs elva- -Bhutan er eit enno meir interessant naturfenomen.Dette vesle landet nord for India som er på storleik med Finnmark - fylke og har ca 1 million innbyggjarar.Landet som levde sitt isolerte liv upåverka av verda utanfor,heilt til i 1960 åra, men som no held på med sin 6. femårsplan.

I tre år hadde eg gleda og sorger ved å bu og arbeida i dette landet mellom Drukpa-folket.Ifjor kom eg attende,men er langt frå ferdig med Bhutan og folket der.
Det var i august månad i 1985 eg drog dit ut.Då hadde eg vandra i det psykiatriske landskapet sidan 1975,og kjende sterk trong til noko heilt anna.Spørsmålet kom som lyn frå klar himmel, formidla gjennom personalsekretæren i Den Norske Santalmisjon. Slik bar det til at eg kom til Himalaya -verdens tak - og vart buande på 2000 m høgde.Der heldt eg på med helsearbeid under svært primitive tilhøve.Det kom vel med at eg er meir generalist enn spesialist,i alle fall av legning.Så allsidige arbeidsoppgåver inkludert i ein stilling kan ein knapt få her til lands.
Eg ville ikkje nett ynskja det heller.Oversjukepleiar stod det i visumsøknaden.Det forhindra ikkje landsbyturar med vaksineringsteam og medisinboksar i ryggsekken,overnatting på golvplan saman med alle dei andre i huset.- Mange spør meg om det var farlege villdyr -- LOPPENE var verst -
Alt eg hadde lært,og meir til,var det bruk for.Eg sa helsearbeid. Ser ein stort på det,så kan vedlikehald av bygningar og eigedom sortera under same rubrikken.Til det trongst innkjøp av sand,sement murstein og tømmer.Fyrst måtte ein læra seg korleis byråkratiet verka,og at "ting tek tid".Dei "3 t-ane" er eg elles godt kjend med frå psykiatrien.
Tidsperspektivet er som kjent eit heilt anna i aust,irriterande, på mange måtar forståeleg og befriande.Naturalhushaldet er kanskje med på å understreka dei "tre t-ane."

Engelsk som eg lærde å bruka det året eg var "kitchenmaid" på eit storgods i England (1951 -52),kom godt med.Språket var elles den største hindringa.Engelsk var ikkje gangbart i møte med den vanlege bhutanesar.Sume lurte på om eg ikkje tala hindi - det var eit framandspråk dei i si tid hadde hatt som undervisningsspråk.

Bhutan er eit ungt land når det gjeld undervisningstilbod. Dei fleste i leiande stillingar var menn i 30 - 40 års alderen. Diverre såg det ut til at den jamstellinga mellom menn og kvinner som var betre enn i mange andre land der aust,såg ut til å skiplast i undervisningssystemet.Heime i landsbyen arbeidde dei side om side både med jorda og borna.På skulen var det færre gjenter og ofte stogga skulekarrieren tidleg pga giftarmål og barnefødslar.Også dei som var komne ut i arbeidslivet etter fullførd utdanning,måtte gje opp då.

Språket var elles den største bøygen for meg.Sharshockpa som var lokalspråket,var ikkje skriftspråk.Eg hadde ein lokal språkhjelpar i 2 månader,men det gjekk ikkje heilt lett.(det var nok lettare å læra gloser for 40 år sidan.)I strevet med å få fram dei rette orda,hende det til og med at franske ord dukka opp,slike som har lege i dvale i 40 år.Forstå det den som kan.- Noko liknande hende det meg i Tyskland i påska - med motsett forteikn - sharshockpa kom i staden for tysk.

No er eg attende i mitt vanlege norske tilvære.Det eg opplevde er som å ha vore i ei anna verd,eller ei anna tid - eller var det ein draum? -
Talrike ljosbilete stadfester realitetane.Dei viser eg ofte og gjerne til alle som vil sjå.

----------

Det er på tide å gå ned for landing,trass i Per sitt tilbod om 3 sider.Det vart ikkje ei reise gjennom 40 år.På ein eller annan måte var det ulystbetont å streva seg så langt attende i tida. Kort fortalt kan eg seia at etter grunnutdanning i sjukepleie ved Bergen Diakonissehjem starta eg nokså fort som sjukepleielærar.Eg tok pedagogisk utdanning og arbeidde omlag 8 år i sjukepleieskulen som lærar og rektor.Deretter var eg forstanderinne i 6 år ved same institusjon.Etter eit års tid med diverse erfaringar var eg igang med psykiatri.Spesialutdanning i psykiatrisk sjukepleie tok eg i 1978 -80.

---------

Så vil eg ynskja for kvar og ein ei gledeleg jul og eit godt nytt år.
Kanskje me treffest på Voss til neste år?

Mi beste helsing
Helga

Borghild Viko er provisor:

# Folk treng meir enn piller

... dette intervjuet frå Hallingdølen. Biletet m/katt er ikkje med.

AV MAY GRETHE LERUM

Borghild Viko i Gol har i 30 år vore tilsett som provisor ved Hallingdal Apotek. Kor mange pilleglas og salvetuber ho har laga, kontrollert og ekspedert gjennom desse åra er uvisst. Men Borghild er like opptatt av alle dei andre botemiddela som finst for ulike plager. Medisin kan ikkje kurere alt, og piller er ikkje alltid svaret på våre problem. Med auka kontakt menneske imellom vil mange reseptar aldri bli utskrivne. Dersom folk lærer å setje pris på opplevingar med kvarandre, i kontakt med dyr og natur, vil helsevesen og kanskje også apotekpersonalet få mindre å gjere, meiner Borghild.

- Eg meiner ein spasertur kan erstatte både Valium og innsovningsmiddel i mange tilfelle, seier Borghild. På nært hald har ho sett korleis medisintilbodet og medisinbruken aukar i Hallingdal, og dette meiner ho har både gode og dårlege sider.

- Eigenomsorg er eit nytt nøkkelord for ein gamal tanke. Eg meiner alle har ansvar for si eiga helse, og for sitt eige liv. Minst mogeleg medisinbruk må vera målet for alle, seier Borghild Viko.

Som sosalpolitikar gjennom fleire år har ho sine eigne meiningar om helse og ansvar. Ho har tatt litt frå Kr.F, eit ørlite snev frå Frp. og enkelte innslag av god gamal sosialisme. Ho sat på Høgre-plass som varamann i kommunestyret i Gol, men vil ikkje bli karakterisert som ein typisk representant for Høgre.

- Folk trur mykje rart om Høgrefolk. Dei blir rekna for å vera borgarlege i den arrogante, fornemme meininga av ordet. Dei ser kanskje Høgrefolk som velståande egoistar, og dette biletet kjenner eg meg ikkje att i, seier Borghild Viko. Men ho omgjev seg gjerne med vakre, tradisjonsrike ting, og heimen hennar kan nok minne om bilete vi har sett frå heimane til dei fremste konservative politikarane i landet. Huset i Sentrumsvegen er romsleg, og ho byd velkomen inn i ei av dei tre stovene. Der står gedigne mørke tremøblar med finaste treverk omkring eit rundt salongbord pryda med krystall og støvfri nips. Peisen lyser kvit og romsleg, dekorert med ulike messingting og gedigne lysestakar. Det blanke pianoet er eit naturleg blikkfang i rommet. På eine veggen heng foreldre, besteforeldre og oldeforeldre i svarte, ovale rammer. Dei ser alvorsame ut i rommet frå gamle fotografi. Borghild sjølv passar godt inn i den fine heimen sin. At ho trivst, er ikkje vanskeleg å sjå.

- Ei husmor er dronning i eige rike, seier ho med eit lurt glimt i auget. Og dronninga vartar opp med vaflar frå mikrobølgjeomn, molter og rømme. Katten får noko udefinerbart snadder i skåla si. Husmorrollen er for Borghild også nøkkelen til hennar meiningar om helse, miljø og trivsel. Ho meiner mange plager og sjukdommar i dag oppstår fordi vi manglar tid til omsorg for kvarandre.

## Kvinnesak har skulda

- Eg er så gamaldags at eg meiner kvinnesaken «har skulda» for mange av dei sosiale problema vi ser i dag. Heimane er meir ustabile. Omsorgsrollene er færre og mindre verdsett. Kvinner må dele tida si mellom arbeid, ektemake, barn og heim. Dermed blir kvinna sjølv sliten og utbrend, og familien får mindre av de verdiar ei heimeverande husmor kunne tilføre, meiner Borghild. Men ho var sjølv på plass i jobben sin som provisor berre 6 veker etter at eldsteguten vart fødd for 29 år sidan.

- I dag har eg mange fleire innvendingar mot dobbeltarbeid enn eg då hadde. Den gongen var kvinner med utdanning forplikta til å arbeide. Det var ikkje så mange som fekk høgare utdanning, og endå færre som vågde å leggje den tilsides når dei fekk barn. Vi skulle realisere oss sjølve, og det kunne vi berre gjera ved utearbeid, seier Borghild litt ironisk. Ho har alltid kjent seg privilegert i si stilling ved apoteket på Nesbyen. Med 30 timars veke var ho alltid heime når barna kom frå skulen. Deltidsstillinga gav rom for fleire oppgåver i heimen, sjølv om Borghild vart pendlar lenge før uttrykket vart oppfunne. Ho tok bussen til Nes kvar dag, medan bestemor kom heim og passa ungane. Hushjelp hadde ho også. Ho rosar også mannen sin innsats. Som sjølvstendig næringsdrivande kunne Per Viko lettare gje ei hand med i heimen når mor måttepå arbeid til faste tider.

- Ein skal ikkje generalisere, men eg har inntrykk av at dobbelarbeid gar ut over heimane. Eg heller nok litt til Kr.F sin politikk her, og meiner heimearbeidande må få økonomisk komensasjon for sin innsats. Kvinner skal ha rett til å velje å bli heime med barna sine, i alle fall dei første åra. For mange er dette økonomiisk umogeleg i dag, i alle fall i pressområda kring byane. Her i Hallingdal kan det vel i enkelte tilfeller vera eit spørsmål om litt dårlegare materiell levestandard, meiner ho.

## Plikt til ansvar

Borghild Viko understrekar vår plikt til å ta ansvar for liv og helse. Ho meiner, i god Høgre-stil, at individet ikkje skal lata seg styre og forsørgje av staten. Ho ser farene i for mange og for behagelege stønadsordningar, som ikkje oppmodar til eigeninnsats.
- Vi må sjølvsagt ha nettverk for dei som ikkje maktar ansvaret for ssin situasjon. Men eg er redd for at folk i dag ikkje blir noko oppmuntra til å prøve å ta dette ansvaret, seier ho.
- Det er tronge tider i landet, og vi må ikkje lata dei sosiale utgiftene knekke oss. Eg meiner det er ei skeiv deling i dag, slik at mellom anna eldreomsorga får for lite, seier Borghild. Ho avslører på dette området eit snev av Frp.-sympatiar.
Likevel har ho eitt område der ho ikkje kan få reguleringar og statleg styring stor nok: Alkoholpolitikken.
- Mitt syn er lett å samanfatte: Vi skal ha streng kontroll med all alkoholomsetjing. Då må næringsinteressene vike for helseomsyn og sosiale argument, slår Borghild fast.
Her er ho på kollisjonskurs med mange partifeller, noko som uroar henne berre lite. Ho er i det heile ikkje så oppteken av partipolitikk, trass i to peridar i Gol helse- og sosialstyrem og erfaring som varamann til kommunestyret.

- Mange ventar seg kanskje ikkje at ein Høgre-talsmann skal prate sosial rettferd, omsorg og deling av godene. Men det er faktisk ei viktig sak for meg. Eg kjem frå ein arbeidarfamilie som gav sine røyster til Høgre. For meg er partivalet gjort på eit viktig grunnlag: Fridom for den einskilde. Høgre gjev ansvar for vekst og utvikling til alle samfunnsborgarar, utan å overlate dei svakaste til seg sjølv, fastslår Borghild.

## Draumen om legeyrket

Borghild vaks opp som einebarn i Ål. Hennar barndomsår er prega av 2. verdskrigen. Far hennar var tilsett ved NSB, og familien var mellom dei få som kosta på dottera høgare utdanning den gangen.
- Eg hadde lyst til å bli lege. Mor mi vart nok eit førebilete for meg, sjølv om ho la bort si oppgåve som sjukepleiar då ho fekk barn. Ho inspirerte likevel til å satse på helsevesenet, og eg jobba hardt for å få nok poeng til å koma inn på legestudiet. Då dei tre åra på Voss landsgymnas var til ende, sat eg att med eit einaste poeng for lite. Eg vart skuffa, men tok imot studieplassen ved farmasøytisk institutt. Det har eg aldri angra på, seier Borghild. Ho må likevel, med eit lite orsakande smil, vedstå seg at draumen om legeyrket aldri heilt vart borte.
- På ein måte vart draumen min vidareført og realisert gjennom yngste sonen min. Eg håpar og trur han aldri har kjent noko press, men vedgår gjerne at eg var ekstra stolt og glad over at han valde legeyrket, seier Borghild. Sjølv har ho trivest godt i stillinga som provisor ved Hallingdal Apotk, men mykje har endra seg på dei 30 åra ho har sett.

- Før arbeidde eg mykje meir med produksjon av medisinar. Vi har oppskrifter og framgangsmåtar for blanding av ulike medisinar, men i dag blir det meste laga av medisinfabrikkar. Ein og annan lege har kanskje sin hostesaft eller sin salve som skal lagast på apoteket, men det er svært lite slikt arbeid no. Vi lagar noko medisin for bruk på dyr, men arbeidet elles er mest kontroll. Mi oppgåve er å kontrollere kvaliteten på råvarer, sjekke reseptar, passe på at medisinen blir rett levert, og føre oversikter over apoteket sine leveransar, fortel provisoren. Ho har apotekar-kompetanse, men slik ordninga er blir kvart apotek styrt av berre ein apotekar. Borghild har hatt stor nytte av samarbeidet med sin sjef, apotekar Håkon Næss.
- Den siste tida har eg fått i oppdrag å reise omkring til institusjonar som tilsynsfarmasøyt. Det er svært inspirerande å få treffe sjukepleiarar og brukargrupper, meiner Borghild.

## Gleda i det heimlege

Borghild Viko fyller 60 år neste år. Ho meiner sjølv det er eit viktig skilje i livet. Pensjonsalderen er ikkje lenger så fjern, og Borghild Viko gler seg litt.
- Det er fint å få komme seg ut i arbeid, men det blir ikkje rett dersom folk ikkje klarer slå seg til ro heime. Eg gler meg over kvar stund her heime, og trivst med mine husmorsyslar. Eg steller blomane, heklar, pratar med katten og held huset i orden. Kanskje tek eg att noko for det eg har mista gjennom mange år i arbeid ute? Eg meiner i alle fall at har ein først bygd seg ein heim, må den største gleda vera å stelle og verne om den, seier Borghild, og veit ho kan verke «gamaldags».
- Ta vare på barna, og gje dei tid. Sats på heimane, så vil sosialbudsjetta, kriminalkostnadene og medisinbruken i framtida gå ned, seier provisoren med stor overbevisning.

**Borghild Viko veit å setje pris på selskapet i eit dyr, og skjemmer bort Puseliten med godsaker og kos.**

5659 Haga i Samnanger.                    08.12.89.

Gode russefelage!

Etter ein del funderingar har likesom eg og sett meg føre å skriva ein epistel til deg og „julehefte" ditt. Eg fylklyer ikkje nett livsløupet mitt er så einståande at det er verd å koma på trykk, men skal lagå, me må vel sjå på dette som eit slags „opplysningsskrift" blant venir.

Byrjinga brukar å koma først, så me får ta til der. Etter fullførd militærtenste seinhausten 1951 gjekk ferda til Universitetet i Bergen, der eg var i 3 år. Men som det ofte går vart det kjem jenter inn i biletet; eg gifta meg med Gullborg frå Stord. Som familie-forsytar skal ein helst ha noko å leva av, og for meg bar det ut i grunnskulen. (Dette med lærarykket har ei viss tyngd i vår familie. To av onklane mine og to av brørne mine har drive i same gesjeft.)

Som det ofte går med lærarane, det vert ein del flytting hit og dit. Slik og med oss. Men eg trivst blant ungdom, og etter nokre år, for eg til Oslo og tok lærarskulen der.

Hit til Samnanger kom me hausten 1960, og her har me vorte buande sidan. I 1972 flytta me inn i nybygd hus på Steinsland i Samnanger. Steinsland ligg på riktig side i bygda med sol heile året, - av det slaget som vert ei vestlandsbygd forunt.

Samnanger er ein heller liten kommune (ca. 2400 ib.) som ligg sentralt til på grensa til Stor-

Bergen. I køyretid med bil ca. 50 min. frå Bergen sentrum. Bygda ligg ved foten av fjella som fører opp til Kvamskogen, bergensarane sitt vinterparadis. Der er det skiløyper for ein kvar smak, rikeleg med skitrekk og slalåmløyper, - og omkring ligg det tusentals med hytter. Ønskjer du derimot å gå i teater eller ein konsert i Grieghallen, er det som sagt 50 min. i bilen så er du midt i Bergen by.

Her i denne bygda har eg, som du forstår, funne min plass på golvet i grunnskulen. Våren 1988 førte eg fram til eksamen dit 7. kullet av ungdomsskuleelevar (7.-9. året). Eg fann snart ut at nokon „papirarbeidar" var eg ikkje. Derimot fann eg min „leist" blant ungdom i skulestova. Derfor har eg med stor omhug unngått å klatra i hierarkiet.

Alle gode ting er tre, heiter det så fint. Me fekk tre born, to jenter og ein gut. Dei er alle vel framfødde og etablerte med familie og born - forutan den yngste -, som hittil berre har fått seg kone. Den eldste, som no er 33 år, driv som mor si i helsesektoren, og er no styrar for ein alders- og sjukeheim i Sogn. Den mellomste er cand. scient og jobbar i Norsk Hydro, medan yngstemann, som er 26 år, er siv. ing. frå NTH, og han har også jobb i Bergen.

Barneborn har me også vorte forunt, - 4 i talet i alderen frå 8 år og nedover til knapt eit halvt. Me er så heldige at avstanden mellom der borna bur og hit til oss, ikkje er så stor. Såleis får me ofte besøk hit, eller me fer ut på vitjing sjølve.

Det er jo besteforeldra si store fryd å sjå barneborna veksa opp.

For ein del år sidan bygde me oss ei hytte, eller sommarhus er kanskje det rettaste å seia. Det ligg attmed den blide Hardangerfjorden ikkje langt ifrå Gjermundshamn i Sunnhordland. Der har me eit sommarparadis ved sjøen 5 kvarters køyretur herifrå. Her har me båt og kan dra opp fisk til middagen, eller me kan slanga oss i sola på eit av dei mange svaberga. Badeplass har me óg, både for ungar og vaksne, så til og med besteforeldra vågar seg ut i sjøen av og til. Sjølvsagt er dette ein yndastad å vera i sommarshalvåret for heile familien.

Bygdepolitikken har eg så vidt vore innom ein tur. Men eg tykte ikkje det var noko „blivende sted." Det fekk klara seg med eit par periodar i kommunestyret og skulestyret.

Elles lever me eit roleg og godt liv her i bygda vår. Helsa har halde upåklageleg godt for både kona og meg. Me er begge i full jobb, og med hus og hage og sommarhus ved sjøen, så rekk me ikkje over meir. Familien skal også „pleiast" med besøk og gjenbesøk.

Ja, dette er nokre korte glimt av det som har hendt meg i dei snart 40 åra sidan me var russ på Vossevangen. Eg reknar med at „sensuren" vil klippa i stoffet, men det får så vera.

Med helsing Erling Aksdal.

%.

Nokon god historie frå skuletida kjem eg ikkje på i skrivande stund. Eg hugsar „stolhistorien" du nemner i brevet ditt. Men det eg hugsar vel, er ei „kjøle" eg sjølv gjorde:

Eg bruka vanlegvis å sykla til skulen heile vinteren. Dette var då i vårløysinga. Då bruka det å samla seg ein diger søledam, stor som eit stovegolv, i gata utanfor hjørna på Handelslaget. Kjem eg der syklande i halvmørket og oppdagar dammen for seint. Midtfjords vert sykkelen slått bort under meg, og eg deisa på rygg opp i elendet.

Eit kvarter for seint stiller eg i klasserommet for Knut Troland (franskfime.) Etter å ha høyrt på mi ynkverdige forteljing med tolmod (stor jubel i klassen), går han ein tur omkring meg der eg står, finn ut at eg er innsmurd med hestelort frå nakken til skohælane. Troland dreg på fliren, og bemerkar tørt: „Du fai gå heim å få noko tørt på deg." Eg var igrunnen einig.

P.S. Med atterhald om uforutsette ting som kan dukka opp, reknar eg med å kom til „den store festen."

Erling.

Sverre Hove
Haugerudhagan 68
0673 Oslo 6

Kjære russekameratar!

Eg har alltid stor respekt for folk med tiltak. Me skil ofte mellom dei med og dei utan! I dag er det 12. desember og Bjørg ringde meg den tiande.

Ein av grunnane til at det dreg ut med desse orda er vel mangel på interessant stoff om meg. Brevet frå Per skræmde meg. Han har opplevd så mangt.

Eg har også to søner, som i motsetning til hans, begge har vore i militærteneste - som faren. Men det høyrest jo nifst ut for ein fredeleg vestlending når ein snakkar om å læra å drepa sine medmenneske.

Dei er forresten ikkje ferdige med utdannainga, ein på NTH og den andre i Oslo, sosialøkonomi som faren utan at eg har overtalt han til det. Elles er eg gift med den same - utan at eg er lei for det. Ho er (jordmor, trønder) i full stilling, så det hender eg må setja på kaffikjelen sjølv.

Eg har arbeidd i Statistisk Sentralbyrå frå 1956, berre med kortare avbrekk, mellom anna eit par år i Austen for FN. I denne etaten har eg jobba med mange ting, Reknar meg sjølv som poteta - kan brukast til litt av kvart.

Me bur altså i Oslo, Bygde hus der i 1974, men reiser nokså mange gonger til hytta på Sørlandet. Har likevel aldri kome så langt at eg har sett innom lensmannskontoret på Tromøya! Det vert som regel kortaste vegen att og fram. (Har aldri fått fartsbot.)

Per ber om litt frå gymnasietida og nemner lektor Bråten. Tidene har endra seg innan skulen. Eg hugsar korleis me vart lærde opp til å helse på engelsklæraren vår. Me reiste oss og sa i kor: "Good morning, mr. - ". Det var litt vanskeleg å skjøna for våre ungar mens dei gjekk på gymnaset.

Elles er eg stort sett den same som då eg reiste frå Voss i 1950 ( nei, det må vel vera tull ). Det har blitt ein god del grå hår og vekta må eg kontrollera med visse mellomrom. Bortsett frå det har helsa og humøret vore bra heile tida.

Beste helsing til
Vossarussen 1950
[signature]

Brevet hadde like lita skrift som underskrifta. Difor har eg skreive det om. Vonar at eg ikkje har gjort for mange feil
Per

Per Tveit
Føreidsgt. 1

4890 GRIMSTAD

Stord, 9. desember 1989

Her er litt om korleis eg har hatt det, etter eg var ferdig på Voss.

Etter endt gymnastid stod militæret for tur. Eg kom inn i Tysklandsbrigaden, 511 og hadde ei lærerik og kjekk tid der. Eg var noko i stuss om yrkesval, men det vart då til at eg byrja på Statens Gym. skole i Oslo i 1953. Året etter tok eg til på Stord Lærarhøgskule, delt opplæring, dvs. eitt år på skulen, eitt år ute i praksis, eg var då i Moss, og så siste året på skulen igjen. Eg tykte det var ei svært grei ordning. Eg var ferdig med lærarskulen i 1956. Eg tok då eitt år i Odda barneskule. Eg tykte der vart noko innestengd og drog ut til luftigare strøk, Haugesund. Der var eg i 3 år og flytte i 1960 til heimstaden min, Stord. Her har eg vore ved Leirvik barneskule i snart 30 år, gode år, men noko strevsamt mot slutten. Eg har hatt svært god helse, men strevar no med høgt blodtrykk og har gitt meg i læraryrket.

Eg gifta meg i 1958 med Gunborg Vevatne frå Etne, og me har 3 kjekke born. Atle, fødd i 1960, teleoperatør i Nordsjøen. Han har bygd seg hus her på Leirvik. Dei har 2 småjenter,og me kosar oss med å ha barnebarna så nær oss. Helga vart fødd i 1964. Ho er sosionom og har arbeid i Stavanger. I 1967 fekk me Øystein. Etter endt militærteneste i Nord-Norge er han no på universitetet i Bergen.

Me bygde oss hus på Leirvik i 1961, og på Tittelsnes, 40 minuttars gonge med snekke, har me hytte like ved sjøen. Der storkosar me oss med grønsakdyrking og fiske som fine hobbyar.

Med helsing

Einar Nygård

Adresseliste for Vossaruss 1950

Lektor Olav Aalerust, Halvardsgt 19 ,2300 Hamar, 065-25260
Ing. Gunnleiv Aardal, Nåkkves vei 1, 0670 Oslo 6, 02-273729
Kontorleiar Sverre Aas, Slottsbrog. 52, 3900 Porsgrunn, 03-552576
Tannlækjar Sverre Alsos, Strandodden, 8300 Svolvær, 088-71084
Skulestyrar Bjarne Asheim, Boks 1014 Flattum, 3501 Hønefoss, 067-32289
Helsesyster Aaslaug Asheim,(Aarhus),Løkenåsen Haug, 3500 Hønefoss, 067-32289
Lensmann Fridtjof Bakkegaard, Simonstø Tromøy, 4818 Færvik, 041-85770
Bibliotekar Ingebjørg Belsaas,(Nestaas),Vådan, 7000 Trondheim, 07-559603
Tannlækjar Nils Bergo, Rogne, 5700 Voss, Telf 05-511916, Priv 05-511052
Adjunkt Ingerid Berntsen,(Molstadkvern), V. Greverud ter. 14A,
1415 Oppegård,02-993364
Mari Framnes Bjørge, 5774 Lofthus, 054-61365
Lærar Nils T Borlaug, Buergrend 22a, 3200 Sandefjord
Ing. Erling Bratland, Londalen 25, 5230 Espeland Telf 05225310 Priv 05242057
Avdelingssjef h. v. Einar Brusletto, Hellerudvn. 127, 0687 Oslo 6, 02-262394
Adm. dir. Bjørn Dølven, Korpeliveien 18, 3900 Porsgrunn, 03-510326
Rektor Arne Eide, Jotunvn. 52, 1412 Sofiemyr, 02-809651
Logoped Gudrun Eiken,(Hansen), Stølsveien 2, 5200 Os, 05-301156
Trafikkflygar Sverre Eimstad, Tollefsløkka 49, 1370 Asker, 02-783435
Rektor h. v. Per Engene, Valen, 3800 Bø i Telemark, 03-951244
Bestyrar Inger Fjærtoft,(Askeland),Trøavegen 14, 7700 Steinkjer, 077-61384
Fylkeslækjar Edvard Fjærtoft, Trøavegen 14, 7700 Steinkjær, 077-61384
Veterinær Harald Fjøsne, Kleiverudv. 97, 3080 Holmestrand, 038-56344
Farmasøyt Eli Gjerde,(Ringheim),Nedre Mølster 22, 5700 Voss, 05-511309
Veterinær Håkon Gjerstad, Hjelms v 13, 5032 Minde, 05-291138
Cand. oecon. Olaf Gunntveit, Eftasåsen 44, 0687 Oslo 6, 02-260462
Lærar Ingeborg Halderaker,(Årsteinsen),5420 Rubbestadneset, 054-27245
Lærar Ole Andreas Halleråker, Symreveien 7, 4350 Nærbø, 04-433372
Professor Olav Helgeland, Austre Steinsvikåsen 23, 5060 Søreidgrend,05-131262
Sjukepleiar Lidvor Ryste Helthe, Kårstadveien 13, 6100 Volda, 070-78825
Undervisningsinspektør Olav Hole, Sundve, 5713 Vossestrand, 05-522413
Fagdirektør Sverre Hove, Haugerudhagan 68, 0673 Oslo 6, 02-322512
Lærar Gerd Berit Høylo, C. Sundsgt 52, 5004 Bergen, 05-326937
Provisor Marie Johannesen,(Tomassen),Tyttebærveien 5, 9500 Alta, 084-36754
Direktør Magne Kaldestad, Øvre Våganeset 12, 5083 Øvre Ervik, 05-182190
Inspektør Kristian T Knutsen, Strømsveien 12, 1652 Torp, 09-345881
Lærar Jorunn Kristiansen,(Hus),Krokstien 5D, 1720 Greåker, 09-143485
Siv. ing. Ole M. Kvalvaag, Nes Terrasse 15A, 1360 Nesbru, 02-849188
Major Torstein Kvamme, Løvåsbakken 3, 2830 Raufoss, 061-91388
Lærar h. v. Einar Kyvik, Holev. 3, 5400 Stord, 054-12607
Adjunkt Ingebjørg Lidal,(Døskeland),Rutlinslid 9, 5800 Sogndal 057-71146
Hotelreseptionist Bjørg Liland,(Vindal),Hangursvegen 40, 5700 Voss 05-510227
Rådgjevar Aasmund Ljønes, 2859 Nordre Toten, 061-68111
Trafikklærar Bodil Lund,(Steffensen),Innherredsv.82,7500 Stjørdal, 07-824664
Tekstiling. Kristian Matthiessen, Storheia 28, 5046 Rådal, 05-131786
Ing. Nils Neset (Landro), Tonafjellet 18, 5355 Knarrevik, 05-331246
Misjonsprest Bjørn Vidar Mehus, Ingolf Ruuds v 4B, 1265 Oslo 12, 02-616490
Sjefingeniør Ivar Mo, Sørli Terasse 36, 1473 Skårer, 02-701729
Ing. Andreas Myklebust, Sundalsveien 23, 6600 Sundalsøra, 073-91757
Kristian Nyhus, 15931-78 Ave. Edmunton, Alberta, Canada T5R3E2, (403)487-1450
Handelskvinne Valborg Nå,(Haugetun),5776, Nå 054-62179
Sivilingeniør Kristian Oaland, Mosvoldveien 69, 4500 Farsund, 043-90695
Kari Hildegunn Opedal,(Svartveit),Wildenveybakken 10, 0765 Oslo 7, 02-141233
Lærar Solrunn Oppheim,(Gurvin),3579 Torpo, 067-83177
Gunnhild Rime,(Bråten),Trondhjemsvn 45c, 2800 Gjøvik, 061-71814
Ped. kons. Magnus Saltnes, 5590 Etne, 04-755936
Adjunkt Ingrid Madland Schelderup, Nils Abelsgt 7, 4012 Stavanger, 04-527313
Branntakstbest. Nils Seim, Folkvordveien, 4300 Sandnes, 04-661799
Lærar Gunnvor Bøyum Sekse, 5633 Mundheim, 05-554755
Sigurd Selheim, Øyordsåsen 3, 5035 Bergen-Sandviken, 05-951047
Skulesjef Jostein Sie, Opalveien 3, 4875 Nedenes, 043-94954
Lærar Anne Solbakken,(Grøthe),Frøyas v.23, 3200 Sandefjord, 034-65049
Sjukepleiar Kari Solberg,(Gjerstad),Ullevålsveien 55, 0171 Oslo, 02-467401
Adjunkt Trygve Solstad, Nedre Mølster 31, 5700 Voss, 05-513463
Oberst I h. v. Konrad Spilde, Spildepollen, 5395 Steinsland, 05-337214
Solveig (Kris) Stein, (Grøndahl), 21723 Shadyspring, Rd 36C Castro Valley,
California 94546
Driftssjef Olav Norvald Stevik, Løhaugv 4, 7700 Steinkjer 077-62681
Johanne (Vesla) Stølen,(Breien),Holbergsv. 9, 1412 Sofiemyr, 02-809275
Lærar Elfrid Refsdal Søvold, Eikekroken 7, 2020 Skedsmokorset, 06-876790
Ing. Erik Tvedten, Sandbrekko 18, 5400 Stord, 054-10086
Dosent Per Tveit, Føreidsgt 1, 4890 Grimstad, 041-44036
Fyrstekonsulent Arthur Tømmerbakke, Ullevålsveien 102B, 0451 Oslo 4,02-607992
Rektor Svein Underdal, Lars Tønsagers v 3, 2080 Eidsvoll, 06-964042
Avdelingssykepleier Helga Utne,Modum Nervesanatorium,3370Vikersund 03-784481
Provisor Borghild Viko,(Lie),Sentrumsv. 36, 3550, Gol 067-74846
Lærar Erling Øvstedal, Steinsland, 5659, Haga 05-586455